




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsrapport 2013



Innhold

Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar	4
Sogn og Fjordane fylkeskommune	6
Rekneskapen 2013	10
Året 2013	16
Slik fylkesrådmannen ser det	17
Jubileumsåret 2013	22
Ulukkesåret 2013	24
Innbyggerane møter fylkeskommunen	25
Internasjonalt arbeid	26
Klima og miljø	27
Kultur	30
Opplæring	36
Plan og næring	41
Samferdsle	52
Den offentlege tannhelsetenesta	60
Bygg og eigedom	62
Det indre liv	64
Arbeidsgjevarområdet	65
Likestilling, likeverd og mangfald	68
Forvaltningsrevisjon og internkontroll	73
Verdigrunnlaget	75
Målekart	76

Fylkeskommunen

- organisasjon og ressursar





Steinbru ved Markane i Stryn. Dette biletet kom på delt andreplass i fotokonkurransen "Kulturminne i Sogn og Fjordane" i 2013. Konkurransen var eit samarbeid mellom prosjektet Lokale kulturminneplanar og fylkesjubileet. Foto: Jeanette Løvoll.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet til fylkeskommunen. Vi har 14 vidaregåande skular med plass til vel 4500 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i samband med fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er den største vegeigaren i fylket med totalt 2575 km fylkesveg. Statens vegvesen har det vegfaglege ansvaret for fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskort er døme på slike.


Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming er viktige omsyn her.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Visamarbeider tett med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper klientell. Det er 31 tannklinikkar i Sogn og Fjordane. Tre av desse er omreisande klinikkar.

Politisk organisering


Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 39 medlemmer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.



Kart 1: Politisk organisering.

Administrativ organisering

Hovudrolla til sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er å vere politisk sekretariat. Hovudoppgåvene er drift, forvaltning og utvikling. Kart 1 og 2 viser den politiske og den administrative organiseringa av fylkeskommunen.



Kart 2: Administrativ organisering.

Inntekter og utgifter i 2013 og utviklinga i dei siste åra

Fylkeskommunen har ei inntektsside på knapt 4,5 mrd. kr samla. Dette omfattar både drifts- og finansieringsinntekter. Skatt og rammetilskot utgjør om lag halvparten av dei samla inntektene og er på om lag 2,2 mrd. kr. Sektorinntekter utgjør om lag 820 mill. kr. og auka mykje i 2013. Det skuldast i hovudsak auka kompensasjon for meirverdiavgift. Lokale inntekter var i 2013 på 317 mill. kr. Desse inntektene har variert ein del grunna svingingar i utbyte. Auken i finansielle postar frå 2012 til 2013 skuldast i stor grad at fylkeskommunen har nytta tidlegare avsetningar. På utgiftssida er dei to store sektorane opplæringssektoren (1083 mill. kr) og samferdsle (1090 mill. kr).


Inntekter	i mill. kr
Skatt og rammetilskot	2166
Lokale inntekter	132
Bruk av lån	317
Sektorinntekter	825
Finansielle postar	967

Tabell 1: Samla årlege inntekter, i mill. kr, 2013.

Brutto utgifter	i mill. kr
Forvaltning	188
Opplæring	1083
Tannhelse	122
Plan og næring	296
Kultur	180
Samferdsle	1890
Finansutgifter	650


Tabell 2: Brutto drifts- og investeringsutgifter, i mill kr, 2013.

2013



Figur 1: Brutto drifts- og investeringsutgifter i 2013 i mill. kr.

2013



Figur 2: Samla årlege inntekter i 2013, i mill. kr.

	2011	2012	2013
Skatt og rammetilskot	1967,9	2171,5	2166,3
Lokale inntekter	136,2	93,6	131,8
Bruk av lån	282,3	492,3	316,7
Sektorinntekter	670,1	628,1	824,9
Finansielle postar	788	603	966,5
	3844,5	3988,5	4406,2

Tabell 3: Samla årlege inntekter for åra 2011-2013, i mill. kr.

	2011	2012	2013
Forvaltning	181,2	190,2	188
Opplæring	1077,6	1008,2	1082,9
Tannhelse	104,3	111,8	121,5
Plan og næring	272,4	234,2	292,5
Kultur	171,5	164,9	180,8
Samferdsle	1616,2	1819	1890,2
Finansutgifter	422,6	460,4	650,4
	3845,8	3988,7	4406,3

Tabell 4: Brutto drifts- og investeringsutgifter 2011-2013, i mill kr.

KOSTRA-TAL FOR 2013

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit utgiftsbehov som ligg om lag 60 prosent over landsgjennomsnittet. Dette vert kompensert gjennom rammetilskotet frå staten. Det forklarar også kvifor vi i KOSTRA-statistikken kjem ut med eit relativt høgt utgiftsnivå pr. innbyggjar på dei fleste område, samanlikna med landsgjennomsnittet.

	Sogn og Fjordane 2013	Landsgjennomsnitt	Avvik frå landsgj.snitt i prosent 2013
Kultur	516	293	76
Tannhelsetenesta	707	459	54
Samferdsle	8266	3544	133
Vidaregåande opplæring	7785	6037	29
Administrativ styring og kontroll	1092	660	65

Tabell 5: Tal på kostra, netto driftsutgifter pr. innbyggjar, avvik i prosent frå landsgjennomsnittet, 2013.


Som vi ser av tabellen over, ligg utgiftene pr. innbyggjar i dei aktuelle sektorane til dels godt over landsgjennomsnittet: frå 29 prosent på vidaregåande opplæring til 133 prosent på samferdsle. Avvika frå landsgjennomsnittet har vore relativt stabile for alle sektorane dei siste åra.

Rekneskapen 2013

NETTO DRIFTSRESULTAT

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2013 er 45,5 mill. kr. Dei to føregåande åra var overskotet på 30,7 mill. kr og 50,5 mill. kr. Fylkeskommunen har i tillegg i 2013 sett av 114,4 mill. kr til fond i samsvar med regelverket - 29,4 mill. kr meir enn budsjettert.

Korrigert netto driftsresultat



Figur 3: Korrigert netto driftsresultat 2010-2013.

DRIFTSREKNESKAPEN

Fellesinntekter og -utgifter

Fellesinntekter og -utgifter er i stor grad er «ikkje styrbare»-budsjettpostar - såkalla anslagsløyvingar. Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjelda til fylkeskommunen og utgjorde 2,2 mrd. kr i 2013. Vi har ei meirinntekt på denne posten på om lag fem mill. kr. Det skuldast at fylkesskatten på nasjonalt nivå vart betre enn rekna med i revidert nasjonalbudsjett.

Vi konstaterer vidare at sal av konsesjonskraft kjem ut med fem mill. kr meir enn i revidert budsjett for 2013. Dette skuldast i all hovudsak at kostnadane ved innmating av konsesjonskrafta vart i snitt eitt øre/kwh lægre enn føreset.

Netto kapitalkostnader viser ei innsparing på om lag to mill. kr og skuldast reduserte renteutgifter og betre avkastning enn budsjettert. I tillegg viser rekneskapen ei samla innsparing på om lag fire mill. kr i samband med avsettingane til pensjon og lønsoppgjer.

Hovudtala (mill. kr)	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik
Fylkesskatt/utjamning	546,0	572,1	567,4	-4,6
Rammetilskot	1625,5	1594,3	1594,3	0,0
Lokale inntekter	93,6	131,8	126,9	-4,9
Andre generelle statstilskot	96,8	109,8	109,7	-0,1
Kapitalinntekter/-utgifter	-97,4	-119,6	-121,5	-1,9
Aksjar og utlån	-0,8	0,3	-	-0,3
Premieavvik/ufordelte kostnader	1,7	-4,2	-8,5	-4,4
Interne transaksjonar	-1,5	-21,0	-21,0	0,0
Mva. investering - ikkje overf. inv	0,7	-	-	0,0
Sum fellesinnt og -utg (skjema 1A)	2264,5	2263,6	2247,4	
Forvaltning	-164,8	-118,0	-126,9	-8,9
Opplæring	-762,6	-795,3	-804,1	-8,8
Tannhelse	-75,3	-80,9	-81,0	-0,1
Regional utvikling	-120,9	-137,2	-138,85	-1,3
Kultur	-62,9	-79,3	-80,1	-0,8
Samferdsle	-1027,4	-1007,3	-1016,7	-9,4
SUM sektorar skjema 1B9)	-2214,0	-2218,1	-2247,4	
Overskot		45,5	-	

Tabell 6: Hovudtala i driftsrekneskapen 2012 og 2013, i mill. kr.

Sektorane

Når det gjeld tenesteytinga i eigen regi, har det offentlege som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjettdisiplin, vert ein konsekvens at ikkje alle budsjettpostane vert fullt ut nytta. Vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd er. Det vil gje mindre innsparingar på ein god del styrbare postar. Dette er ein av hovudforklaringane på at vi kjem ut med ei netto innsparing på 29,4 mill. kr på sektornivå i 2013. Sektornivået i fylkeskommunen har samla brutto utgifter på vel 2,2 mrd. kr. Sett under eitt, er det såleis ei budsjettgjennomføring på nær 99 prosent.

Samferdslesektoren hadde eit samla netto mindreforbruk i 2013 på om lag 9,5 mill. kr. Innsparingane kjem i hovudsak på kollektivsida. Fylkesvegane har resultatoverføring og får såleis med seg ubrukte midlar over til 2014.

Samferdslesektoren er i ferd med å legge om til eit regime med store anbudskontraktar både på buss og båt og med eit fylkeskommunalt ansvar for passasjerinntekter direkte inn i eigen rekneskap. 2013 er det første året der dette slår inn med full tyngde. God kontraktoppfølging og manglande erfaringsgrunnlag for fastsetting av inntektsnivået kan forklare mykje av innsparingane i 2013. Der det er grunnlag for å justere tala, gjer vi det løpande. Deler av dette er det alt teke omsyn til i budsjettet for 2014.

Opplæringssektoren hadde i 2013 eit samla netto mindreforbruk på om lag 8,5 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er ufordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane, organisasjon og personalutvikling, omstillingsmidlar for pedagogisk personale og gratis læremiddel/pc-ordning. Dei vidaregåande skulane brukte om lag fire mill. kr meir enn budsjettløyvinga i 2013. Dette vart dekkja inn ved bruk av oppsparte midlar gjennom resultatoverføringsordninga. Det var også eit meirforbruk knytt til tilskot til lærebedrifter med om lag tre mill. kr.

I opplæringssektoren har året 2013 vore prega av arbeidet med skulebruksplanen. Planen skal sikre forsvarleg ressursutnytting i åra som kjem. Det har difor vore noko mindre merksemd på gjennomføring av tiltak som låg på sida av denne prosessen, og det kan vere grunnen til at nokre postar viser mindreforbruk.

Forvaltningssektoren står for om lag 9,3 mill. kr av innsparinga. Dei største postane her er eit mindreforbruk på hovudutvala til disposisjon på 2 mill. kr, meirinntekter/mindreforbruk på tenesteeiningane på 3,2 mill. kr, eit mindreforbruk på drift av avdelingar og stab på 2,4 mill. kr, eit mindreforbruk på bedriftshelsetenesta på 1 mill. kr og administrasjonsbygningar på 1,5 mill. kr. Det er også registrert eit meirforbruk på drift av hovudutvala på 0,8 mill. kr. Av den samla innsparinga på forvaltning, kan omlag tre mill. kr knytast til løn og drift av sentraladministrasjonen.

Dei andre sektorane har mindre avvik som i sum utgjer 2,2 mill. kr i netto innsparingar.

Kultursektoren har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr.

Plan og næring har eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr.

Tannhelsetenesta har resultatføringsordning og får med resultatet sitt over til 2014.

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Hovudtala (mill. kr)	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik
Forvaltning	13,8	6,5	6,2	-0,3
Opplæring	50,1	89,3	118,6	29,3
Tannhelse	4,6	5,6	4,5	-1,1
Kultur	18,5	4,9	11,7	6,8
Samferdsle*	690,0	705,5	723,8	18,3
Sum investering anleggsmiddel	777,0	811,7	864,8	53,1
Finansieringsutgifter	4,1	3,1	1,517	-1,6
Sektorvise inntekter	75,6	145,1	130,6	-14,5
Sum finansieringsbehov	705,4	669,7	735,8	66,1
Finansiering:				
Lån	492,3	316,7	351,1	34,4
Overført driftsrekneskapen	205,4	284,8	317,0	32,2
Bruk fond	7,7	68,2	67,7	-0,5
Sum finansiering	705,4	669,7	735,8	66,1

Tabell 7: Hovudtala i investeringsrekneskapen 2012 og 2013, i mill. kr.

* 2013-tala er inkl. 92,4 mill. kr tilbakebetalt til Årdal kommune på grunn av forskottering, finansiert via rassikringsmidlar.

Som tabellen viser investerte fylkeskommunen i 2013 for 811,7 mill. kr. Tilsvarande tal i 2012 var 777 mill. kr. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 6,5 mill. kr til forvaltning
- 89,3 mill. kr til opplæring
- 5,6 mill. kr til tannhelse
- 4,9 mill. kr til kultur
- 705,5 mill. kr til samferdsle

Avvika i budsjettet skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringane av investeringane.

Etter fråtrekk av sektorvise inntekter er det samla finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen 669,7 mill. kr. Av dette er 316,7 mill. kr lån, 68,1 mill. kr bruk av avsette fond, og 284,9 mill. kr overført frå driftsrekneskapen.


BALANSE

Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen auka med 324 mill. kr til 2300 mill. kr i 2013. Den store auken i lånegjelda er i hovudsak knytt til veginvesteringar. Særskilt for auken i 2013 var endra rekneskapsføring av forskotterte vegmidlar på 129,3 mill. kr, som i 2013 var rekneskapsførte som lån. Tyngda av desse låna (Gullringen i Luster 121,3 mill. kr) vil bli dekte av rasmidlar ved tilbakebetaling. Avdragsutgiftene er på 88,2 mill. kr.

Lånegjelda til fylkeskommunen utgjer om lag 21 110 kr pr. innbyggjar - ein vekst på 2941 kr pr. innbyggjar samanlikna med året før. Landsgjennomsnittet (for fylkeskommunane) ligg på 10 031 kr pr. innbyggjar. Målt i lånegjeld i prosent av driftsinntektene ligg no fylkeskommunen over gjennomsnittet for landet. Vår gjeldsbelastning i høve denne indikatoren er framleis på veg opp, medan landet elles har vist ein nedgang dei siste åra.


Lånegjeld pr innbyggjar



Figur 4: Lånegjeld pr. innbyggjar 2010-2013, i løpande kr. Sogn og Fjordane og gjennomsnitt for landet.

Evna vår til å handtere lånegjelda, kan uttrykkast gjennom indikatoren rente- og avdragsbelastning i prosent av driftsinntekter. Målt etter denne indikatoren er rente- og avdragsbelastninga om lag som landsgjennomsnittet for fylkeskommunane.

Kapitalutgifter i % av driftsinntekter



Figur 5: Kapitalutgifter i prosent av driftsinntekter 2010-2013, i løpande kr. Sogn og Fjordane og gjennomsnitt for landet.

Disposisjonsfond

Avsette disposisjonsfond har vore stabilt høge over fleire år. Hovudgrunnen til dette er at fylkeskommunen har vedteke å ha eit bufferfond på minimum 70 mill. kr som sikring mot framtidige endringar i rammeføresetnadane.


Disponible disposisjonsfond utover dette nivået er i hovudsak budsjettert brukt i komande økonomiplanperiode.

Disposisjonsfond utgjer 3500 kr pr. innbyggjar medan gjennomsnittet for fylkeskommunane ligg på 930 kr.

Rekneskapsmessig resultat

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i meldingsperioden gått med rekneskapsmessig overskot i alle år. For 2013 er overskotet på 45 mill. kr og samla 154 mill. kr for dei fire siste åra. I all hovudsak har rekneskapsresultatet vorte kanaliserte mot bufferfondet og vidare disponerte gjennom dei årlege budsjettprosessane.

Rekneskapsresultat



Figur 6: Rekneskapsresultatet 2010-2013, i mill. kr.

Ungdomspolitisk utval arrangerer kvart år fylkesting for ungdom. I 2013 var ungdomar frå 20 kommunar samla på ungdomstinget på Skei. Foto: Jenny Magnusson.



Året 2013

Fylkesjubileet vart feira over heile fylket i 2013. Den store bursdagsfesten gjekk av stabelen på Leikanger 19. september, med blant anna folketog og kulturfest. Foto: Birthe Johanne Finstad.



Slik fylkesrådmannen ser det

2013 vil bli hugsa som året der fylket fylte 250 år, og året der ulukkene og tragediane råka oss.

250-årsjubileet vart markert gjennom heile 2013. Eg trur vi kom godt ut av dette, særleg fordi vi kopla det historiske perspektivet til ungdomsmarkeringar og framtidstru. Det heile toppa seg i jubileumsveka i september, med flotte arrangement fleire stader i fylket.

Av ulukkene og tragediane vil fleire bli hugsa. Uvanleg mange trafikkulukker der menneskeliv gjekk tapt, var ein kategori, drapa på rutebussen i Årdal ein annan og katastrofane i Gudvangatunnelen og på Lærdalsøyri – sistnemnde litt inn i 2014 – ein tredje. Alle desse viser kor viktig det er at den statlege justis- og beredskapssektoren må leggje stor vekt på lokal handlekraft, og at lokale styresmakter følgjer opp innan trafikktrygging, legevakt og alarm-, brann- og redningstenestene.

DEN REGIONALE UTVIKLINGA

Då eg kom til fylket i 1982, las eg som ung planleggjar at her var det relativt mange eldre. Og eg tenkte at fylket difor ville ha ei yngre befolkning om nokre år. Men etterkvart har eg skjönt at slik er det ikkje. Eit fylke som Sogn og Fjordane vil alltid ha mange barn og unge, relativt få i den store gruppa (unge) yrkesaktive og relativt mange godt vaksne og eldre. Gode levekår i fylket og eit sentraliserande utdanningssamfunn skapar og forsterkar slike karaktertrekk.

I 2013 nådde folketalet vårt ei ny høgd (108 965), og det er framleis innvandringa som ber veksten. Det fortel kor viktig det er at innvandrargruppene vert godt mottekne. Det er elles gledeleg at «nettolekkasjen» til andre landsdelar gjekk ned.

Igjen ser vi at veksten ikkje fordeler seg jamt; 13 kommunar opp og 13 kommunar ned byrjar å bli «som normalt». Senterkommunane Sogndal, Førde og Flora veks, og naboar som Naustdal og Luster viser også gode tal. Kommunar med større avstand til senterkommunane opplever nedgang.

Nye folketalsprognosar viser at vi vil vere 110 000 innbyggjarar i 2015 og 115 000 i 2024. Heile veksten kjem i gruppa over 60 år. Dette siste vert lagt stor vekt på, men er eigentleg ikkje så spesielt. Den omtalte eldrebølgja nærmar seg nemleg – både på landsbasis og over heile Europa. Den regionale planstrategien seier at vi har som overordna mål å ha 112 000 innbyggjarar i 2016. Dette målet ligg noko over nemnde prognose, og det står att å sjå om målsettinga vår har vore litt for ambisiøs.



Fylkesrådmann Tore Eriksen. Foto: Oskar Andersen.

STATEN OG FYLKESKOMMUNEN - I FYLKET

Det skjer framleis ei sterk sentralisering i landet vårt. Ein viktig drivar i så måte er staten sjølv. Berre eit fåtal statsetatar finst i dag i same form som for nokre år sidan. Dersom vi ser bort frå statlege aksjeselskap og føretak, har veksten i statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane vore under 7 prosent etter år 2000. I landet har veksten vore over 14 prosent og i Oslo åleine over 21 prosent.

Tal frå Vestlandsrådet viser at Hordaland har like mange statlege arbeidsplassar som folketalet tilseier. Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, som i sum har 16,3 prosent av folketalet, har berre 10,9 prosent av staten si samla verksemd. Oslo har for sin del 12,2 prosent av folketalet og 24,6 prosent av arbeidsplassane i staten.

For fylkeskommunen sin del har administrasjonen gjort ei fordeling av den samla aktiviteten vår på kommunane i fylket (2012). Det biletet dette teiknar, er at fylkeskommunen nyttar - naturleg nok - mest pengar i absolutte tal i dei største sentra; Førde, Sogndal og Flora. Men ser vi på kostnader pr. innbyggjar i kommunane, er det Solund som «nyter» mest av dei fylkeskommunale kronene det året. Også Leikanger, Aurland og Gulen ligg i den «beste» delen av denne fordelinga.

REGIONAL PLANLEGGING

Vi avslutta i 2013 fleire regionale planprosessar forankra i den regionale planstrategien av 2012. Det gjeld skulebruksplanen, Regional transportplan og Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I tillegg arbeidde vi mykje med verdiskapingsplanen, som vert avslutta i 2014. Arbeidet med Regional plan for folkehelse er så vidt starta opp.

SKULEBRUKSPLANEN

Det politiske oppdraget om skulebruksplanen vart gitt i april 2012, og prosessen vart gjennomført som føresett. Det eg hugsar best var det store engasjementet i fylket, det gode samarbeidet med politisk side i fylkeskommunen, og at både skulestrukturen og arbeidsdelinga mellom skulane vart grundig handsama. Eg merkar meg at resultat og gjennomføring i vidaregåande opplæring viser at kvaliteten i opplæringa har hatt prioritet, samstundes som alle nivå i opplæringssektoren har gjennomført eit krevjande arbeid.

Fylkestinget korta planen frå 8-12 år til 4 år. Den kanskje viktigaste «suksessfaktoren» var at alle forstod at noko måtte gjerast - rett og slett fordi elevtalet vil gå ned.

Oppfølginga av skulebruksplanen er godt i gang:

- Mange skular får andre utdanningsprogram.
- Hordalandsavtalen vert vidareført.
- Det vert stilt krav til kapasitetsutnyttinga ved skulane.
- Det vert bygd nytt ved Øyrane (Førde og Mo) og Hafstad vidaregåande skular.
- Det vert bygd om ved Eid, Måløy, Øyrane, Stryn, Firda, Dale og Høyanger vidaregåande skular.
- Luster vidaregåande skule og avdelinga i Jølster (Vassenden) vert avvikla.
- I Høyanger startar eit to-årig prosjekt for utprøving av eit 13-årig utdanningsløp.
- I Sogndal er det gjort oppfølgingsvedtak om eit byggjeste II, og ved årsskiftet 2013/14 vart det innleia ein prosess for å få seld allmennfagbygget. Målet er at både fylkeskommunen og Høgskulen i Sogn og Fjordane skal få samla aktivitetane sine på Fosshaugane Campus.

Den vidare utviklinga av skuletilbodet skal skje med basis i vala til elevane, og ved at skulane utviklar og fornyar tilboda sine. Fylkeskommunen har sett av vesentlege beløp til omstillingstiltak for overtalige.

SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE

Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) vart som landsline ikkje handsama i skulebruksplanen. Utfordringa her er svake søkjartal, få rettseivar og statleg underfinansiering. Fylkesutvalet vedtok ut frå dette å få kartlagt om stat, kommune og eventuelt andre er villige til å vere med å delfinansiere både investeringar og drift. Arbeidet med tilhøyrande oppfølging starta før årsskiftet 2013/14, og fylkestinget må i 2014 ta stilling til framtida for skulen.

REGIONAL TRANSPORTPLAN

Også arbeidet med Regional transportplan utløyste stort engasjement. Innleiingsvis var det semje om å prioritere

- lovpålagde oppgåver/kontraktfesta bindingar
- vedlikehald av vegnettet
- mindre investeringar
- utvida kollektivtilbod
- særskilde utgreiingar framføre store investeringstiltak

Ei slik prioritering er alltid utfordrande. Slik vart det nok også denne gongen. På ein måte blir det ein debatt om det er rett at dei som alt har veg, skal få meir midlar enn dei som ikkje har veg.

I fylkestingsvedtaket ligg det investeringar for 2015-17 på 139 mill. kr pr. år. Det vil kunne utløyse maksimal rentekompensasjon. Det største anlegget er fv. 60 Uгла-Skarstein, som skal kome «tidlegast mogleg i planperioden». Fylkestinget bør balansere bruken av rentekompensasjon mot evna til å betene eiga gjeld. Viss dette ikkje skjer, vil erkjenninga av å ha levd på forskot melde seg - før eller sidan.

VEITASTRONDSVEGEN OG FØRDEPAKKEN

Veitastrondsvegen og Førdepakken illustrerer breidda i vegengasjementet vårt. Med vedtaket om Veitastrondsvegen går det mot fullføring av eitt av dei verkeleg store rassikringstiltaka i fylket vårt. I andre enden av skalaen ligg vedtaket om å ta del i spleiselaget Førdepakken og å gje lånegaranti for bompengeselskapet. Samla investeringar i Førde vil bli på 1500 mill. kr, og av dette vil 500-600 mill. kr kome på fylkesvegane. Utbygginga vil ta åtte år og innkrevjingstida elleve år. Førdepakken vert ei viktig brikke i arbeidet med å utvikle fylkessenteret vårt.

ANBOD - SAMFERDSLE OG VEG

I 2013 lyste vi ut bussrutene i Nordfjord, og her vann Firda Billag Buss AS i konkurranse med to andre selskap. Kontrakten startar i juni 2014, gjeld i åtte år, pluss inntil to år. Seinare skal bussrutene i Sunnfjord (frå 2016) og Sogn (frå 2017) også ut på anbod.

Også i ferjedrifta står vi føre eit større anbod. I 2013 vedtok fylkestinget å lyse ut fem samband. Desse skal vere i drift med nye avtalar frå 2016-18/19. Lange byggetider og store investeringar krev at alle anbod må lysast ut fleire år før oppstart.

Då vi ikkje har operativt tilsette innan samferdsle og veg, må alle nye kontraktar kome til gjennom lovheimla anbod. Slike prosessar skal bidra til effektiv bruk av offentlege midlar. Ein føresetnad her er at staten syter for konkurranse i marknaden. På fleire område ser vi no tendensar til at tal tilbydarar går ned. Det er ikkje samfunnsøkonomisk tenleg. Mange anbod utløyser dessutan konflikt mellom bestillar og tilbydar. Det er viktig at dei kostnadane som følgjer av dette vert sette i samanheng med dei innsparingane det er mogleg å oppnå. Også fylkeskommunen står for tida oppe i vanskelege saker. I 2013 merka vi dette både når det gjeld snøggåtdrifta og Dalsfjordbrua.

PLAN FOR FYSISK AKTIVITET

Fylkestinget vedtok i 2013 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Sjølv om denne kom litt i skuggen av både skulebruksplanen og transportplanen, er det også her mange som har store forventningar. Eg trur noko av det viktigaste på dette planområdet, er at vi sikrar god balanse mellom ulike aldersgrupper, mellom kvinner og menn, og mellom tiltak som femner breitt og smalt.

KLIMA- OG MILJØPLANEN

Fylkestinget vedtok i 2013 nytt handlingsprogram til Fylkesdelplan for klima og miljø. Dette inneheld no ei rekke tiltak vi bør vurdere i anna planarbeid, inkludert dei årlege budsjetta. Programmet viser òg kva tiltak kommunane kan velje å nytte. Utsleppsreduksjonar, klimatilpassing og forskning får brei omtale. Mange tiltak kan gjennomførast utan store kostnader. Det skal bli spanande å sjå kva vi får til på dette viktige området.

JUSTERT TANNHELSEPLAN

I 2013 vedtok fylkestinget visse endringer i tannhelseplanen vår. Måltala for prioritert gruppe A (barn og ungdom) er justerte opp. Det heng saman med stadig betring av tannhelsa, sjølv om det innad i gruppa er til dels store skilnader. Tannhelsetenesta vår rekrutterer no godt. Tenesta er viktig i det pågåande folkehelsearbeidet.

ØKONOMISK RESULTAT

God budsjettdisiplin og god utteljing på ulike fellespostar gav oss 45,5 mill. kr i overskot i 2013.

Fellesinntekter og -utgifter er for det meste ikkje-styrbare anslagsløyvingar. For rammetilskot og skatt fekk vi ei meirinntekt på fem mill. kr, og denne må sjåast i samanheng med betre skatteinngang enn anslått i revidert nasjonalbudsjett. Også konsesjonskrafta kom ut med fem mill. kr i pluss, då kostnadane ved innmating av krafta vart lægre enn rekna med. Netto kapitalkostnadene gav ei innsparing på to mill. kr og utgifter til løn og pensjon ei innsparing på fire mill. kr.

Vi må ha budsjettdekning for tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjettdisiplin, vart ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut. Det gav mange mindre innsparingar som i sum gav 29,4 mill. kr. Sett under eitt var budsjettgjennomføringa på nær 99 prosent.

Samferdsla/kollektivsida fekk eit mindreforbruk på 9,5 mill. kr i 2013. Her legg vi no om til eit regime med anbuds kontraktar, der vi ber ansvaret for passasjerinntektene. Manglande erfaringar (inntektssida) og god oppfølging kan forklare ein stor del av innsparinga. Delar av denne er det alt teke omsyn til i budsjettet for 2014. Fylkesvegane får med seg ubrukte midlar over til 2014.

Opplæring fekk i 2013 eit mindreforbruk på 8,5 mill. kr. Innsparingane kom på ufordelte midlar til drift av skulane, organisasjon/ personalutvikling, omstillingsmidlar og læremiddel/elev-pc-ordninga. Tilskot til lærebedrifter gav eit meirforbruk på tre mill. kr, og skulane brukte fire mill. kr meir enn budsjettet. Dette siste vart dekkja ved midlar gjennom resultatoverføringsordninga.

Forvaltning stod for 9,3 mill. kr av innsparinga. Dei største utslaga kom på hovudutvala til disposisjon på 2 mill. kr, tenesteeiningane på 3,2 mill. kr (inkl. meirinntekter), stab/avdelingar på 2,4 mill. kr og bedriftshelsetenesta/ administrasjonsbygningar på 2,5 mill. kr. Av samla innsparinga er 3 mill. kr knytte til sentraladministrasjonen. Drifta av hovudutvala viste eit meirforbruk på 0,8 mill. kr.

Dei øvrige sektorane fekk ei innsparing på 2,2 mill. kr. Tannhelsa får med seg ubrukte midlar til 2014.

Fylkeskommunen har gjennom mange år hatt høg investeringsaktivitet. Det har gitt auka gjeld og resultert i at ein stadig større del av driftsinntektene må nyttast til kapitalutgifter. Siste kjende rekneskapstal (2012) viser at vi no ligg på landstoppen i lånegjeld pr. innbyggjar. Eg reknar med at fylkestinget etter kvart etablerer balanse mellom nye låneopptak og årlege låneavdrag.

FYLKESKOSTRA

Førebelse KOSTRA-tal for 2013 viser at utgiftene pr. innbyggjar i dei ulike sektorane ligg til dels godt over landsgjennomsnittet. Avvika i høve dette har vore relativt stabilt dei siste åra for alle sektorane.

Noko av grunnen til dette er at Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit utgiftsbehov som ligg om lag 60 prosent over landsgjennomsnittet. Dette vert kompensert gjennom rammetilskotet frå staten.

Men dette betyr også at relativt små endringar i inntektssystemet som er negative for vår fylkeskommune, kan kome til å få store konsekvensar for tenestetilbodet fordi vi i utgangspunktet har eit høgt utgiftsnivå.

ARBEIDSGJEVARPOLITIKKEN

Arbeidsgjevarpolitikken vart vidareført i 2013. På plansida fekk omstillingsprosessane i skuleverket mykje merksemd. Det gode samarbeidet vi her har med dei fylkeshovudtillitsvalde lovar godt. Ved dei lokale lønstestingane vart vi samde med alle

organisasjonane. Det vart ikkje gjennomført ny medarbeidarundersøking i 2013, då vi har slike berre annakvart år.

EIGARSKAP SARBEIDET

Under handsaminga av eigarskapsmeldinga i 2013 vedtok fylkestinget særskilde forventningar til Fjord1 AS og til Opplæringsfartøy AS. Begge desse leverte svake resultat i 2012. For fire selskap vedtok fylkestinget å vidareføre eigarskapen «inntil vidare». Elles fekk fylkesutvalet i oppdrag å gå gjennom eigarstrategien for vidare handsaming i fylkestinget i 2014. Dette arbeidet starta ved siste årsskifte, og det står såleis att å sjå om fylkestinget vil gjere endringar her.

KOMMUNESEKTOREN - KVA NO?

Regjeringsskiftet i 2013 skaut fart i debatten om kommunestrukturen. Ein slik debatt kan ha mykje føre seg, men eg trur vi då bør få til noko breiare vurderingar enn det som har vore innleiingsvis.

For det første bør vi diskutere kva oppgåver som skal liggje til kommunesektoren, og kva oppgåver som bør desentraliserast frå statleg nivå, både sentralt og frå fylkesnivået. Kvifor skal vi vente med dette?

Vi bør òg klårgjere om det framleis skal leggjast til rette for interkommunalt samarbeid, og om generalistprinsippet - som inneber at alle kommunar skal ha same oppgåver - bør vidareførast. Derneft må vi tore å drøfte om vi i framtida skal ha eit mellomnivå, som dagens fylkeskommunar. Det er lite tenleg å ta stilling til kommunestrukturen utan at dette spørsmålet er vurdert.

Dersom mellomnivået vert fjerna, generalistprinsippet halde i hevd og interkommunalt samarbeid minimalisert, må dei nye kommunane truleg ha eit folketal på nivå med dagens Sogn og Fjordane. Alternativt må staten overta tunge fylkeskommunale oppgåver, og det kan fort føre til ytterlegare sentralisering.

Eg trur vi vil få ein meir realistisk debatt dersom det alt no vert slått fast at vi framleis skal ha eit folkevald mellomnivå. Så får heller oppgåveporteføljen styre talet på «regionar». Derneft bør staten klårgjere kva nye oppgåver det er aktuelt å leggje til kommunesektoren. Viss vi i tillegg avgjer kva rolle generalistprinsippet og det interkommunale samarbeidet bør spele, kan kartteiknarane etterkvart kome på bana. I dag er det berre desse som deltek i debatten.

Det er viktig at terrenget (oppgåvene) formar kartet (kommunestrukturen), ikkje omvendt.

Like viktig er det staten no går føre, og viser korleis dei vil effektivisere eiga verksemd. I Danmark har ein eigen produktivitetskomisjon konkludert med at detaljstyring og rapporteringskrav må erstattast med tillit og rammestyring. Då aukar verdiskapinga i samfunnet, og vi får eit slankare statsbyråkrati med på kjøpet. Eg er spent på om vår eigen, nyleg oppnemnde kommisjon kjem med tilsvarande tilrådingar.

SLUTTORD

Den fylkeskommunale årsrapporten og tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova § 48.

Frå og med rapporteringsåret 2013 skal hovudutvala, etter vedtak i fylkestinget, ikkje leggje fram eigne årsmeldingar. Det endrar ikkje føremålet med den administrative årsrapporten. Det er lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring skal samordnast. Dette har vi følgt opp. Fylkesrådmannen legg opp til at også hovudutvala får denne årsrapporten.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid i 2013, mitt første heile år som fylkesrådmann. Eg opplever at både administrasjonen og eg har tillit i det politiske miljøet, og vonar at vi viser oss denne tilliten verdig. Eg vil òg takke både leiarar, tilsette og organisasjonane for eit utviklande samarbeid.

Leikanger, 31. mars 2014

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jubileumsåret 2013

STEMMERETTSJUBILEUM OG SPRÅKÅR

Vi har lagt bak oss eit aktivt jubileumsår. I tillegg til at vi markerte at Sogn og Fjordane hadde vore eige fylke i 250 år, kunne vi feire 100 år med allmenn stemmerett for kvinner. Vi markerte stemmerettsjubileet med eit arrangement på Sunnfjord Museum 11. juni, der heile fylkestinget deltok. Utstillinga «Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane», utarbeidd av Musea i Sogn og Fjordane og Fylkesarkivet, var ei storsatsing. Eit godt samarbeid mellom musea og kulturavdelinga gjorde at alle ungdomsskuleelevane i fylket fekk sett denne utstillinga, som gir mykje ny informasjon om kvinners kår i fylket. Utstillinga er framleis dagsaktuell.

I tillegg var 2013 nasjonalt språkår, og fleire av aktivitetane i fylkesjubileet var kopla til dette. Alle desse markeringane fortel viktige historier om samfunnsendringar i eit demokratisk perspektiv.

FYLKESJUBILEET SOGN OG FJORDANE 250 ÅR

Visjonane for fylkesjubileet var

- å synleggjere eit Sogn og Fjordane som byggjer opp om kreativitet og nyskaping
- å styrke kunnskapen om Sogn og Fjordane gjennom det historiske perspektivet
- å bygge ein sterkare identitet knytt til det å vekse opp og bu i Sogn og Fjordane

Det var også eit mål å markere 250-års jubileet i alle kommunane i fylket, gjennom store og små arrangement, aktivitetar, underhalding og debattar.

Synleggjorde viktige ressursar

Kort oppsummert - det vart markeringar i alle kommunane i fylket. Aktivitetane hadde både eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. Det kortsiktige var opplevingane der og då. Det langsiktige var forståinga av at Sogn og Fjordane er eit fylke med store menneskelege ressursar og store naturressursar. Desse ressursane skal vi verne om og heie fram til felles beste for fylket og innbyggjarane.

Fylkesdugnad

Eit fylkesjubileum kunne ikkje lukkast utan den samlande krafta som ligg i samarbeid. I Sogn og Fjordane samarbeider vi på tvers av etats- og nivågrenser. Kyrkja og dei frivillige, Fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen drog eit stort lass saman. Sogn og Fjordane-tankegangen ligg godt forankra i alle desse organisasjonane. Det som er godt for ein av desse, er også godt for dei andre. Det nære samarbeidet mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen er verdt å nemne. Dette samarbeidet er i fylket vårt også svært godt i mange andre samanhengar. Det er ein viktig styrke for fylket. Vi er vande å samarbeide på tvers og sjå ressursar i samanheng. Det har overføringsverdi for andre delar av landet.

Ungdom i sentrum

Ungdom var og er ei viktig målgruppe. Fylkesmessa til Ungt Entreprenørskap var arena for den offisielle opninga av jubileumsåret. Det gjekk ein raud tråd frå dette arrangementet via ungdomsbedrifter og grupper på gründercamp til aktiv ungdomsdeltaking på framtidskonferansen i Balestrand. Ungdom har også vore engasjerte i ulike kreative prosessar, gjennom ei rad konkurransar og produksjonar i ulike sjangrar. Ungdommar har reist med førestillingar over heile fylket. Slikt gir inspirasjon for framtida.

Historieperspektivet

Eit breitt spekter av næringer, lag og organisasjonar har vore representerte med aktivitetar innan jubileumsramma. Høgskulen tok godt i vare det historiske perspektivet, i arbeidet med fylkessoga, historieseminar, føredrag og artiklar. Alt har bidrege til auka kunnskap om historia vår, noko som også gir eit godt utgangspunkt for debatten vidare.

Festdag på Leikanger

Hovudmarkeringa på Leikanger i september vart ein festdag for heile fylket. Den restaurerte Amtsstova vart opna for ny bruk. Lokale krefter hadde laga ei flott ramme rundt jubileumsfesten, og høgdepunktet var den offisielle markeringa og kulturfesten i «Saften». Programmet var ein samanhengande kavalkade med unge talent frå heile fylket. Det var ei verdig markering av jubileet, og viste kva krefter vi har å spele på i fylket.

Gudstenester, KORK og Åtgaum

Kyrkja tok aktivt del i jubileet med eigne festgudstenester. I november kom heile landet sitt symfoniorkester, Kringkastingsorkesteret (KORK), til Eid og laga ei strålende konserthelg med artistar og unge talent frå vårt eige fylke. Vi fekk vist kva vi kan by på. Framtidsfylket arrangerte Åtgaum på Youngstorget i mai. Mange møtte opp, og det var ei flott feiring av Sogn og Fjordane. NRK gjorde ein stor jobb som fylkesdekkande organ gjennom heile året, ikkje minst som primus motor for KORK-satsinga.

Kva oppnådde vi gjennom jubileet?

Vi lukkast med å realisere visjonen for jubileet, og vi har langt på veg nådd måla våre. Dette er nok eit døme på at vi med dugnad, samarbeid og noko offentleg innsats maktar å få til store ting i fylket vårt. Slik bygger vi samhald og identitet for Sogn og Fjordane.

Vi fekk vist fram historia til fylket. Vi fekk vist kva vi er gode for, ikkje minst fekk vi vist fram ungdommeleg mot og skaparevne. Vi fekk vist fram kulturen i fylket i full breidde og fekk gitt mange gode opplevingar til folk i fylket. Nokre fleire utanfor fylket vårt vart også merksame på oss. Fylkesjubileet fekk oss til å føle oss meir som eitt fylke - med styrka tilhøyrsløse og identitet. Fylkesjubileet var med og styrka sjølvkjensla vår.

Tidlegare MGP Lokal-deltakar Alice Kucevic Hugøy frå Florø var eitt av dei unge talenta som deltok på kulturfesten på Leikanger 19. september. Foto: Birthe Johanne Finstad.



Ulukkesåret 2013

Året 2013 var eit tragisk og dramatisk år i trafikken i Sogn og Fjordane med ni dødsulukker og tolv drepne. Fire av ulukkene skjedde på fylkesvegnettet vårt. Fem av ulukkene skjedde på riksvegnettet. Av dei ni dødsulukkene var det fem møteulukker, tre utforkøringsulukker og ei skredulukke. I tillegg til desse ulukkene opplevde vi dramatiske hendingar som brannen i Gudvangatunnelen, trippeldrapet på Valdresekspressen og dumperulukka i samband med anleggsarbeidet på Dalsfjordsambandet.

Talet drepne i trafikken i Sogn og Fjordane var i 2013 tre gonger så høgt som i 2012.

Brannen i Gudvangatunnelen

5. august 2013 tok det til å brenne i ein lastebil i Gudvangatunnelen på E16 mellom Langhuso og Gudvangen i Aurland kommune. Alle dei 75 som var i tunnelen vart berga ut i live, men tunnelen fekk store skadar og var stengd i ein månad etter brannen. Dette medførte store konsekvensar for trafikken, turistar, berørte kommunar og næringsliv. Det vart sett inn ekstra ferjer og båtskyss for å lette ulempene. Det vart lagt til rette for kolonnekøyring gjennom tunnelen med store køyretøy og (tomme) bussar, då Statens vegvesen meinte det var forsvarleg.

To kvinner omkom i bussulukke i Fardal

To passasjerar omkom etter ei tragisk møteulukke mellom to bussar i Fardal på rv. 55 mellom Sogndal og Leikanger 12. august 2013. Dei omkomne var passasjer i kvar sin buss. To alvorleg skadde passasjerar vart i tillegg sende til Haukeland Universitetssjukehus. Seks utanlandske turistar vart sende til Førde sentralsjukehus.

Tre omkom i ulukke i Våtedalen

To personbilar med i alt fem personar var involverte i ei alvorleg ulukke på E39 i Våtedalen mellom Gloppen og Jølster 26. desember 2013. Tre av dei fem involverte omkom i ulukka. Dei to overlevande vart sende til Førde sentralsjukehus med moderate skadar. Alle dei involverte i ulukka høyrde heime i Gloppen og Jølster.

Tre personar drepne i busskapring

Alle dei tre om bord på bussen vart drepne då Valdresekspressen vart kapra mellom Årdal og Tyn 4. november 2013. Bussjåføren frå Valdres og dei to passasjerane, ei kvinne frå Årdal og ein mann Sverige, vart drepne med kniv.

Dumper hamna i fjorden ved Eikenes i Askvoll

Ein 25 år gamal mann omkom etter at dumparen han køyrde hamna i fjorden ved Eikenes i Askvoll. Ulukka skjedde i samband med anleggsarbeidet på det nye Dalsfjordsambandet, like aust for tunnelen.

Innbyggjarane møter fylkeskommunen



Det var offisiell opening av siste byggsteg av Trivselshagen på Sandane tidleg i januar 2014. Trivselshagen er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og Gloppen kommune. Foto: Siv K. Haugen.

Internasjonalt arbeid

Det internasjonale arbeidet i fylkeskommunen vart meir samla i 2013, og fylkestinget vedtok ein ny internasjonal strategi i oktober.

Fylkesrådmannen har sett behov for ein strategi som gjev føringar for det politiske engasjementet, og for rolla fylkeskommunen skal ha eller ta i internasjonalt arbeid. Internasjonalt arbeid kan vere mykje. Vi må difor vere realistiske med omsyn til rolla fylkeskommunen har i samfunnet. Vi må sjå internasjonalt arbeid som ei forlenging av det arbeidet fylkeskommunen er lovpålagt i rolla som regional utviklingsaktør.

Det er uansett viktig å setje det internasjonale engasjementet inn i ei større ramme. Fylkeskommunen bør

- ha kompetanse på internasjonale lover og reglar som vi møter i kvardagen
- ha kunnskap om moglege finansieringskjelder til prosjekt
- vere politisk aktiv på internasjonale arenaer, der regionale problemstillingar og utfordringar vert diskuterte

I 2013 deltok fylkeskommunen på fleire arenaer:

- Fylkeskommunen nytta Vest-Noregs Brusselkontor (VNB) mykje i året som gjekk, både til partnersøk, informasjonshenting og som møtearena. VNB inviterte blant anna til presentasjon og opplæring i den nye programperioden for EU/EØS-finansieringsordningar. Dette var svært nyttig å få innblikk i, og det gav oss også sjansen til å snakke med andre offentlege aktørar om nye samarbeid og prosjekt dei ser føre seg dei komande åra. Slik sett er VNB ein viktig nettverksarena for fylkeskommunen.
- Fylkeskommunen hadde i 2013 formannskapet i Vestlandsrådet, og då også leiinga av internasjonal faggruppe. Grappa er ein samarbeidsarena for å arbeide mot felles internasjonale mål på Vestlandet. Vestlandsrådet handsama fire internasjonale saker i 2013. I tillegg møtte direktøren frå VNB på møtet i september for å orientere om viktige EU-saker for Vestlandet.
- Satsinga på internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa er ført vidare og har vore ein suksess dei siste åra. Målet er å involvere fleire opplæringskontor og vidaregåande skular. I 2013 har fylkeskommunen gjeve støtte, hjelp og rådgjeving til vidaregåande skular og opplæringskontor når det gjeld internasjonalt arbeid. Dette gjeld særskilt søknadsprosess, utforming, gjennomføring og rapportering av prosjekt. I tillegg får kommunar, lag og organisasjonar hjelp med ungdomsretta internasjonale prosjekt.
- Fylkeskommunen har delteke på generalforsamling i Nordsjøkommisjonen og andre møte og arrangement i regi av organisasjonen. Dette er viktig for å oppretthalde eit internasjonalt politisk og administrativt samarbeid.

Klima og miljø

REVIDERT KLIMAPLAN

Vi har hatt klima og miljø på agendaen lenge. Fylkeskommunen vedtok i 2003 ein klima- og energiplan, som vart etterfølgt av Fylkesdelplan for klima og miljø i 2009. Klimaplanen er omfattande. Han inkluderer utsleppsreduksjon frå både forbruk og produksjon, samt klimatilpassing.

For å styrke kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til å redusere utslepp av klimagassar, har fylkeskommunen samarbeidd med Vestlandsforskning om eit FoU-opdrag knytt til klima og miljø. Prosjektet har gitt verdifull kunnskap vi har nytta i arbeidet med rullering av handlingsprogrammet i klimaplanen i 2013.

Det nye handlingsprogrammet vart vedteke i fylkestinget i oktober 2013 og er ambisiøst og konkret. Mange av tiltaka handlar ikkje om store økonomiske kostnader, men om endringar i måten vi arbeider på innanfor ulike sektorar. Eit eksempel på ein ny arbeidsmåte er at fylkeskommunen styrker satsinga på klima og miljø gjennom konkrete utviklingsavtalar med frivillig sektor i fylket. I 2013 laga vi ein slik utviklingsavtale med Naturvernforbundet, og i 2014 står 4H for tur.

I løpet av året har fylkeskommunen også gjort mange andre små og store tiltak for å redusere klimagassutslepp i fylket.

ELEKTRISK FRAMDRIFT

Elbil er eit miljøalternativ som vert stadig meir populært, og fylkeskommunen jobbar kontinuerleg for å få fleire hurtigladestasjonar for elbil i fylket. I 2013 løyvde fylkeskommunen til saman 400 000 kr til Grøn Kontakt og ulike nettselskap for å få på plass hurtigladestasjonar på Nordfjordeid, Skei, i Førde og Flora. Ladestasjonane i Førde og på Nordfjordeid er del av ein samla strategi frå dei fire vestlandsfylka for å kunne køyre elbil frå Stavanger til Trondheim, såkalla «EL 39». I løpet av 2013 vart hurtigladestasjonane på Nordfjordeid, Sandane, i Førde og Florø fullfinansierte, medan det vert jobba vidare med finansiering til Skei.

Fylkeskommunen jobba i 2013 saman med SINTEF i eit forskingsprosjekt som skal gje svar på om elbuss kan vere eit alternativ i byane i fylket, med fokus på Førde og Florø.

På vegner av Sogn og Fjordane og fleire andre fylke, tok fylkeskommunen i 2013 initiativ til eit prosjekt der ferjestrekningane i landet skal utgreiast for å vurdere kva type teknologi som eignar seg som alternativ til fossilt drivstoff. Prosjektet vert støtta av Transnova, og resultatane vil vere av nasjonal interesse og bli svært viktige for ferjetransport i framtida.

KABELFERJE NOMINERT TIL "ÅRETS KLIMATILTAK"

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart i oktober 2013 nominert som ein av fem kandidatar til «Årets lokale klimatiltak.» Tiltaket som vart nominert, var den heilelektriske kabelferja som er i drift på Hisarøy i Gulen. Klimaorganisasjonen Zero deler ut prisen, og juryen besto av mellom andre direktøren for Miljødirektoratet. Juryen sa følgjande om Hisarøy-ferja:

«Prosjektet er et godt eksempel på at mye kan oppnås gjennom å stille miljøkrav i anbudsprosessen, og at dette heller ikke er vanskelig å gjennomføre. Det er viktig å vekte miljø, og her har mange andre kommuner og fylkeskommuner mye å lære for å gjøre sine innkjøp grønnere.»

Fylkeskommunen vann ikkje prisen denne gongen, men ser likevel nominasjonen som uttrykk for at vi tenker riktig med omsyn til framtidsretta og miljøvenlege løysingar. Med kabelferja til Hisarøy bidreg innbyggjarar i distrikts-Noreg til eit meir miljøvenleg samfunn, samstundes som dei får ein lettare kvardag.

SATSING PÅ MILJØSERTIFISERING

Fylkeskommunen har i fleire år hatt ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder. I 2013 var det til saman om lag 41 verksemder som fekk fylkeskommunalt tilskot til miljøsertifisering. Miljøfyrtårn er Noregs mest brukte sertifikat for å dokumentere miljøinnsats og vise samfunnsansvar. Før 2010 var berre tre verksemder i Sogn og Fjordane miljøfyrtårnsertifiserte. I løpet av 2013 var talet 77. Dette vitnar om ei særers vellykka tilskotsordning.

Fylkeskommunen arbeider også for å miljøfyrtårnsertifisere vår eiga verksemd. Sentraladministrasjonen i Leikanger vart sertifisert i 2009, medan Storehagen i Førde vart sertifisert i 2013. Gjennom 2013 arbeidde vi vidare med miljøsertifisering av fleire av dei vidaregåande skulane. Fylkeskommunen bruker no mykje mindre papir, mellom anna gjennom papirlause møte i fylkestinget. Og administrasjonen reiser mindre som følge av nye, funksjonelle videostudio og godt tilrettelagde IT-løysingar.

KLIMA I VIDAREGÅANDE SKULE

I 2013 starta fylkeskommunen eit samarbeid med Ungt Entreprenørskap om oppretting av ein klima- og miljøpris for elevbedrifter i fylket. Samstundes har fylkeskommunen styrkt satsinga si på å setje klima og miljø på dagsorden i den vidaregåande skulen. I løpet av året inngjekk fylkeskommunen samarbeidsavtalar med Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland og United World College i Flekke. Hovudmålet med avtalane er å styrkje miljøatsinga på dei vidaregåande skulane i fylket. I november arrangerte vi ei to-dagars samling for dei kantinetilsette ved dei vidaregåande skulane. Økologisk og kortreist mat stod på agendaen.

Bremuseet/Norsk senter for klimaviten fekk i 2013 støtte av fylkeskommunen til eit å starte eit prosjekt for å kartleggje haldningar og kunnskap rundt klima, både hjå lærarar og elevar i den vidaregåande skulen. Målet på sikt er å utvikle eit godt pedagogisk opplegg som kan nyttast i dei vidaregåande skulane både her i fylket og resten av landet.

ENØK-FOND

Målet med fondet er å bidra til meir effektiv energibruk i fylket. Saldo i fondet var pr. mars 2013 om lag 4,5 mill. kr. Vi fordelte i 2013 i alt 1,117 mill. kr til ti ulike søkjarar. Total søknadssum var 1,754 mill. kr. I tråd med handlingsprogrammet til klima- og miljøplanen held tildeling frå ENØK-fondet fram til fondet er tomt.

TILPASSING TIL ENDRA KLIMA

Vi har ikkje berre jobba med å redusere utsleppa. Fylkeskommunen ynskjer også å bidra til eit samfunn som er godt budd på klimaendringane som kjem, og som vi alt no byrjar å merke konsekvensane av. Fylkeskommunen har arbeidd med klimatilpassing gjennom deltaking i ulike forskingsprosjekt, og vi samarbeider med Fylkesmannen om å gi rettleiing og tilgang til kunnskap om klimatilpassing. I fylket vårt er det mange små kommunar med mykje natur. Naturen kan gje auka utfordringar i form av skred, flaum og havnivåstigning. Fylkeskommunen har støtta kommunane for å sikre god nok planleggings- og analysekapasiteten for å førebu samfunnet på eit endra klima.



Den heilelektriske kabelferja Hisarøy gav innbyggerane på Hisarøy i Gulen fastlandssamband 30. august 2013. Ferja vart seinare på hausten nominert til "Årets lokale klimatiltak" av klimaorganisasjonen Zero. Foto: Statens vegvesen.

Kultur

Kultursektoren vert styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008-2011 (forlenga til 2013) og vedteke målekart for 2013. Nettobudsjettet var på 80,1 mill. kr.

Sektoren forvalta òg 54 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitetar i fylket (Den kulturelle skulesekken, freda bygg, kystkultur, spelemidlar, kulturkort og andre statlege tilskot). Det er ein auke på ti mill. kr frå 2012.

Programområde	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Bibliotek	6,4	6,1	6,6	6,6
Kulturminnevern	0,0	1,1	15,0	15,4
Museum	13,2	13,5	14,4	14,6
Kunstformidling	10,7	11,2	11,4	11,5
Kunstproduksjon	4,9	5,4	10,3	10,3
Idrett	0,0	0,0	2,9	2,6
Andre kulturaktivitetar	23,6	25,6	18,7	19,1
Sum	58,8	62,9	79,3	80,1

Tabell 8: Netto driftsutgifter i kultursektoren 2011-2013, i mill. kr.

BIBLIOTEK

Fylkesbiblioteket arbeider etter Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014. Planen er delt i tre hovudområde.

Struktur og organisering

Fylkesbiblioteket har i prosjektet «Saman for framtida» kartlagt ressursar og utfordringar i folkebiblioteka og førebur regionvise samarbeidsavtalar. Vi har etablert samarbeid med kommunane om innkjøp, formidling og utlån av e-bøker. Kostnadene med kjøp av systemet vart dekte av Fylkesbiblioteket, medan driftskostnadene og utgiftene til ei samla e-boksamling vert fordelte på biblioteka. Alle kommunane har stadfesta at dei vert med i ordninga. Dei vidaregåande skulane er inviterte til å delta.

Kompetanse

Fylkesbiblioteket arrangerer årleg kurs og konferansar for tilsette i folke- og skulebiblioteka.

Innhald og tenester

Vi arrangerte i samarbeid med folkebiblioteka Nynorske barnebokdagar og forfattarturné i 2013. Vi samarbeidde med Den kulturelle skulesekken om å gjere classesett tilgjengelege ved litterære produksjonar.

Vi evaluerte bokbåt-tenesta i samsvar med fylkestingssak 66/10. Fylkestinget vedtok i sak 35/13 og sak 55/13 å vidareføre bokbåt-ordninga. Bokbåten Epos var 50 år i 2013, og fylkeskommunane i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane markerte jubileet.

Prosjektet Fjordforfatterweb vart vidareført i eit nytt og større prosjekt i samarbeid med Nordland fylkesbibliotek.

KULTURMINNE

Området kulturminne omfattar satsinga vår på kulturminnevern og arkivtenester.

Kulturminne

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med freda bygg og anlegg, arkeologiske registreringar, fartøyvern, verdsarv og kulturminne frå nyare tid.

Fylkeskommunen deltek i det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet med fire prosjekt:

- Kongevegen over Filefjell
- Kystpilegrimsleia Rogaland-Nidaros
- Reiseliv i industriens vogge
- Kloster og pilegrimssatsing i Selje

Målet med prosjekta er å synleggjere eigenverdien til kulturminna, verdiskapingspotensialet dei har, og korleis dei kan nyttast som ressurs i lokal samfunnsutvikling.

Prosjektet Lokale kulturminneplanar som starta i 2012, held fram. Prosjektet er kommuneretta og har som mål å styrke lokal kulturminneforvaltning. 26 kommunar ønskjer å delta, og 14 kommunar er i gang med registrerings- og planarbeidet. Vi har inngått ein utviklingsavtale med Selje kommune og destinasjonsselskapet Reismål Stryn og Nordfjord om utvikling av Selje kloster.

20 kommuneplanar og kommunedelplanar, 6 områdeplanar og 90 detaljreguleringar med vekt på kulturminnevern vart handsama. Vi handsama 179 dispensasjonssøknadar, i 15 tilfelle tilrådde vi ikkje dispensasjon. Fylkeskommunen gjennomførte 48 kulturminneregistreringar.

Søknaden til UNESCO om verdsarvstatus for Kvernsteinsbrota i Hyllestad er ferdigstilt og sendt til International Council on Monument and Sites for godkjenning.

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Auken i talet på personar som tek kontakt med Fylkesarkivet held fram på alle fagfelta. Ei av årsakene er at mengda tilgjengeleg arkiv aukar i omfang i databasane våre.

Fylkesarkivet har prioritert ordning og registrering av offentlege arkiv dette året. Vi har i år avslutta to prosjekt, eitt der vi samla inn tannhelsejournalar frå heile fylket, og eitt der vi ordna arkivet frå administrasjonen i Flora kommune frå 1964-1993. Fylkesarkivet fekk i januar støtte frå Kulturrådet til ordning av materialet etter avismannen Per Håland. Katalogen er tilgjengeleg på nettsidene til Fylkesarkivet og på Arkivportalen.no.

I 2013 fekk fotobeveringsarbeidet i Sogn og Fjordane eit stort løft. Det vart blant anna installert kompaktreolar på bruksmagasinet på Sandane. Innsamlingsarbeidet ved musikkavdelinga held fram, til dømes med innsamlingsarbeid på Fylkeskappleiken, Førdefestivalen og Vestlandskappleiken. Fylkesarkivet har inngått avtale med Stryn kommune om digitalisering av historiske stadnamn for perioden 2013-2015.

Arbeidet med å betre det digitale tenestetilbodet går kontinuerleg. I det nyetablerte utviklingsprosjektet «semantisk arkiv og tenesteutvikling» skal vi gjere innhaldet lettare tilgjengeleg for søk og nye publikumstenester. Prosjektet er finansiert av Kulturrådet. Partnerar i prosjektet er mellom andre Vestlandsforskning og Riksarkivet.

Jubileumsåret 2013

Fylkesjubileet Sogn og Fjordane 250 år prega store delar av våre kultursatsingar i 2013. Det har såleis fått eit eige kapittel i Årsrapport 2013.

MUSEUM

Musea i Sogn og Fjordane fekk 13,6 mill. kr i driftstilskot frå fylkeskommunen i 2013. Staten ga tilsvarende 26,3 mill. kr og kommunane om lag 4 mill. kr. Tusenårsstaden Gulatinget fekk eit tilskot på 1,04 mill. kr.

KUNSTFORMIDLING

Området kunstformidling omfattar satsingar på kunst, Den kulturelle skulesekken (DKS), musikk, knutepunktfestivalar, digital kulturformidling og kultur og helse.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken fekk for første gong sidan 2007 ein auke i overføringane frå staten. Det førte til at vi i 2013 kunne gi alle elevane i grunnskulen fire tilbod. Vi gjennomførte 40 turnear fordelte på seks ulike kunstuttrykk. Nokre av turneane var knytt til 250-årsjubileet for fylket. Fylket var også pilot for Rikskonsertane si utprøving av grendekonsertar knytt till DKS-turnear.

Musikk

I samarbeid med NRK Sogn og Fjordane og Rikskonsertane arrangerte vi konsertar med KORK i Operahuset på Eid i samband med fylkesjubileet. Dette var ein stor suksess, der dei beste artistane frå fylket fekk boltre seg med eit stort orkester. Bestillingsverket «Tri Tonar» av Eirik Husabø vart urframført under konsertane. Det vart også produsert eit TV-program av konsertane. Konserten med KORK markerte den offisielle avslutninga av fylkesjubileet.

Digital kulturformidling

Dei viktigaste satsingane på dette området var

- utstillinga «Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane»
- arbeid med nye retningslinjer for digital kulturformidling i kultursektoren
- utvikling av nye GEO Atlas
- arbeid med fylkesjubileet
- Wikipedia-satsing

Kultur og helse

Utviklings- og prosjektarbeid har stått sentralt i 2013 med vekt på kultur, helse og integrering. Her har vi arbeidd tett med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen, kommunar og organisasjonar.

KUNSTPRODUKSJON

Knutepunktfestivalar

Fylkeskommunen gav Norsk Country Treff, Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord og Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i alt 10,3 mill. kr i stønad i 2013. Gjeldande finansieringsavtale løyste ut 27,8 mill. kr frå staten og 3,4 mill. kr frå kommunane.

Hovudutvalet for kultur vedtok nye retningslinjer for ordninga «Lokale kulturbygg» i 2013. Sogn og Fjordane fekk òg ei større rammefordeling enn tidlegare, sidan den statlege ordninga no er avvikla.

IDRETT

Fylkestinget vedtok i sak 49/13 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017. Planen er eit viktig strategiarbeid der regionale aktørar bidreg til å legge større vekt på fysisk aktivitet. Vi har også arbeidd mykje med kompetanseheving, særleg når det gjeld spelemidlar, der vi heldt kurs for kommunar og frivillige.

Omlag 30 mill. kr i spelemidlar vart fordelte på 47 anlegg.

ANDRE KULTURAKTIVITETER

Frivillig arbeid

Aktiviteten i organisasjonslivet i fylket er jamt over stor. I 2013 vart det løyvd 6,6 mill. kr til tiltak. Midlane vart fordelte slik:

Føremål	mill. kr
Kulturorganisasjonar	3,0
Fylkeskommunale tiltak (UKM/UPU, fylkesidrettsanlegg, skjøtselsavtalar)	1,5
Festivalar/arrangement	0,8
Kulturpris/stipend	0,2
Større tiltak innan kunst, musikk	0,6
Andre kulturaktivitetar (musikk, barn og unge, idrett, litteratur)	0,5

Tabell 9: Midlar til frivillig arbeid i 2013, netto driftsutgifter i mill. kr.

Fylkeskulturprisen

Malakoff Rockefestival fekk fylkeskulturprisen i 2013.

Barn og unge

Fylkestinget for ungdom vart gjennomført i mars. I oktober gjennomførte vi ei nettverksamling for ungdomsråda i kommunane, der vi la vekt på opplæring.

Ungdomens kulturmønstring fylkesmønstringa (UKM) vart i 2013 arrangert over to dagar med 300 deltakarar. Førde kommune var teknisk arrangør. Fem sceneinnslag og fire utstillingabidrag deltok på landsmønstringa i Treondheim.

Prosjekt

Vi har gjennomført eit utviklingsarbeid om publikum ovanfor dei store institusjonane og arrangørane i fylket.

Pilotprosjektet «Cultural planning» vart sett i gang som del av LUK-arbeidet (Lokal samfunnsutvikling i kommunane). Målet i piloten er å styrke plankompetansen til kulturarbeidarane i kommunane.

ORGANISATORISK UTVIKLING OG EFFEKTIVISERING

Vi har sett i gang eit arbeid med ny kulturstrategi, som skal peike ut vidare satsingsområde og strategiar.

Utgreiingsarbeidet med å omorganisere fylkesmusikarordninga over til ei distriktsmusikarordning starta òg i 2013.

AVVIK

Vi avlyste konferansar innan allmennkultur og Den kulturelle skulesekken grunna låg påmelding. Evalueringa gir ingen spesielle indikasjonar på kva som var årsaken til dette.

Fylkesbiblioteket har ikkje kome i gang med digitalisering av lokalhistorisk materiale i 2013.

Det er ikkje registrert avvik i oppfølginga av vedtaka til hovudutvalet for kultur i 2013.

FYLKESTINGSSAKER 2013

- Sak 3/13 Publikumsarbeid i Sogn og Fjordane
- Sak 9/13 Val av styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane

- Sak 18/13 Utviklingsavtale Selje Kloster
- Sak 35/13 Evaluering av Bokbåten
- Sak 36/13 Søknad frå Måløyraidsenteret - museumsfaglege prioriteringar som grunnlag for avklaring av fylkeskommunal deltaking
- Sak 49/13 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017
- Sak 51/13 Kulturkort for ungdom 2010-2013 - oppsummering og evaluering



Bokbåten Epos hadde 50-årsjubileum i 2013 og feira med jubileumsturné på hausten. Foto: Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.



GENS KVINNEMAKT

EDITH REEVIK

PASCALE BAUDON

MAGNI ØVREBØ

ERNA OSLOM

YAKL SU



I 2013 var det 100 år sidan kvinner fekk stemmerett i Noreg. Fylkesarkivet og Musea i Sogn og Fjordane markerte stemmerettsjubileet med utstillinga "Kvinnestemmer i Sogn og Fjordane". Foto: Birthe Johanne Finstad.

Opplæring

Med heimel i opplæringslova § 13-10 er fylkeskommunen som skuleeigar pålagt å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for fylkestinget som grunnlag for drøfting.

Årsrapport 2013 dekkjer krava som ligg til ein slik tilstandsrapport.

ØKONOMISKE RAMMER

Programområde	Rekneskap	Budsjett	Avvik (B-R)
Skulelokale og internatbygningar	101,151	102,571	1,420
Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring	55,583	55,699	0,116
Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer	95,272	105,977	10,705
Utdanningsprogramma	340,808	336,746	-4,061
Fagskule	21,613	21,812	0,199
Landsliner	3,021	3,590	0,569
Tilpassa opplæring	84,208	85,658	1,450
Fagopplæring i arbeidslivet	78,939	76,527	-2,412
Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,554	4,307	-0,247
Andre føremål	11,460	11,250	-0,210
Sum opplæring	796,609	804,137	7,528

Tabell 10: Netto driftsutgifter i opplæringssektoren 2013, i mill. kr.

Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2013 eit nettobudsjett på 804,1 mill. kr. Rekneskapan viser eit samla mindreforbruk på 7,5 mill. kr.

Dei største avvika er knytte til programområda pedagogisk leing, utdanningsprogramma og fagopplæringa. Programområda pedagogisk leing og utdanningsprogramma er begge knytte til drift av den pedagogiske verksemda på skulane og må vurderast samla. Rekneskapan viser eit samla mindreforbruk på desse programområda i høve budsjettet på 6,6 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er:

- ikkje-fordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane (driftsmidlar til den pedagogiske verksemda): 3,1 mill. kr
- organisasjons- og personalutvikling: 1 mill. kr
- sentral løyving til omstillingsmidlar for pedagogisk personale/seniortiltak: 1,1 mill. kr

- sentral løyving til gratis læremiddel/elev-pc-ordninga: 2 mill. kr

Sektoren hadde eit netto meirforbruk på fagopplæring i arbeidslivet på 2,4 mill. kr. Meirforbruket skuldast tilskot til lærebedrifter med 6,5 mill. kr, i hovudsak som følgje av auke i tal lærekontraktar og at ein større del av lærekontraktane vert teikna tidlegare på året enn det som var føresett i budsjettet. Løyvinga til ekstra midlar til fagopplæring hadde eit mindreforbruk på 3,5 mill. kr.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde eit mindreforbruk på ordinær drift på 0,2 mill. kr i 2013. På anna verksemd var mindreforbruket 1 mill. kr i 2013. Skulen har med dette redusert det akkumulerte meirforbruket frå 3,7 mill. kr i 2012 til 2,5 mill. kr i 2013. Skulen har resultatoverføring.

I opplæringssektoren har året 2013 vore prega av arbeidet med skulebruksplanen. Planen skal sikre forsvarleg ressursutnytting i åra som kjem. Vi har difor hatt noko mindre merksemd på aktiv gjennomføring av tiltak som låg på sida av denne prosessen. Det kan vere grunnen til at nokre postar viser mindreforbruk.

Opplæringssektoren samla har eit mindreforbruk på om lag ein prosent i høve budsjettet.

Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (eksklusive landslinene)

Samla hadde skulane i 2013 eit netto meirforbruk på om lag 2,3 mill. kr knytt til ordinær skuledrift. Seks skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta, medan fem skular hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,3 mill. kr til om lag 1,4 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 0,8 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på 2,3 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemd hadde skulane eit meirforbruk i 2013 på 3,5 mill. kr. Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 10 mill. kr knytt til anna verksemd.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eventuelt meirforbruk og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Denne ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Ressursbruk i tenesteproduksjonen

Dei offisielle KOSTRA-tala for 2013 er førebelse og kan bli justerte fram til 15. juni 2014. Vi legg likevel desse tala til grunn (og ikkje tala frå 2012), då desse korresponderer best med aktivitets- og økonomitala som er grunnlaget for årsrapporten.

Dei førebelse KOSTRA-tala for 2013 viser at samla kostnad for vidaregåande opplæring i skule pr. elev for Sogn og Fjordane var 0,163 mill. kr – ein auke på 1,6 prosent i høve året før. Gjennomsnittet for landet var 0,140 pr. elev – ein auke på 3,0 prosent i høve året før. KOSTRA-tala viser at Sogn og Fjordane framleis ligg godt over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad for vidaregåande opplæring i skule pr. elev. Ambisjonsnivået om at kostnadsnivået i Sogn og Fjordane ikkje skal auke meir enn landsgjennomsnittet er likevel nådd.

Ambisjonsnivået er også nådd for tenesteområda lokale og forvaltning (samla), pedagogisk leing og fellesutgifter og basis opplæringsverksemd studieførebuande utdanningsprogram.

For områda spesialundervisning og tilpassa opplæring er ambisjonsnivået ikkje nådd.

SKULEBRUKSPLANEN FOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I SOGN OG FJORDANE 2013-2024

Fylkestinget vedtok [Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024](#) i juni 2013.

Skulebruksplanen viser korleis vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal organiserast i framtida. «Prosjekt Personal» starta opp hausten 2013 og følgjer opp konsekvensane av skulebruksplanen for dei tilsette.

Skulebruksplanen og oppfølginga av vedtaket i fylkestinget i juni hadde hovudprioritet i 2013. Prosessen involverte heile opplæringssektoren, og var svært krevjande og utfordrande. Særleg er slike prosessar utfordrande fordi det samstundes er krav til høg kvalitet på opplæringa og drifta ved skulane.

AKTIVITETSTAL

Elevar i vidaregåande opplæring

Det var i 2013 totalt 5271 søkjarar til vidaregåande opplæring, om lag 150 færre enn i 2012.

- 580 søkte opplæring i bedrift, noko som er 28 fleire enn i 2012.
- 4894 av søkjarane hadde ungdomsrett, av desse 484 til bedrift.

Skuleåret 2013-2014 vart 4216 søkjarar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane, mot 4306 året før. I tillegg har vi 54 søkjarar som går på skule i andre fylke, og 64 som går på privatskule i Sogn og Fjordane.

Lære- og opplæringskontraktar

Det var ved utgangen av 2013 registrert 1021 løpande lærekontraktar, ein auke på 55 frå 2012. Av desse hadde 838 ungdomsrett.

Talet på løpande opplæringskontraktar var 79 i 2013, mot 75 i 2012.

I 2013 vart det inngått 497 nye lærekontraktar og 31 nye opplæringskontraktar. Det er ein nedgang på høvesvis 52 og 24 frå 2012.

131 av dei nye lærekontraktane er inngått i andre fylke, mot 132 i 2012.

Søkjarar utan tilbod om læreplass

Tal søkjarar med ungdomsrett, utan tilbod om læreplass pr. november 2013, var 39 (åtte prosent). 25 av desse fekk tilbod om vg3 i skule, som alternativ til opplæring i bedrift. Ni fekk tilbod om vg3 i industrimekanikarfaget i eige fylke, medan 16 fekk tilbod om vg3 i ulike fag i andre fylke.

Sju søkjarar, som ikkje fekk læreplass i dataelektronikarfaget, fekk tilbod om å ta fagbrev som elev (tre år i skule, ikkje verdiskapingsdel).

Fagbrev på normert tid

Av alle som søker til vg1 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram er det berre om lag ein av tre som tek fagbrev etter normert tid på fire år. Resultatet skuldast fleire faktorar, mellom anna omval, overgang til påbygging til generell studiekompetanse, uttak av friår og fråfall. Vi arbeider aktivt for å styrke fagopplæringa og auke gjennomføringa på normert tid mellom anna gjennom betre formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida.

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Elevar i Sogn og Fjordane har god gjennomføring på fem år, men ikkje så god når det gjeld ordinær progresjon på tre år.

Den største utfordringa er overgangen frå vg2 yrkesfag til vg3/opplæring i bedrift. Det vert lagt ekstra vekt på denne overgangen framover, både nasjonalt og i fylket.

Det har vore eit nasjonalt mål for prosjektet Ny GIV at 75 prosent av elevar og lærlingar som starta i vg1 i 2010 skal gjennomføre vidaregåande opplæring innan fem år. I Sogn og Fjordane er gjennomføringa på 74,4 prosent i 2012. Dette er ein nedgang på 1,7 prosentpoeng frå 2011.

Tabellen under viser tal ungdommar som har avbrote vidaregåande opplæring (i prosent) dei siste åra:

	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13
Sogn og Fj.	3,5	3,3	3,8	4,3	3,7	3,3
Nasjonalt	4,6	4,8	4,8	4,8	4,7	*

Tabell 11: Avbrot vidaregåande opplæring i prosent 2007/08-2012/13.

Kjelde 2007-2012: Skoleporten.

* Kjelde 2012-13: Sogn og Fjordane lokale tal, nasjonale tal er førebels ikkje tilgjengelege.

Ny GIV

Ny GIV vart avslutta som prosjekt i 2013. Dei viktigaste tiltaka i 2013 var:

- Prøve ut alternative metodar i opplæringa
- Yrkesrette fellesfaga gjennom FYR-prosjektet
- Dialogmøte med kommunane
- Tett oppfølging av elevar i overgangen frå vg2 til vg3/lære
- Utvikle fyrstehjelpspakke i psykisk helse

Styrkinga av samarbeidet mellom fylkeskommunen, Nav og kommunane har gjennom regionale dialogmøte vore viktige bidrag for å vise korleis vi arbeider grundig med kvaliteten i grunnopplæringa og oppfølging av ungdom som er i fare for å ikkje gjennomføre vidaregåande opplæring.

Arbeidet for å auke gjennomføringa held fram gjennom tett oppfølging av elevar i skule og bedrift. Arbeidet med å prøve ut alternative vegar og metodar gjennom vidaregåande opplæring vil stå sentralt i det vidare arbeidet.

VAKSENOPLÆRING

I løpet av 2013 starta 14 tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne, ein auke på to i høve 2012. Organiseringa av opplæring mot generell studiekompetanse vart lagt om frå undervisning på tre stader i fylket, til berre i Førde.

Deltakartalet gjekk noko ned frå 273 i 2012 til 221 i 2013, noko som i hovudsak skuldast at kapasiteten i studiekompetansefaga vart redusert med omorganiseringa. Alle vaksne med rett får tilbod.

Det vart i 2013 sett i gang fleire vg1- og vg2-løp med standpunktarakterar i yrkesfaglege utdanningsprogram. Av desse var fire grupper spesielt organiserte for flyktningar/ minoritetsspråklege i helsefag. I tillegg starta fylkesdekkande kurs både i helsefag og sal- og servicefaga, der opplæringa er ein kombinasjon mellom fysiske samlingar og nettundervisning. Det vart sett i gang fem praksiskandidatkurs i helsefag, barne- og ungdomsarbeidarfag og kokk/kokk institusjon. Det finst førebels ikkje gode nok registreringar som viser gjennomføringstal for vaksne.

KARRIERERTLEIING

Dei fire karrieresentra i Karriere Sogn og Fjordane opna i 2013. Karriere Sogn og Karriere Nordfjord starta opp 1. januar, Karriere HAFS 1. mars og Karriere Sunnfjord 1. april. Sidan Nav er partner i Karriere Sogn og Fjordane, er karrieresentra lokaliserte i tilknytning til Nav-kontora i Sogndal, Eid, Fjaler og Førde. I tillegg til Nav er kommunane i Nordfjord og HAFS med i partnerskapen. Vi har også samarbeidstalar med NHO, LO, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Framtidsfylket og Ungt entreprenørskap.

Karriere Sogn og Fjordane opna si eiga heimeside i desember 2013, www.karrieresfj.no.

320 har søkt vidaregåande opplæring for vaksne i 2013. Karrieresentra har i tillegg rettleiing til brukarar som ikkje søker vidaregåande opplæring, men som ønskjer generell karriererttleiing. Vi ser ein klar auke i talet brukarar ettersom tilbodet vert meir kjent.

EFFEKTIVISERINGSTILTAK I 2013

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2013–2014 ei oppfylling på om lag 94 prosent, same som året før. På studieførebuaende utdanningsprogram er oppfyllinga om lag 94 prosent (som året før). Dei yrkesførebuaende utdanningsprogramma har òg ei oppfylling på om lag 94 prosent (som året før).

Oppfylling per nivå:

- vg1: 97 prosent (95 prosent året før)
- vg2: 92 prosent (som året før)
- vg3: 94 prosent (95 prosent året før).

(Kjelde: Søkjar og opplæringsstatistikk 2013–2014).

Opplæringstilbudet i 2013 samsvarte i stor grad med ønska til søkerane. Oppfyltingsprosenten syner over fleire år stabil og god utnytting av ressursane.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

- Sak 26/13 Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024
- Sak 39/13 Sogndal vidaregåande skule (byggetrinn II). Areal til restaurant-, matfag og allmennfag

Fylkesutvalet

- Sak 115/13 Namneendring etter samanslåing av vidaregåande skular
- Sak 116/13 Sogn Jord- og Hagebruksskule - veggen vidare

Hovudutvalet for opplæring

- Sak 2/13 Framlegg til endring av elev-pc-ordninga
- Sak 4/13 Justering av opplæringstilbudet for 2013-2014
- Sak 8/13 Kompetanseplanen 2013-2014
- Sak 12/13 Vg2 idrettfag ved Sogndal vidaregåande skule
- Sak 17/13 Årsmelding 2012 og Tilstandsrapport 2012 for vidaregåande opplæring
- Sak 20/13 God - betre - best! Handlingsprogram 2012-2015
- Sak 23/13 Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 - sektorbudsjett for opplæring
- Sak 25/13 Utviklingsprosjekt for naturbruksopplæringa
- Sak 26/13 Samanhengande 13-årig opplæringsløp
- Sak 28/13 Maritim produksjonsteknikk
- Sak 31/13 Søknad landsline skiskyting Stryn vidaregåande skule
- Sak 34/13 Opplæringstilbudet for skuleåret 2014-2015



Fylkesmessa for ungdomsbedrifter vart i 2013 arrangert på Eid. Messa var også åstad for den offisielle opninga av fylkesjubileet. Foto: Birthe Johanne Finstad.

Plan og næring

ØKONOMI

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 138,5 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2013. Midlane gjekk til administrasjon, næringsarbeid, regional planlegging, lokal samfunnsutvikling og miljø og naturressursar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildelte i tillegg 44,18 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane var forvalta av stiftinga Interkommunal næringsretta utviklingsordning - Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF), på grunnlag av ein handlingsplan godkjent av hovudutvalet for plan og næring. Fylket mottok 6,34 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning. Desse midlane er overførte til 2014 grunna forseinkingar i ny ordning og vert no nytta som eigendelar i prosjektsøknader til Post- og teletilsynet.

Større satsingar	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	46	41,7	39,7	39,7
Omstillingsarbeid i kommunar	9,3	7,2	8	8
Kommunale næringsfond	14,5	18,5	18,5	18,5
Reiseliv	6,9	10,9	10,5	11,6
Tettstadutvikling	5,6	5,2	4,9	4,9
Folkehelsesatsing	4,5	4,75	5,75	5,75

Tabell 12: Store utgiftsområde på plan og næring 2011-2013, i mill. kr.

REGIONAL PLANLEGGING

Fylkeskommunen arbeide i 2013 med følgjande regionale planar:

- Regional plan for skulebruk - vedteken i fylkestinget i juni 2013
- Regional plan for Nordfjella - lagt ut til offentleg ettersyn av fylkesutvalet i august 2013
- Regional plan for Ottadalsområdet - revidert planframlegg lagt ut til offentleg ettersyn av fylkesutvalet i november 2013
- Regional transportplan - vedteken i fylkestinget i desember 2013
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - vedteken i fylkestinget i desember 2013
- Regional plan for verdiskaping - planprogram vedteke, planarbeidet gjennomført med vedtak i 2014
- Regional plan for folkehelse - arbeid med planprogram
- Regional plan for vassforvaltning - vesentlege vassforvaltningsspørsmål

Regional plan for kysten - vedtak i fylkestinget i juni 2013. Fylkestinget utsette oppstart av ein strategisk plan for kysten til slutten av planperioden. Arbeidet med å forankre oppfølging av kartleggingsdelen vart starta opp.

VERDISKAPINGSPLANEN - KOR STOR AUKE I ARBEIDSPASSAR FÅR VI FRAMOVER?

Fylkestinget har gjennom Regional planstrategi sett søkjelys på folketalsutviklinga i fylket og har mellom anna tinga

ein regional plan for verdiskaping. Sentralt i planen er korleis vi i samarbeid kan legge til rette for fleire arbeidsplassar. Planarbeidet skal òg handle om attraktive arbeidsplassar; arbeidsplassar som gjer at folk vel å busette seg i Sogn og Fjordane. Fylkesutvalet vedtok planprogrammet 15. mai 2013. Partnerskapen som skulle arbeide med planen, Næringsforum, vart sett saman slik: Høgskulen i Sogn og Fjordane, Nav, KS, Innovasjon Norge, LO og NHO i fylket, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Næringsforum har arbeidd med desse seks tema i planen, etter bestilling frå plautvalet: kunnskap, nyskaping, fornybar energi, sjømatnæringa, reiseliv, olje og gass og landbruk.

Resultatet er god medverknad, god forankring både på politisk og på administrativt leiarnivå i fylket, og ein plan som er klar til høyring våren 2014. Planen skal gje retning for arbeidet med verdiskaping i fylket.

FOLKEHELSEPLANEN - KVA ER DEI STORE UTFORDRINGANE FOR BETRE FOLKEHELSE?

Folkehelseplanen skal trekke opp dei viktige utfordringane for fylket, som kan bidra til å styrke helse og trivsel. Gjennom eit omfattande arbeid med planprogrammet, har vi lagt vekt på ein prosess som fangar opp kunnskapen som ligg hjå einskildpersonar i organisasjonar og offentlege aktørar. Vi gjer dette for å peike ut viktige utfordringar og behov. Eit anna mål med å bruke god tid på arbeidet med planprogrammet, er å sikre betre forankring og deltaking i sjølve planarbeidet og gjennomføringa i etterkant.

KOMMUNANE ER VIKTIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Kommunal planlegging

Kommunal planlegging er ei av dei heilt sentrale oppgåvene fylkeskommunen støttar opp under. Det er arbeidet med strategisk kommuneplanarbeid som har vore høgst prioritert i 2013, for å hjelpe kommunane til å bli langsiktige og strategiske utviklingsaktørar.

22 kommunar har vedteke kommunal planstrategi innan 2013, og 19 av desse har vedteke revisjon av kommuneplan i løpet av planperioden (2012-2016).

Fylkeskommunen har i 2013 gitt administrative innspel til varsel frå kommunane om oppstart av 15 kommuneplanar med planprogram. Det vart gjennomført 22 møte i Planforum (møteplass for kommunane, der dei får møte alle dei regionale offentlege aktørane samla). Samfunnsdelen av kommuneplanen var tema i fleire møte. I 2013 gav fylkesutvalet høyringsuttale til samfunnsdelen av kommuneplanen til åtte kommunar.

Fylkeskommunen har vore direkte inne med fagleg støtte og hjelp til fleire einskildkommunar i arbeidet med slutføring av kommunale planstrategiar og samfunnsdelen i kommuneplanen.

Fylkeskommunen har delteke fagleg og økonomisk i fleire lokale planprosessar i 2013. To døme på dette er utarbeidinga av kommuneplan for Flora, «Pilot Måløy», og støtte til utgreiinga «Sogndal som eit attraktivt regionsenter».

Reguleringsplanar var i liten grad prioriterte i 2013. Det er gitt nokre fråsegner eller enkle attendemeldingar til om lag 40 planar. Det er òg gjeve planjuridisk- og planfagleg rettleiing om reguleringsplanar via telefon og e-post.

Tettstadutvikling og stadforming

Fylkeskommunen tildelte 4,9 mill. kr til stadanalysar og kommunale opprustingsprosjekt i sentrumsområde i 2013. Støtta gjekk til prosjekt i kommunane Solund, Vågsøy, Eid, Bremanger, Flora og Sogndal. Tilskota støttar kartlegging av bakgrunn, registrering og analysar av ein stad og gode og attraktive møteplassar, som torg, parkar og allmenningstruktur for ålmenta.

Fylkeskommunen har gitt fagleg og økonomisk støtte til fleire pilotprosjekt innan stadanalyse, arealbruk og miljøvennleg bustadbygging. Metodikken «Open Form» har vore sentral i arbeidet med stadanalyse og områderegeringsplan i Måløy og stadanalyse og arealbruk på Reed.

Det er gitt økonomisk støtte til pilotprosjektet TUN+ på Lomelde i Sogndal. TUN+ legg opp til ei framtidretta, berekraftig utbygging og utforming av bustader og bustadområde. Prosjektet har stor overføringverdi.

Næringsutvikling i kommunane

Kommunane er første møtepunktet for gründerar og etablerte bedrifter. Det er eit prioritert område for fylkeskommunen å støtte opp om arbeidet med næringsutvikling i kommunane.

Prosjektet «Kommunal næringsutvikling» starta i 2011 for å styrkje det offentlege næringsapparatet. Det skal gjere næringsarbeidarane betre i stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen og kommunane.

Ei viktig satsing er kompetanseheving av næringsapparatet i kommunane. Det er arrangert fleire kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet, med eit samla deltakartal på over 80. Målet er å styrkje arbeidet med gründerar og småbedrifter. Nytt av året er satsinga på høgskulestudium i intraprenørskap, bedriftsutvikling og knoppskyting, slik at næringsapparatet skal ha kompetanse i det oppsøkjande arbeidet med småbedriftene.

19 deltakarar følgde studiet, og 15 tok eksamen.

Fylkeskommunen har hatt møte med 15 kommunar for å sikre god dialog om næringsutvikling. Vi har gjennomført ei omfattande satsing på etablerarkurs som dekker heile fylket, og over 50 personar tok til på desse kursa. Nettsida www.driftig.no

er ein viktig kommunikasjonskanal frå næringsapparatet til gründerane. Nettsida gjev dei som vil skape eiga bedrift oversikt over kven dei skal ta kontakt med i sin kommune og kva kurstilbod dei kan nytte seg av, faglege tips og inspirasjon. Det vart utvikla eit program for småbedrifter som vert teke i bruk i 2014. Den årlege møteplassen for næringsarbeidarane, Tiltaksforum, samla over 50 personar.

Løyvingane til kommunale næringsfond var 18,5 mill. kr i 2013. Dette er same sum som i 2012. Kommunane må ha oppdaterte planar innan næringsutvikling og tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar for å få støtte frå fylkeskommunen.

Eitt eksempel på tilskot frå kommunale næringsfond er Multivolt, som har fått tilskot frå Hyllestad kommune. Dette er ei av dei mest vellukka bedriftsetableringane i Hyllestad dei siste åra. Selskapet leverer tenester knytt til elektroinstallasjonar, samt ulike kontroll- og vedlikehaldssystem.

Breiband og mobildekning

50 prosent av husstandar og bedrifter i Sogn og Fjordane har tilgang til breiband med kapasitet 25 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums eller betre. Av desse har 22 prosent tilgang på 50 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums. Til samanlikning hadde berre 26 prosent av innbyggjarne tilgang til 25 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums, og seks prosent hadde tilgang til 50 Mbit/s nedstraums og 1 Mbit/s oppstraums i 2011.

Det vart i 2013 ikkje lyst ut midlar til utbygging av breiband og mobildekning i påvente av ei avklaring om støtteordninga var i tråd med statstøtteregelverket i EU. Arbeidet med ei notifisering til ESA starta opp sommaren 2013, men vart lagt på vent då det vart kjent at Post- og teletilsynet fekk ansvaret for tilskotsforvaltninga frå 2014.

2013-midlane og restmidlane frå tidlegare år, samla 9,7 mill. kr vart overførte til 2014. Desse vert nytta som eigendelar i søknader til Post- og teletilsynet.

I 2013 styrka vi breibandsatsinga gjennom eit prosjekt og ein prosjektleiar som skal rådgje kommunane i det krevande arbeidet med utbygging av breiband.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i den nasjonale satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Kjernen i LUK-arbeidet er å styrke utviklingskompetansen i både fylkeskommunen og kommunane. Fylkeskommunen utarbeidde i 2013 mellom anna reisetidskart for kommunar og regionar. Desse bidreg til kunnskap og medvit om felles bu- og arbeidsregionar i fylket, og dei er viktige verktøy i kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

EVALUERING I 2014

Vi vil evaluere ordninga med kommunale næringsfond i 2014 og vurdere om retningslinene er tenlege. Då vil vi også sjå meir på resultat og effekt av midlane. Ei nasjonal undersøking i 2012 viste at næringsfondsmidlane har medverka til å styrke, sikre eller etablere arbeidsplassar og styrke overlevingsevna til etablerte bedrifter. Midlane har i noko mindre grad enn midlane frå Innovasjon Norge medverka til innovasjon, noko som er naturleg sidan næringsfond er eit verkemiddel nytta i ein tidleg fase og til mindre verksemder.

Fylkeskommunen starta i 2013 opp eit toårig pilotprosjekt om metoden Kultur for samfunnsutvikling (Cultural Planning). Halvvegs i prosjektperioden er arbeidet godt i rute både når det gjeld innføring og utprøving av planleggingsmodellen, etablering av norsk språk og utvikling av modellar for å presentere metoden. Som metode er Kultur for samfunnsutvikling eit nyttig bidrag til kommuneplanlegginga, både med omsyn til arbeidsmåtarne det omfattar og involvering av kultursektoren og kulturarbeidarane på nye måtar.

I eit anna LUK-prosjekt har vi arbeidd med å få til sterkare kopling mellom handlingsdel og økonomiplan i kommuneplanlegginga. Etter arbeidet i 2013 er medvitet om fordelane av ei slik kopling auka, men det er variasjonar når det gjeld korleis kommunane sjølve meiner dei ligg an med å få til denne koplinga.

BULYST

Fylkeskommunen er med i den nasjonale Bulyst-satsinga for å styrke arbeidet med stad- og samfunnsutvikling. I 2013 var det elleve aktive Bulyst-prosjekt i Sogn og Fjordane. Fire prosjekt var nye i 2013. Eitt av dei, «Bulyst ved Nasjonalpark» i Oppstryn, får fylkeskommunal medfinansiering. Prosjektet er i regi av Jostedalbreen Nasjonalparksenter.

Fylkeskommunen arrangerte i desember ei erfaringsamling for alle Bulyst prosjekta i fylket. Målet var å skape ein møteplass for erfaringsdeling og nettverksbygging.

VERDSARV, NATUR- OG KULTURPARKAR

2013 var det siste året i det femårige programmet «Naturarven som verdiskapar», der fylkeskommunen har delteke med prosjekta «Kystarven» i HAFS-kommunane, «Mellom Fjell og Fjord» i Luster kommune og «Nærøyfjorden Verdsarvpark» i kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss.

Prosjektet «Nærøyfjorden Verdsarvpark» er sett saman av partnarar frå lokalbefolkning, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvaltning i området. Samarbeidet byggjer på ein forpliktande partnerskapsavtale for å fremje verdsarvverdiane i området Nærøyfjorden gjennom berekraftig utvikling. Arbeidet skal leggje grunnlaget for ny verdiskaping og utvikling av landskaps- og kulturarvressursane i området. Satsing på natur og kulturarven er nedfelt i den regionale planstrategien.

SMÅKOMMUNEPROGRAMMET

Balestrand og Hornindal blei i 2013 tekne ut til å vere med i den nasjonale satsinga «Småkommuneprogrammet». Målet med satsinga var å bidra til å auke utviklingskapasiteten i utvalde kommunar med mindre enn 2000 innbyggjarar.

Etter framlegginga av tilleggsproposisjonen for statsbudsjettet 2014, vart det klart at Småkommuneprogrammet vert avvikla frå 2014. Fylkeskommunen ønskjer likevel å støtte Balestrand og Hornindal og har diskutert med kommunane korleis vi kan arbeide for og saman vidare.

OMSTILLING

Kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal hadde omstillingsstatus i 2013. Fylkekommunen løyvde totalt 8 060 000 kr i omstillingsmidlar.

Midlane vart fordelte slik:

Askvoll	1 560 000 kr
Hyllestad	3 000 000 kr
Lærdal	3 500 000 kr
Restmidlar overført til 2014	1 740 000 kr

Programstatusvurderinga, som er den eksterne vurderinga av omstillingsarbeidet, synte framgang for Askvoll og Hyllestad på dei aller fleste resultatindikatorane samanlikna med 2012. Resultatindikatorane er henta frå «diamanten», som er grunnlaget i alle programstatusvurderingane fram til sluttevalueringa. Indikatorane ser på profil, organisering, prosjektportefølgje, oppfølging, læring og erfaring, plan for vidareføring, samhandling med sentrale aktørar, arbeidsplassar og programmet i

måloppnåing. I Lærdal vert den første programstatusvurderinga gjennomført hausten 2014. Alle omstillingskommunane har styrka kompetanse på utviklingsarbeid.

Relevant forskning dei siste ti åra syner at omstillingsprogramma verkeleg verkar, og at langtidseffektane er tydeleg positive.

INNOVASJON, FORSKING OG UTVIKLING

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar for hovudprosjekt i 2013. For forprosjekt var det laupande utlysingar. Forskingsfondet tok imot søknader innan tema berekraftig matproduksjon, energi, offentlege utviklingsoppgåve på Vestlandet og reiseliv. Det var òg høve til å levere forprosjekt innan temaet Vestlandet 2015.

Ti søknader om forprosjekt frå Sogn og Fjordane vart vurderte. Av desse fekk fem prosjekt støtte. Det vart tilsvarende vurdert ni søknader om hovudprosjekt. Av desse fekk tre prosjekt støtte.

VERKEMIDDEL FOR REGIONAL UTVIKLING OG INNOVASJON - VRI

Fylkeskommunen har leia eit samarbeidsprosjekt for å auke bruken av FoU i næringslivet, VRI-prosjektet. Prosjektet har lukkast best innan marin næringsutvikling. Verkemidlet «kompetansemekling» får god tilbakemelding. Meklinga handlar om å etablere konkrete samarbeidsprosjekt mellom bedrifter og forskingsmiljø. I ei spørjegransking gjennomført av Forskningsrådet får verkemiddelapparatet i hovudsak god tilbakemelding.

INNSATS FOR Å UTVIKLE KUNNSKAPSINTENSIVE TENESTEYTANDE NÆRINGAR

Fylket må få ein større del av dei ekspansive tenesteytande næringane, og strategiar for å utvikle desse næringane må setjast på dagsorden. Så langt er elementa i ei slik satsing:

- Vidareutvikling av dei tre næringshagemiljøa Gulen-Masfjorden, Sognefjorden næringshage og Næringshagane i Nordfjord. Næringshagane hadde i 2013 49 målbedrifter. 29 av desse rapporterte om vekst.
- Vidareutvikling av to inkubatormiljø, inkubator administrert av Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og industriinkubator administrert av Fram Flora. Kunnskapsparken rapporterer om 18 inkubatorbedrifter i 2013.

	FoU-inkubator		Mat- og natur- inkubator		Totalt	
	2013	2012	2013	2012	2013	2012
Pre-inkubasjon	1	0	1	2	2	2
Inkubasjon	11	11	1	3	12	14
Postinkubasjon	2	1	2	0	4	1

Tabell 13: Inkubatoraktivitet 2012-2013. Tal bedrifter.

Arbeidet med å etablere teknologisenter i Førde er på utgreiingsstadiet.

Innovasjon Norge (IN) brukte 10,8 mill. kr på forretningsmessig tenesteyting i 2013. IN analyserte konsulentbransjen i fylket. Bedriftene i granskinga representerte ulike bransjar, til dømes softwareutvikling, ikt-tenester og bedriftsrådgivning på ulike spesialfelt.

REGIONALT FORSKINGSFOND VESTLANDET

Forprosjekt som fekk støtte

- Stiftinga Vestlandsforskning: Havforsuring og sjømatnæringa på Vestlandet: Kunnskapsstatus og handlingsrom.
- Stiftinga Vestlandsforskning: Tilpassing eller transformasjon: To alternative scenarior for eit klimarobust og berekraftig Vestlandslandbruk.
- Eid kommune: Digitalisering i mindre kommunar.
- Njøs Næringsutvikling: Potensiale for utnytting av terroir - forprosjekt eple.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå-og-opp-prosjekt.

Hovudprosjekt som fekk støtte

- Sogn Aqua AS: Ny teknologi for kveiteyngelproduksjon ved Sogn Aqua.
- Fjord Norge AS/NCE Tourism: Sustainable cruises. Understanding and Optimizing People, Planet and Profit. Ført på Sogn og Fjordane sidan Vestlandsforskning har prosjektleiinga
- Havlandet Marin Yngel AS: Production of sterile farmed cod by vaccination against specific germ cell factors.

INTERKOMMUNAL NÆRINGSRETTE UTVIKLINGSORDNING – FØRDE, SOGDAL, FLORA (INU-FSF)

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn dei andre kommunane i fylket og får kompensasjon for dette gjennom statsbudsjettet. Stiftinga som forvaltar desse midlane, INU-FSF, tildelte 41 mill. kr til regionale fellestiltak og 5 mill. kr i bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Noreg i 2013.

Dei største løyvingane i 2013 gjekk til:

- Tettstadutvikling (Førde, Flora og Sogndal) – 7,5 mill. kr
- Reiseliv – 4 mill. kr
- Regionhamn Sunnfjord – 5 mill. kr
- Elkraft/energiutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane – 4,5 mill. kr
- Delfinansiering av SIVA sitt forsterka inkubatorprogram – 3,7 mill. kr
- Subsea-bachelorutdanning i Florø – 2,5 mill. kr

TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD I SOGN OG FJORDANE

«Strategisk utviklingsanalyse for petroleumsverksemda i fylket» var lagt fram tidleg i 2013. Det har vidare vore mykje aktivitet ved Fjord Base i Florø. Planar for baseutviding har vore mykje diskutert gjennom året.

Statoil er den største kunden på basen. GdF Suez er det andre oljeselskapet som er representert. Knarr-feltet, med BG Norge som operatør, er under utvikling, og GdF Suez byggjer opp ei base- og driftsavdeling i Florø fram mot driftsstart hausten 2014. Det er opparbeidd infrastruktur som ligg klar for ny aktivitet på Lutelandet i Fjaler. Eit sentralt satsingsområde er å rive utrangerte offshoreinstallasjonar.

Baseutfordringa

Statoil står for mykje av aktiviteten på Fjord Base. Selskapet har der logistikk-senteret sitt for røyr, i tillegg har dei aktivitet innan annan forsyning, forpleining og subsea. Statoil sa i 2013 at dei vil endre seglingsmønsteret på norsk sokkel. Dette vil medføre at mykje aktivitet vert flytta frå Florø til Mongstad.

Fylkeskommunen har engasjert seg sterkt i denne problemstillinga, rekna på konsekvensane og konkludert med at 150 årsverk innan primærleverandørane vil forsvinne. Slike endringar vil slå svært negativt ut for leverandørbreidde og kritisk masse. Ei slik utvikling vil vere urimeleg i lys av at fylket, som nabo til ein tredel av oljeproduksjonen til Statoil på norsk sokkel, ikkje har meir enn vel ein prosent av sysselsettinga i næringa.

FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er eitt av satsingsområda i Regional verdiskapingsplan. Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane står bak initiativet Energiregion Sogn og Fjordane. Ein sentral ambisjon er at arbeidet skal få status som Arenaprojekt. Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag står bak bioenergi-prosjektet i Sogn og Fjordane. Målet er å leggje til rette for auka uttak og leveranse av skogsvirke til energiproduksjon.

HAVBRUK OG FISKERI

Tre program innan marin næringsutvikling vart følgde opp i 2013:

TO NYE STUDIUM

Subseautdanning

Hausten 2013 starta subsea-bachelorutdanning opp i Florø med i overkant av 30 studentar. Tilsvarande studium hadde tidlegare vist seg svært ettertrakta på Straume utanfor Bergen. Aktiviteten innanfor subsea er aukande, også på sokkelen utanfor Sogn og Fjordane. Tilgang på kompetanse i regionen aukar sjansen for å kunne utføre meir avanserte oppgåver på subsea-utstyr lokalt. Det vert opptak av nye studentar til studiestart hausten 2014.

Energiutdanning

Det vart etter etterspurnad frå bransjen sjølv etablert studium i elkraft/energiutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2013. INU-styret løyvde 4,5 mill. kr av kompensasjonsmidlane for å få studiet finansiert i tidleg fase, noko som vi sikre finansiering på ordinær måte om tre år.

Bakgrunnen for studiet er at energibransjen, installasjonsbransjen og industrien har problem med rekruttering og kompetanseutvikling grunna få utdanna nasjonalt og ingen i fylket.

- *Arbeidsprogram rekruttering marin sektor*
Dei årvisse marine rekrutteringsleirane for 10. klassingar vart i 2013 avlyst.
- *AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning)*
Programmet har som mål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvaltning, på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og -organ og i samarbeid med akvakultur- og villaksinteresser.
- *Vestlandsamarbeidet marin sektor (VestMarin)*
Dette er eit marint samarbeid for næringsutvikling innan havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Fylka Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane deltek. I 2013 leia Sogn og Fjordane samarbeidet. Programmet har delfinansiert ulike prosjekt og konferansar, arrangert felles vestlandsstand under fiskerimessa Aqua-Nor, samarbeidd om felles politiske høyringar, utarbeidd høyringssaker til Vestlandsrådet og utarbeidd «Marin strategi for Vestlandsrådet».

Fylkeskommunen er med i internasjonalt marint samarbeid gjennom Nordsjøkommisjonen.

Miljøseminar

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fiskeri- og havbruksnærings landsforeining (FHL) miljøseminar i Florø 13. og 14. februar 2013. Seminaret la vekt på miljøspørsmål knytte til setjefisk og matfiskanlegg. Seminaret var det andre i rekka, og vi hadde denne gongen tema knytt til utnytting av slam frå setjefiskanlegg som ressurs, revidert standard for miljøovervaking, miljøsertifisering og miljøkrav samt føredrag og diskusjon rundt tildelinga av «grøne konsesjonar», som blei utlyst juni 2013.

Målgruppa for seminaret var næringsutøvarar, akvakulturforvaltning, forskingsaktørar, kommunar konsulentar og andre interesserte.

REISELIV

Fylkeskommunen løyvde 11,6 mill. kr til reiseliv i 2013. Ei eiga styringsgruppe sett saman av offentlege og private aktørar har ansvaret for oppfølging og koordinering av arbeidet i regi av reiselivsplanen «Fjordane frå bre til hav 2010-2025». Styringsgruppa har òg disponert reiselivsmidlar frå INU-FSF-stiftinga.

I 2013 har det mellom anna blitt arbeidd vidare med tilgjengeleggjing gjennom tilrettelegging av infrastruktur gjennom ulike prosjekt. 2,5 mill. kr vart lyste ut og tildelte ulike infrastrukturprosjekt, som skal medverke til å auke reiselivsaktiviteten i fylket. Eksempel på prioriterte prosjekt er terrengsykling i Nordfjord, QR-koding langs kysten, utgreiing om cruise i Olden, samt utvida ruteproduksjon av Urnes-ferja og sesongforlenging for stavkyrkjene på Urnes og i Borgund. Midlar gikk også til Jostedalbreebussen, bussrute over Aurlandsfjellet, laussnøekspresen i Sogndal og fleire andre. Resultata av prosjekta ser vi i 2014.

2013 var ikkje noko godt år for reiselivet i fylket. Vi hadde ein nedgang i tal gjestedøgn, men hadde ei positiv utvikling når det gjeld skuldersesong og vintertrafikk. Reiselivsplanen legg opp til å styrke vinter- og skuldersesongar, og tildelingar legg vekt på at prosjekt skal støtte opp om å skape heilårsarbeidsplassar og utnytte samspelet mellom ulike næringar. Å utvikle reiselivsnæringa er eit arbeid som krev lang tidshorisont for å sjå reelle resultat. Auka profesjonalisering og utvikling av aktivitetsbasert turisme er viktig for å få til dette, og Innovasjon Norge spelar ei viktig rolle i dette arbeidet.

LANDBRUK

Fylkeskommunen er høyringsinstans for nasjonale prosessar og har løfta fram dei viktigaste produksjonane i fylket i årets fråsegn til jordbruksoppgjæret. Vidare har fylkeskommunen fordelt 1,6 mill. kr til tiltak som skal auke rekrutteringa og kompetansen i landbruket i fylket. Nettbasert agronomutdanninga er det største og mest målretta tiltaket som gjev nye næringsutøvarar i fylket riktig og god kompetanse, og etterspurnaden aukar for kvart år.

BEDRIFTSRETTE STØTTE GJENNOM INNOVASJON NOREG

Fylkeskommunen løyvde 39,7 mill. kr til Innovasjon Norge (IN) i 2013. Hovudsatsingane var i samsvar med føringane i

tilsegningsbrevet og innafor desse områda:

- *Reiseliv:* Samhandling er hovudprioritet for den proaktive bedriftsretta reiselivssatsinga i Sogn og Fjordane. I tillegg til å støtte einskildbedrifter har IN tre prioriterte tiltak som er bidraga deira for å auke samhandlinga i reiselivet: 1) bedriftsnettverk for tematiserte opplevingskonsept, 2) tilrettelegging av årleg nettverksarena med reiselivskonferansen "Fjordane frå bre til hav" og 3) profilering og finansiering av IN sine kompetanseprogram for reiselivsnæringa.
- *Fornybar energi, olje og gass:* Innan næringane fornybar energi og olje og gass har IN bidrege med finansiering av fleire spennande teknologiutviklingsprosjekt.
- *FOU, innovasjon og marknadsorientering:* IN har vidareført og vidareutvikla arbeidet med forretningsmodellering basert på Alexander Osterwalder sin metodikk. Denne har eit enkelt, visuelt og intuitivt språk for kartlegging, skildring og utvikling av forretningsmodellar.
- *Kunnskapsintensiv verksemd:* IN har hatt særleg søkjelys på bedrifter med stort vekstpotensial, og spesielt dei som har internasjonale ambisjonar.
- *Marine næringar:* IN har over tid satsa offensivt på å utvikle torsk som ny kommersiell oppdrettsart. IN har, saman med eigarane, bidrege til å oppretthalde det einaste attverande og fremste miljøet i landet innan produksjon av yngel, lokalisert i Florø. IN har også støtta ny teknologi for avlusing av oppdrettsnæringane, for å gjere dei meir berekraftige.
- *Nettverkssamarbeid og nettverksprosjekt i næringslivet:* IN har vore pådrivar for og har finansiert fleire bedriftsnettverksprosjekt, spesielt gjeld dette innan reiselivet og marin sektor. På landbrukssida er IN i gang med ei mobilisering gjennom Arenaprojektet Frukt og Bær. Målet er å utvikle ei sterkare, meir marknadsorientert og innovativ næringsklynge basert på dei naturgjevne føresetnadene, og dei miljøa vi har innan denne sektoren i regionen vår.
- *Kommunal næringsutvikling:* IN deltek i styringsgruppa i Prosjektet "Kommunal næringsutvikling", som gjer ein ekstra innsats inn mot kommunane for å styrke næringsutviklingsarbeidet. IN bidreg også med opplæring til førstelinetenesta i sakshandsaming av det kommunale næringsfondet og er rådgjevar for kommunane.
- *Omstillingsarbeidet i kommunane:* IN spelar ei viktig rolle i arbeidet med kommunane som vert definerte som omstillingskommunar. IN tilbyr verktøy og tenester som skal hjelpe dei å oppnå eit meir robust næringsliv og gjere kommunane meir attraktive for næringslivet.

SAMARBEID OM FORNYING OG UTVIKLING AV OFFENTLEG SEKTOR

I 2013 var det eit samarbeid med Fylkesmannen både om finansiering og prioritering av søknadar innan temaet. Fylkeskommunen nytta 1,925 mill. kr til dette i 2013, og Fylkesmannen nytta 5 mill. kr. Midlane vart fordelte slik:

- Adresseprosjekt Sogn - 0,175 mill. kr
- Breiband - kommunenett Nordfjord - 0,25 mill. kr
- Meldingsløftet fase 2 - 0,45 mill. kr
- Samordna digitaliseringsstrategi for kommunane i Sogn og Fjordane - 0,15 mill. kr
- Prosjekt 3 F Årdal - 0,25 mill. kr
- Regional næringsstrategi for Sunnfjord - 0,4 mill. kr
- E-handel for kommunane i Sogn og Flora kommune - 0,25 mill. kr

Fylkeskommunen hadde opphavleg løyvd 2,5 mill. kr i 2013, men løyvinga var redusert til 1,925 mill. kr etter overforbruk i 2012.

2013 er siste året for samordninga for fylkeskommunen sin del. Ordninga vil bli vidareført av Fylkesmannen.

FOLKEHELSE

Fylkeskommunen samarbeidar med 13 kommunar om satsinga på reduksjon av skader og ulykker etter Trygge lokalsamfunn-modellen. Vi har jobba mykje med det i 2013 og vil særleg trekke fram to kompetansesamlingar, ein fagkonferanse og ein studietur til Horsens i Danmark. Fire kommunar vil jobbe fram mot godkjenning som «Trygt lokalsamfunn». Desse får no rettleiing retta mot dette.

Fylkeskommunen har prioritert kompetanseheving innan ernæringsarbeidet i 2013. 230 tilsette i skular og barnehagar har delteke på kurs om korleis lage sunne måltid. Det har vore samlingar og studietur for kantineansvarlege i vidaregåande skular, og nettverksmøte for kantiner i privat og offentleg sektor.

I 2013 var fyrste året fylkeskommunen arbeidde med eit oversiktsdokument over helsesituasjonen i fylket og moglege faktorar som kan påverke folkehelsa. Som ledd i dette gjennomførte fylkeskommune i samarbeid med Høgskulen ei omfattande spørjeundersøking blant alle 17-åringar i fylket.

24 kommunar har teikna avtale med fylkeskommunen om partnerskap for folkehelse. Det har vore to samlingar og ein fagkonferanse for folkehelse generelt. Partnerskapen nytta totalt 3,312 mill. kr frå fylkeskommunen.

Danseverkstadane gjennomførte jubileumsførestillinga «På egne bein», der 80 unge instruktørar deltok. For å sikre god lokal vidareføring og stabil drift i danseverkstadane, vart det utdanna nye instruktørar og arrangert to nettverksmøte.

Aktiviteten på folkehelseområdet er målretta og svarer på nasjonale og regionale utfordringar. Det meste av innsatsen rettar seg mot heile befolkninga eller store grupper i befolkninga. Målet er å få til kloke, varige løysingar/endingar innan etablerte samfunnsmessige strukturar og innan frivillig og etter kvart også privat sektor.

UNIVERSELL UTFORMING

Området universell utforming er styrkt dei siste åra. I 2013 samarbeidde vi tett med kommunar om kartlegging og kompetanseheving. Det vart også gjort registreringar av sentrumsnære turveggar i 15 kommunar. Turvegane vart registrerte med omsyn til universell utforming, som del av oppfølginga av Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

MILJØ OG RESSURSFORVALTNING

Vasskraft/kraftliner

Fylkeskommunen gav uttale til 20 konsesjonssøknader. Vi sende også administrativ uttale til fem planendringssaker.

Fylkeskommunen er uttalepart til konsesjonspliktvrderinga til NVE. NVE tek avgjerd om ei sak er konsesjonspliktig eller ikkje. Dette gjeld i hovudsak minikraftverk og mikrokraftverk. Sakene vert handterte administrativt.

Fylkeskommunen har i 2013 gitt uttale til utbygging av fire kraftlinjer og transformatorar med spenningsnivå over 22 kV.

Det er førebudd sak til fylkesutvalet og fylkestinget om bruk av forkjøpsrett i samband med erverv av fallretter, som vert nytta i Stakaldefossen kraftstasjon og Øvre og Nedre Svutlingen kraftstasjonar.

Vindkraft

2013 har det ikkje vore inne heilt nye saker med søknad om konsesjonar for vindkraft. Fylkeskommunen har gitt uttale til søknad om bygging av Mehuken 3 vindkraftverk i Vågsøy kommune. Tre nye vindmøller skal erstatte fem vindmøller som vart bygde i prosjektet Mehuken 1. Fylkeskommunen har òg gitt uttale til Olje- og energidepartementet om «Havvind-strategisk konsekvensvurdering». NVE har vurdert 15 område til havs med tanke på vindkraftutbygging.

Vassforvaltning

Fylkeskommunen er mynde for utarbeiding av Forvaltningsplan for vassressursane. I 2013 har arbeidet vore konsentrert om å få ei samla oversikt over «Vesentlege vassforvaltnings spørsmål», og prosessar for å få innspel til ei samla tiltaksanalyse. I tillegg er det gjennomført eitt fagseminar for å styrke kunnskapen om tema. Seminaret handla om kommunale utslepp og landbrukureining. Fylkeskommunen fekk i 2013 overført 0,7 mill. kr frå Direktoratet for naturforvaltning til planarbeidet.

VILT- OG FISKEFORVALTNING

Fylkeskommunen handsama 19 søknader om tilskot til vilttiltak for til saman ein mill. kr i 2013. Ramma for tildeling var på 0,4 mill. kr, og ni søkjarar fekk midlar. Det største tilskotet på 0,2 mill. kr gjekk til «Prosjekt forvaltning av hjortebestand» i regi av Sogn og Fjordane skogeigarlag.

FRILUFTSLIV

Fylkeskommunen har inngått tre utviklingsavtalar med frivillige organisasjonar innan friluftsliv. Vi var også i 2013 med på å dele ut støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane og løyvde til saman 1,4 mill. kr.

Fylkeskommunen bidrog med 0,35 mill. kr. Kommunane bidrog med tilsvarande sum, og Gjensidigestiftinga bidrog med 0,7 mill. kr.

FYLKESATLAS OG GEOGRAFISK INFORMASJONSSYSTEM

Fylkesatlas er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Her finn du samla tilgang til sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og temakart som natur, kultur, landbruk, planlegging og andre kartfesta tema. Målgruppene er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private. I 2013 var det ca. 43 000 besøkande på sida, av dei var det 20 000 unike besøkande. Dette er ein auke på 30 prosent samanlikna med 2012.

Ved utgangen av 2013 har fylkeskommunen 17 datamaskiner med programvare for geografisk informasjonssystem (GIS). Nytt innfor GIS dette året er at vi har gjort reisetidsanalyser. Ved å bruke eit vegnettverk og befolkningsruter på 250 x 250 meter kan vi finne ut kor mange personar som bur innfor ein gitt tidsinterval frå sentrumspunkt.

GRÜNDRERPRISEN FOR UNGDOM

Gründerprisen for ungdom gikk til Siri Linn Haugen og Silje Blindheim som er gründerane bak selskapet Back to Start AS. Verksemda har base i Stryn og står bak ei bedrift som tilbyr kompetanseheving innan basistrening.

HANDSAMING I FYLKESTINGET

- Sak nr 1/13 Regional plan for verdiskaping - Høyring og planprogram
- Sak nr 23/13 Næringshageprogrammet. Langsiktig medverknad. Søknader 2013
- Sak nr 36/13 Tertialrapport 1/13
- Sak nr 37/13 NCE Tourism Fjord Norway - avtaleperioden 2013-2016
- Sak nr 41/13 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2012
- Sak nr 51/13 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017, Høyringsdokument
- Sak nr 54/13 Tertialrapport 2/13
- Sak nr 57/13 Internasjonal strategi 2013-2017
- Sak nr 58/13 Rullering av handlingsprogram, Fylkesdelplan for klima og miljø
- Sak nr 64/13 Finansiering av prosjekt «K39» frå Telenor Vest og fylkespartnerskapen sitt VRI-samhandlingsprosjekt for perioden 2014-16
- Sak nr 66/13 Fylkeskommunen sin medlemskap i Fjellregionsamarbeidet
- Sak nr 74/13 Budsjet 2014/Økonomiplan 2014-17
- Sak nr 76/13 Fylkeskommunal årsrapportering - endringar
- Sak nr 79/13 Avtalar - destinasjonsselskapa 2014-2015
- Sak nr 88/13 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017

FYLKESPEGEL FOR SOGN OG FJORDANE

Fylkesspegelen er ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Det er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Nav Sogn og Fjordane. Samarbeidet vart oppretta i 2011. Fylkesspegelen konsentrerer seg om regionale problemstillingar og legg til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane.



Fylkeskommunene har gitt økonomisk støtte til pilotprosjektet TUN+ på Lomelde i Sogndal. (Illustrasjon)

TUN+ Lomelde 



Under Måløysymposiet i oktober 2013 vart det vist fram ei 1:1-skisse av allmenning frå sjø til fjell, daglys og himmellysning. Foto: Mona Elisabeth Steinsland.

Samferdsle

Fylkeskommunen har ansvaret for:


- kollektivtrafikktilbudet inkludert skuleskyss
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2616 km fylkesveg
- investeringar på fylkesvegnettet

I 2013 hadde samferdslesektoren eit samla driftsbudsjett på 1016,7 mill. kr. Rekneskapsresultatet syner eit forbruk på 1007,3 mill. kr. Midlane vart nytta slik:

Fordeling av driftsmidlar i samferdslesektoren	i mill. kr
Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	506,9
Fylkesvegar - miljø og trafikktryggingstiltak	5,5
Bilruter	250,1
Fylkesvegferjer	108,6
Fond til samferdsleføremål	10,0
Båtruter	117,2
Tilrettelagt transport	9,0
Totalt	1007,3

Tabell 14: Netto driftsutgifter i samferdsle 2013, i mill. kr.

Figur 7: Fordeling av driftsmidlar i samferdslesektoren



FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Fylkeskommunen styrer Statens vegvesen gjennom den årlege leveranseavtalen, og dei to etatane har eit tett og godt samarbeid. Statens vegvesen har vore ein viktig bidragsytar i arbeidet med faglege utgreiingar til Regional transportplan 2014–2017.

Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010–2013

Handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2010–2013 er utgangspunktet for all aktivitet knytt til fylkesvegane. Handlingsprogrammet hadde mellom anna som mål å fullføre investeringsprosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet innan 2013. Dette har vi lukkast med. Bremangersambandet vart opna for trafikk 16. mai 2013, og Dalsfjordsambandet vart opna 14. desember 2013.

Innanfor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet hadde handlingsprogrammet ei målsetting å stoppe forfallet på fylkesvegnettet i planperioden. I perioden 2010–2013 har det samla vore nytta om lag 1,2 mrd. 2013-kr (netto) til drift og vedlikehald. Dette er på nivå med det som vart lagt til grunn i handlingsprogrammet.

I februar 2013 la Statens vegvesen fram ein rapport om kostnadane med å fjerne forfallet på fylkesvegnettet. Rapporten synte at forfallet var mykje større enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Særskilt tunnelforfallet er stort i fylket vårt. Å fjerne forfallet på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane er kostnadsrekna til om lag fire mrd. 2012-kr.

Regional transportplan 2014–2023

I oktober 2012 gjorde fylkestinget vedtak om å utarbeide ein regional transportplan for Sogn og Fjordane. Vi la utkastet til Regional transportplan ut til offentleg ettersyn 26. juni 2013, med høringsfrist 27. september 2013. Fråsegnene til planframlegget viser at det er stort ønskje om nye investeringstiltak i planperioden.

Analysedelen viser dagens situasjon, og kva transportpolitiske utfordringar Sogn og Fjordane har. Han gjer vidare greie for politikk og strategiar som fylkeskommunen legg til grunn for utvikling av samferdsla i Sogn og Fjordane. Fylkestinget vedtok Regional transportplan 2014–2023 og Handlingsprogram 2014–2017 i møtet 10. desember 2013.

Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta i 2013 400,2 mill. kr brutto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er ein auke på 24,1 mill. kr frå året før. Til investeringar på fylkesvegnettet vart det samla nytta 703,1 mill. kr. Av dette var 92,4 mill. kr refusjon til Årdal kommune for forskotering av bygginga av Naustbukttunnelen på fv. 53. Auken i investeringar var 14,6 mill. kr i høve til 2012.

Driftsutgifter til fylkesvegføremål	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Renter for vegforskoteringar			1,0	1,0
Drift og vedlikehald (netto)	284,1	343,8	312,2	312,2
Skadefond for fylkesvegnettet	13,9	50,2	21,6	21,6
FTU-arbeid og tiltak	5,4	6,4	5,5	6,2
Fylkesvegferjer	114,7	119,4	108,6	109,0
Fond til samferdsleføremål			10,0	10,0
Driftsmidlar til investering	194,4	177,4	169,4	169,4
Sum	613,0	698,2	628,1	629,3

Tabell 15: Driftsutgifter til fylkesvegføremål 2011–2013, netto driftsutgifter i mill. kr.

Drift og vedlikehold

Det var i budsjettet for 2013 sett av 312,2 mill. kr netto til drift og vedlikehold av fylkesvegnettet. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 32,2 mill. kr, som er overført til disposisjonsfond. Midlane er tildelt Statens vegvesen i 2014 og vil bli nytta til vedlikeholdstiltak.

Rekneskapen for drift av fylkesvegnettet syner eit samla meirforbruk på 3,5 mill. kr. Meirforbruket på drift skuldast i hovudsak opprydding etter ras og flaum i løpet av året og uvêret Hilde. Behovet til vinterdrifta vart om lag tre mill. kr lågare enn føresett.

Innanfor vedlikehold var det eit samla mindreforbruk på 39 mill. kr. Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak knytt til tunnelvedlikehold, med eit samla mindreforbruk på 23 mill. kr. Av dette er 10 mill. kr mindreforbruk på fv. 55 Høyangertunnelen, som ikkje kom i gang som føresett i 2013. Vidare hadde vi ei stor innsparing knytt til bygginga av ny fv. 664 veg til Otterdal i Hornindal kommune på 11 mill. kr.

Refusjon av meirverdiavgift vart om lag 3,4 mill. kr lågare enn føresett i budsjettet.

Det vart lagt 168 km nytt dekke og sett opp 3 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2013. Tala for 2012 var 123 km nytt dekke og 25 km rekkverk.

Dei generelle prisane på drift og vedlikehold synte nasjonalt ein auke 3,8 prosent frå 2012 til 2013. Til samanlikning var prisstigninga frå 2011 til 2012 på 3,2 prosent.

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestinget vedtok Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2014-2017 i møtet 10. desember 2013.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2013. Av disponibel ramme er det brukt 5,5 mill. kr. Midlane er brukte slik:

- Refleksprosjektet: 0,3 mil. kr
- Trafikktryggingstiltak i kommunane 4,2 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytte til trafikktrygging: 1 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr

TRAFIKKTRYGGINGSPRISEN 2013


Trafikktryggingsprisen for 2013 gjekk til fylkesordførar Åshild Kjelsnes. Ho har gjennom verv som leiar av trafikktryggingsutvalet, leiar for Nasjonal rassikringsgruppe og nestleiar i Trygg Trafikk sett tydelege spor etter seg i arbeidet for eit tryggare trafikkbilete. Fylkesordføraren gav prisen på 25 000 kr til Sogn og Fjordane idrettskrins.

17 kommunar søkte i 2013 om midlar til trafikktryggingstiltak, med ein samla kostnad på omlag 15 mill. kr. Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte eller at tiltaka hadde lågare pris enn venta.

Uluksesåret 2013

Fylkeskommunen har etter vegtrafikklova § 40a ansvaret for å tilrå og samordne tiltak for å betre trafikktryggleiken i fylket. I trafikktryggleiksplanen har fylkestinget lagt til grunn 0-visjonen for arbeidet med trafikktryggleik, dvs. null drepne og null varige skader. Målsettinga for fylket er at talet drepne og hardt skadde på vegtrafikken i 2024 skal vere halvert i høve til gjennomsnittleg tal drepne og hardt skadde i åra 2008-2011.

Figur 8: Drepne i trafikken i Sogn og Fjordane 1996-2013.



I perioden 2009-2012 var det her i fylket i gjennomsnitt 150 politiregistrerte personskadeulukker årleg. Det var også i gjennomsnitt 4 drepne og 25 hardt skadde i desse ulukkene årleg.

Året 2013 var eit tragisk og dramatisk år i trafikken i Sogn og Fjordane med ni dødsulukker og tolv drepne. Fire av ulukkene skjedde på fylkesvegnettet vårt. Fem av ulukkene skjedde på riksvegnettet. Av dei ni dødsulukkene var det fem møteulukker, tre utforkøyringsulukker og ei skredulukke.

Tal drepne i trafikken i Sogn og Fjordane var i 2013 tre gonger så mange som i 2012.

Veginvesteringar og rassikring

Fylkesvegforemål	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Investeringar	577,4	688,5	703,1	720,7

Tabell 15: Brutto investeringar til fylkesvegforemål 2012-2013, i mill. kr.

Samla ramme til investeringar var 720,7 mill. kr i 2013. Vi hadde eit samla mindreforbruk på veginvesteringane på 17,5 mill. kr.

Vi nytta 487,4 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2013. Bremangersambandet hadde eit mindreforbruk på 9,8 mill. kr grunna at sluttoppgjret vert utbetalt i 2014. Arbeidet på fv. 60 Olden-Innvik nytta om lag fem mill. kr meir enn føresett i budsjettet.

Mindre utbetringar hadde samla eit meirforbruk på om lag fire mill. kr. Dette skuldast hovudsakleg meirforbruk på 7,3 mill. kr på bygginga av tunnelen til Laukeland på fv. 391. Meirforbruket skuldast hovudsakleg meir fjellsprenging og massetransport, samt meir bruk av vass- og frostsikring enn føresett.

Gang- og sykkelveggar hadde eit mindreforbruk på 4,5 mill. kr. Dette er knytt til seinare oppstart av arbeidet på fv. 545 Kinnvegen i Florø.

For rassikringsmidlar har vi eit mindreforbruk på omlag tre mill. kr. Dei største avvika er på fv. 337 Buskredene, som har eit mindreforbruk på 4,1 mill. kr, der sluttoppgjret vert utbetalt i 2014. På fv. 152 Allgøya vart forbruket 2,4 mill. kr høgare enn venta i 2013. På grunn av rasfaren skjer arbeidet over to sesongar og er venta slutført i 2014.

Store prosjekt

Dalsfjordsambandet

Dalsfjordsambandet vart opna 14. desember 2013. Prosjektet omfattar bygging av hengebru, veg og tunnelar frå Eikenes i Askvoll kommune til Dale og Sætenes i Fjaler kommune. Total hovudveg lengde er ca. 10,1 km fordelt på veg med 5,9 km, tunnel 4,2 km og 0,5 km hengebru. Sambandet har erstatta ferja på strekninga Dale-Eikenes.

Arbeidet med veg og tunnel frå Eikenes til Steiehalsen var ferdig i oktober 2013. På denne strekninga har det òg vore utført eit omfattande sikringsarbeid i fjellskjeringane på grunn av fjellforholda. Sluttarbeidet blir utført vinteren 2014.

Entreprenøren NCC har stemna Sogn og Fjordane fylkeskommune på kontrakten som gjeld veg og tunnel. Dom i saka vart avsagt i Fjordane tingrett 31. juli 2013. Både NCC og fylkeskommunen anka delar av dommen innan ankefristen 15. september 2013.

Bremangersambandet

Bremangersambandet omfattar ny veg med gang- og sykkelveg/fortau frå Kolset til Leirgulen, utbetring av heile strekninga Leirgulen-Bortnen og ny veg og tunnel frå Bortnen til Sørðalsvatnet på fv. 614 i Bremanger. Utbygginga omfattar bygging og utbetring av totalt 11,9 km veg mellom Kolset og Sørðalsvatnet. Av dette er 4,8 km ny tunnel, 0,2 km utviding av eksisterande tunnel og 6,9 km veg. I prosjektet ligg òg bygging av to km gang- og sykkelveg mellom Kolset og Leirgulen. Prosjektet medfører nedlegging av ferjestrekninga Smørhamn-Kjelkenes. Prosjektet vart opna for trafikk 16. mai 2013. Det står att sluttoppgjret med entreprenørane, grunnoppgrjer og oppmåling av eigedomsgrense. Dette vil bli utført i 2014.

Olden-Innvik

Prosjektet omfattar utbetring av delstrekningar mellom Olden og Innvik i Stryn kommune. I desember 2011 vedtok fylkestinget løyving til bygging av Agieldtunnelen på 0,9 km og 1,1 km veg i dagen. Det var gjennomslag i tunnelen i veke fire i 2013. Det er utført og vert arbeidd med sikringsarbeid over fjellskjeringar på veg i dagen, fylling i sjø og sprenging for veg i dagen er under arbeid.

Frist for ferdigstilling av kontrakten er 1. september 2014. Kvinnherad Elektro AS starta på elektrokontrakten i desember 2013 og vil bli ferdig i april 2014. Planlagt ferdigstilling er hausten 2014.

Parsellen Uгла-Skarstein er ferdig prosjektert.

Fylkesvegferjer

Kabelferjesambandet Mjånes-Hisarøy starta opp 30. august 2013. Dette er den første batteridrivne ferja som er sett i trafikk i Sogn og Fjordane. Ferja er bygd på Solund Verft i samarbeid med Wergeland AS og Maritime Engineering AS Knarvik.

Nye vegsamband gjorde at ferjesambanda Dale-Eikenes og Smørhamn-Kjelkenes kunne leggest ned i 2013.

Sogn og Fjordane har seks fylkesvegferjesamband frå 2014.

Vi nytta 108,6 mill. kr til ferjedrifta i 2013. Dette er 0,5 mill. kr lågare enn budsjettert. Dagens drift ligg i fleire avtalar. Den første avtalen går til og med 2015, og den siste går til og med 2017.

Statens vegvesen har i 2013 arbeidd med å førebu anbodskonkurranse for utlysing i 2014 saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkestinget vedtok i 2013 at dagens rutetilbod skal leggest til grunn i anbodskonkurransen, saman med statlege krav til drift av ferjesamband. Trafikkutvikling på dei ulike sambanda skal vurderast. Det skal òg inviterast til meir miljøvenleg teknologi ved at det vert opna for inntil 3 prosent auka kostnader for eitt av sambanda.

KOLLEKTIVTRAFIKK

Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var i 2013 på 384,6 mill. kr, rekneskapen er på 376,3 mill. kr.

Kollektivtransport	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Bilruter	222,5	236,6	260,2	266,3
Båtruter	104,2	112,4	117,1	119,3
Tilrettelagt transport	7,8	8,6	9,0	9,0
Sum kollektivtrafikk	334,5	357,6	386,3	394,6

Tabell 16: Netto driftsutgifter til kollektivtransport 2011-2013, i mill. kr.

Vi hadde i 2013 eit mindreforbruk på kollektivområdet på 8,3 mill. kr.

Hovudårsakene til mindreforbruket er

- auka kommunal betaling for grunnskuleskyss
- ikkje full gjennomføring av kompetansemøduklar for sjåførar
- færre ungdomskortreiser
- kvalitetsgebyr for båt
- mindre bruk av bygderuter med båt til veglause grenser.

Båtruter

Båtrutene våre omfattar skuleskyss, ruter til veglause grender, bygderuter, lokalruter, godsroute og ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Rutetilbodet har vore tilnærma uendra i 2013 samanlikna med 2012.

VEGOPNINGAR I 2013

- **Fv. 614 Bremangersambandet II**
(Sørdal - Kolset): 2 km gang og sykkelveg, 5,7 km ny fylkesveg (av dette 4,8 km ny tunnel), 6,2 km utbetra veg
- **Fv. 609 Dalsfjordsambandet**
10,1 km ny fylkesveg
- **Fv. 7 Hisarøy**
0,3 km ny fylkesveg (+ 0,8 km kommunal veg)
- **Fv. 391 Laukeland**
1,2 km ny/utbetra fylkesveg (0,55 km tunnel)
- **Fv. 664 Otterdal**
1,7 km oppbygging av veg

2013 er det første heile driftsåret etter at alle avtalane vart lyste ut på anbod. Generelt kan vi seie oss nøgde med dyktige transportørar som gjer ein god jobb. Det har likevel vore eit krevjande år for administrasjonen med mange rundar med avklaringar knytt til driftsavtalane. Strengt regelverk, avtaletolking, overgangsordningar med meir gjorde det krevjande å innfri forventningar dei reisande har til ei kvar tid.

Bussruter

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,74 mill. passasjerar utanom skuleelevar i 2013.

Det var nærmare 6000 grunnskuleelevar som hadde skuleskyss i 2013, ein auke på 500 frå året før. Nedlegging av fleire grunnskular førte til større behov for skuleskyss.

I vidaregåande skule hadde om lag 1900 elevar skuleskyss, ein nedgang på 100 i høve til 2012.

Skuleskyss utgjorde samla sett over 2,6 mill. reiser i 2013.

Bussanbod

I 2013 fekk Firda Billag kontrakt på køyring av fylkeskommunale ruter i kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn. Fylkeskommunen har arbeidd med å førebu oppstart sommaren 2014. I samband med anbodsarbeidet er det inngått langsiktige leigeavtalar på rutebilterminalane i Stryn og på Nordfjordeid. Desse avtalane sikrar bruksrett på terminalane på nivå med i dag. Det er starta opp drøftingar om rutebilstasjonar i resten av fylket.

Parallelt med anbodsarbeidet for rutene i Nordfjord, har vi starta arbeidet med å hente inn detaljinformasjon på rutene i Sunnfjord-regionen, som er det neste området som skal lysast ut.

Anbod som driftsform

Mange av arbeidsprosessane som tidlegare vart utførte av ruteselskapa vert flytta over til fylkeskommunen i samband med anbodsutlysing. Dette gjeld til dømes ruteplanlegging, rutekunngjering, marknadsføring og billetteringssystem. Fylkeskommunen får eit mykje nærare forhold til ruteproduksjonen. Utarbeiding og gjennomføring av anbodsprosessar samt kontraktsoppfølging er arbeidskrevjande.

Ungdomskort

Det vart i 2013 selt noko over 12 000 periodar med månadskort. Dette er ein liten nedgang samanlikna med fjoråret, men høgare enn 2011.

Drosje

Det er no 158 drosjeløyve i Sogn og Fjordane. Av desse er det 51 drosjer som er tilrettelagde for rullestolbrukarar, og 28 løyve er reserveløyve. Desse tala er stabile frå året før.

Det er krevjande å halde oppe talet på drosjeløyve i distrikta. Det er òg krevjande å halde oppe talet på tilrettelagde drosjer. Fylkeskommunen har gitt dispensasjon frå regelverket om universell utforming for nokre få biltypar. Dette har vi gjort for å kunne gi eit tenleg tilbod på dei stadane det er gjeve dispensasjon.

Det vart løyvd totalt 5,6 mill. kroner til tilrettelagt transport i 2013.

Trygt heim for ein 50-lapp

Fylkeskommunen etablerte Trygt heim for ein 50-lapp i 2002. Trafikktryggleik for ungdom over 18 år er målet med tiltaket. Talet reisande auka jamt frå 6000 i 2003 til over 9000 i 2009. Bruken av tilbodet har blitt gradvis mindre dei seinare åra og var i 2013 på 6000 reisande.

I 2013 kosta ordninga om lag 1,5 mill. inkludert sommarruter.

Om lag 5000 av dei 6000 reisande knyter seg til Førde og Sogndal. Trass mange ruter rundt om i fylket er bruken minimal andre stadar enn Førde og Sogndal. Dei siste åra er òg trafikken i Førde og Sogndal redusert.

Det er ikkje gjort spesielle tiltak for å auke bruken av tilbodet i 2013.

Serviceskyss

I 2013 var det serviceskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler, Gaular, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Vågsøy, Flora, Solund, Sogndal og Gloppen. Fylkeskommunen brukte 2,9 mill. kroner til serviceskyss i 2013, om lag det same som i 2012. Det var over 18 000 reiser med serviceskyssen i 2013, ein liten nedgang frå føregåande år.

Universell utforming av rutebilstasjonar

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk 2,65 mill. kroner frå Statens vegvesen for å betre universell utforming og trafiktryggleik på rutebilstasjonane på Skei og Nordfjordeid.

Rutebilstasjonen på Nordfjordeid vart bygd om i 2013. Fylkeskommunen brukte midlar på å planlegge området slik at trafiktryggleik og universell utforming vart betra. Det er sett opp nytt venterom. Perrongane og trafikkmønsteret er lagt om slik at vi no har ein moderne og tenleg rutebilstasjon tilpassa dagens bruk. Det står att noko restarbeid med dekkelegging og rekkverk. Dette skal ferdigstillast våren 2014.

Det er gjennomført ei plan- og mogleighetsstudie for Skei rutebilstasjon, med skisser til nytt trafikkmønster og andre tiltak på stasjonen. Rutebilstasjonen ligg ved ESSO-stasjonen og har mange trafikantgrupper på eit avgrensa område. Studien skal nyttast som grunnlag for vidare planlegging av området.

Transportløyve

Fram til no har fylkeskommunane utstedt transportløyve. Arbeidet har bunde mindre enn eit halvt årsverk i Sogn og Fjordane. Løyvegebyr har finansiert arbeidsressursane som har vore nytta. I 2013 vedtok Stortinget at forvaltninga av ikkje-behovsprøvde transport- og godsløyve skal overførast til Statens vegvesen. Den nye eininga skal etablerast i Lærdal frå 1. januar 2015.

Fylkestingsaker for samferdsle

- Sak 8/13: Fv. 337 Rassikring Bjørnabakken. Fråvik frå krav i handbok 021 Vegtunneler.
- Sak 10/13: Søknad om omdisponering av skuleskyssmidlar til finansiering av kommunal veg til Tangenes.
- Sak 17/13: Søknad om fylkeskommunal tilslutning til Førdepakken som bompengeprojekt.
- Sak 19/13: Trafikktryggingutvalet - Revidert reglement og instruksar.
- Sak 22/13: Anbud på fylkeskommunale ferjesamband - nivå på ferjetenester.
- Sak 31/13: Skredsikring på fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken og Lindeskreda.
- Sak 42/13: Handlingsprogram 2014-2017 (23) Statens vegvesen - fråsegn.
- Sak 43/13: Førdepakken - godkjenning av bompengesøknad.
- Sak 44/13: Fylkeskommunal handlingsplan for trafiktrygging 2014-17.
- Sak 46/13: Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023.



Bremangersambandet mellom Kolset og Sördalsvatnet vart opna 16. mai 2013. Mange av gjestene kom til opninga på Bortnen i bilkortesje. Foto: Ole Ingar Hæreid.

Dalsfjordbrua er ein viktig del av det nye Dalsfjordsambandet, som vart opna 14. desember 2013. Det nye veganlegget erstatta ferjesambandet Dale og Eikenes. Foto: Birthe johanne Finstad.



Den offentlege tannhelsetenesta

Tenester	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	3,5	10,5	24,4	16,5
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	69,0	68,4	56,5	64,5
Sum	72.5	75.3	80.9	81.0

Tabell 17: tannhelsetenesta sine netto driftutgifter 2011-2013, i mill. kr.

Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet): eit overskot i 2011 på 0,9 mill. kr, eit overskot i 2012 på 5,2 mill. kr og eit overskot på 7,1 mill. kr i 2013.

Ansvar for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Det er definert tal for måloppnåing i vedteke målekart.

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene

- barn og unge 0-18 år (gr. A)
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- ungdom 19-20 år (gr. D)

28 464 personar i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2013. Dette utgjer 87 prosent av totalt tal i desse gruppene og er noko lågare enn i 2012 (93,6 prosent). Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt 36 500 pasientar under tilsyn i 2013.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull, 5-, 12- og 18-åringar. Resultata for 2013 syner nok ein gong at born og unge (0-18 år) i Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld god tannhelse:

- 85 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. Dette er identisk med resultatet i 2012.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,9 tenner med hol - det same som i 2012. 18-åringane har i gjennomsnitt 3,7 tenner med hol, noko som er ei betring frå 2012 då gjennomsnittet var 4.
- Vi har dei siste åra sett ei stor betring i tannhelsa til 5- og 12-åringane.
- For-18 åringane har vi enno ikkje sett større betring. Dette tyder på at det blir fleire hol på pasientar i alderen 12-18 år enn tidlegare. Det er òg tydeleg at om barn og unge først har hol i tennene, har dei gjerne fleire.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med 10 prosent frå 1. januar 2013. Rekneskapet for 2013 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på kr 7,003 mill. Overskotet skuldast vakansar, bruk av økonomiske verkemiddel i IA -avtalen, budsjett disiplin og høgare salsinntekter enn venta. Salsinntekter var på 22 338 mill. kr.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 98,4 årsverk i 2013. Av desse var 33,85 tannlegeårsverk og 13,85 tannpleiarårsverk. Det er utført same tannlegeårsverk og ein auke på 0,45 tannpleiarårsverk i høve 2012. Pr 31 desember 2013 var tre tannlegestillingar ledige. I tillegg kjem fire stillingar med fødselspermisjon. Rekruttering av tannlegar er framleis utfordrande og det er vanskeleg å dekke lengre permisjonar som for eksempel fødselspermisjonar.

Effektiviseringstiltak

Mange prioriterte pasientar møter ikkje til avtalt tannbehandling. I 2013 var dette 2248 timar. Det er ei betring frå 2612

timar i 2012. Vi har hatt auka merksemd på problemet, noko har medført om lag 400 færre ikkje-møtt timar og dermed ei effektivisering av tenesta.

Likestilling, likeverd og mangfald

Tannhelsetenesta har i 2013 arbeidd med den tidlegare vedtekne planen for likestilling, likeverd og mangfald og nyttar denne aktivt ved tilsettingar.

Tannhelsetenesta har i 2013 lagt stor vekt på å førebygge utvikling av svak tannhelse blant risikogrupper. Vi har utvikla kriterium for å identifisere risikopasientar. Det ser ut til at svak tannhelse har samanheng med sosial status. Tannhelsetenesta vil difor som regional utviklingsaktør i Sogn og Fjordane, forsøke å bidra til sosial utjamning av sosiale skilnader når det gjeld tannhelse.

Spesielle saker i fylkestinget og fylkesutvalet

Fylkestinget

- Sak 50/13: Strategisk handlingsplan for tannhelsetenesta 2014-2017.

Fylkesutvalet

- Sak 51/13: Retningslinjer for tannbehandling av tilsette i tannhelsetenesta.
- Sak 106/13: Orientering om takstar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.



Vasskoppen er del av prosjektet "Frå pupp til kopp", som rettar seg mot foreldre og føresette til barn på ca. seks månader. Fylkeskommunen er ansvarleg for prosjektet, som skjer i samarbeid mellom tannhelsetenesta og folkehelsekoordinatorane i kommunane. Foto: Silje Gassert.

Bygg og eigedom

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service. Tenesta skaffar også naudsynte bygg- og eigedommar til aktivitetane til fylkeskommunen.

Vi har eit mål om at verdien av eigedomsmassen ikkje skal verte mindre verdifull. Grunneigedomane og bygningane skal heile tida vera tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogleg lagt til rette for framtidige endringar.

Planlagde tiltak for investeringar og vedlikehald vart samla sett gjennomførte innanfor dei økonomiske rammene i 2013. Dei større byggjeprojekta har også halde planlagt framdrift.

Bygge- og investeringsprosjekt

Aktiviteten på større bygge- og investeringsprosjekt har i hovudsak i 2013 vore knytt til byggesteg 3 ved Flora vidaregåande skule. Dette byggesteget omfattar rehabilitering og ombygging av dei resterande bygga (blokk 1 og 2) ved skulen. Arbeidet har gått som planlagt og skal gjerast ferdig til skulestart 2014.

Vi har gjennomført ei rekke større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. Blant desse er

- ny reservekraftforsyning til Mo- og Jølster vidaregåande skule
- nytt ventilasjonsanlegg til prosess/kjemi ved Årdal vidaregåande skule
- nytt garasje- og lagerbygg ved Eid vidaregåande skule
- rehabilitering av sveiseverkstaden ved Måløy vidaregåande skule

Prosjektet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen pågår, og arbeid med oppgradering av fleire nødlis- og brannalarmanlegg er òg gjennomført i løpet av året.

Planlegging/skulebruksplan

Bygge og eigedomstenesta var også i 2013 involvert i arbeidet med ny skulebruksplan. Arbeidet gjaldt ulike utgreiingar knytt til eit best mogleg grunnlag for effektiv arealbruk av dei fylkeskommunale skulebygga i framtida. Etter vedtaket i fylkestinget i juni 2013 har arbeidet vore konsentrert om planlegging og budsjettering av dei einskilde tiltaka. Dette inneber både planlegging av nybygg, ombyggingar av eksisterande areal og avhending av bygg.

Fysisk miljø og inneklima

Fylkeskommunen arbeider kontinuerleg med at dei fylkeskommunale alle bygga skal ha eit godt innemiljø. Kartlegging skjer via enkle parameter på temperatur, relativ fuktigheit og CO₂-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller som ein del av vedlikehaldsplanen etter behov.

Bygge- og eigedomstenesta gjennomførte i 2013 eit større kartleggingsarbeid med radonmålingar i alle fylkeskommunale bygg. Resultata av om lag 800 ulike målingar er svært gode. Over 86 prosent av den fylkeskommunale bygningsmassen treng ikkje tiltak på dette område i det heile. I om lag 10 prosent av bygga er det sett i verk mindre og enkle tiltak, til dømes med mindre justering av eksisterande ventilasjonsanlegg. For dei resterande, om lag 4 prosent, vil vi setje i verk noko større tiltak med etablering av ny ventilasjon. Effekten av tiltaka vert òg etterprøvd.

Energisparing, energibruk og miljø

Fylkeskommunen arbeider aktivt med å få effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga. Vi har til dømes investert i energistyresystem, inngått avtale om fjernvarmeleveranse i Sogndal og lagt planar og budsjett for auka bruk av fornybar varme. Satsingsnivået på miljøtiltak for bygg- og eigedom er revidert i Fylkesdelplan for klima og miljø 2014-16.

Driftstenester

Det er organisert driftsteam med til saman fjorten tilsette ved dei fylkeskommunale bygningane i Sogndal og Førde. Dei tek seg av den daglege og tekniske drifta av bygningane. Det er i tillegg ein tilsett ved Årdal vidaregåande skule. Arbeidsoppgåvene er relatert til dei fleste fagområde. Teama har også ansvar for servicefunksjonar knytt til daglege driftsoppgåver.

Andre oppgåver

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltingsoppgåver for tannhelsetenesta og samferdslesektoren. Arbeidet er knytt til eigedommar og leigeavtalar.

Fylkeskommunen opna i 2013 ny tannklinikk i Årdal. Arbeidet vart utført i tråd med den vedtekne strategiplanen for sektoren. Bygge- og eigedomstenesta arbeider òg med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket. Konkret har dette siste året vore retta mot Sunnfjord-regionen i tråd med prosjektplan for konkurranseutsetting av dette bussrutetilbodet.

Idrettsanlegget i Trivselshagen på Sandane stod ferdig mot slutten av året i 2013. Klatreveggen er del av anlegget. Foto: Inger Aske Lothe.



Det indre liv

Biletet av trafostasjonen framfor Ryssdalshorn i Gloppen kom på delt andreplass i fotokonkurransen som prosjektet Lokale kulturminneplanar og fylkesjubileet arrangerte i 2013. Foto: Andreas Nygjerd



Arbeidsgjevarområdet

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Det er einingsleiarane som har ansvaret for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Fylkesrådmannen-personal gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for fylkeskommunen som arbeidsgjevar i 2013:

- Oppfølging av Handlingsplan for mangfald, likeverd og likestilling
- Oppfølging av Strategisk handlingsplan for offentlig tannhelse
- Oppfølging og administrering av bedriftshelsetenester - Stamina Helse
- Oppfølging av medarbeidarundersøkinga MTM, som var gjennomført i 2012
- Operativ leiarstøtte, blant anna i tilsetjingssaker og personalforvaltning generelt og i samband med skulebruksplanen spesielt
- Tilskot til hospitering og utdanning
- Oppfølging og vidareutvikling av kompetanseregistreringssystemet
- Oppfølging av innføringa av utviklingssamtalen
- Tilrettelegging og gjennomføring av leiarsamling for alle leiarar med personalansvar, fagleiarar og hovudtillitsvalde. Hovudtema for samlinga var «Leiarskap og etikk»
- Deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen
- Lønsforhandlingar for alle forhandlingsinstitutt
- Gjennomføring av grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (i målgruppa er VO, LAMU og leiarar)
- Fagseminar for reinhaldspersonalet, Reinhaldarseminaret 2012
- Oppfølging av revidering av seniorpolitisk handlingsplan
- Gjennomføring av introduksjonssamling for nye tilsette

PERSONALPOLITISKE TILTAK

Fylkeskommunen løyvde 600 000 kr til hospitering i 2013. Av desse vart 200 000 kr prioriterte til søkjarar over 55 år, jamfør Seniorpolitisk handlingsplan. Totalt søkte 33 personar om midlar til hospitering, 21 kvinner og 12 menn. 13 av søkjarane var over 55 år, 5 var kvinner og 8 menn. Totalt fekk 28 søkjarar midlar til hospitering, 17 kvinner og 11 menn. 3 kvinner og 7 menn var over 55 år.

Hospitering 2011		Hospitering 2012		Hospitering 2013	
14 kvinner	kr 212.974	13 kvinner	kr 227.503	21 kvinner	kr 306.877
3 menn	kr 46.000	5 menn	kr 137.948	12 menn	kr 292.064
Tildelt totalt	kr 258.974	Tildelt totalt	kr 365.451	Tildelt totalt	kr 598.941

Tabell 18: Hospitering - tildelte midlar.

ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen arbeider mot hovudmåla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Denne forpliktar oss til tre delmålsetjingar:

- Å redusere eller stabilisere sjukefråværet.
- Å leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt.
- Å redusere den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering.

I arbeidet vårt for utvikling av arbeidsmiljøet skjer det ei vridning frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent. For å klare denne målsettinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggjande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioriterer tilrettelegging for å halde på tilsette som får helseplager eller utfordringar i samband med det fysiske- og eller psykososiale i arbeidsmiljøet. Kvart år tilbyr vi 40-timars kurs i arbeidsmiljøkunnskap for leiarar, verneombod og medlemmer i arbeidsmiljøutvala. 17 personar gjennomførte denne grunnopplæringa i 2013.

Gjennomsnittlege fråvær i Sogn og Fjordane fylkeskommune var i 2013 5,6 prosent fordelt på 7,1 prosent kvinner og 3,8 prosent menn. Fråværet i 2013 er noko høgare enn stabiliseringsmålet på 5 prosent, som vi har i IA-avtalen. Vi registrerer at sjukefråværet for kvinner har auka monaleg, og at tilsvarande tal for menn er på stabilt lågt nivå.

SENIORPOLITISK ARBEID

Med seniorpolitikk legg vi til rette for å utvikle og gjere nytte av kunnskapane, ferdigheitene og arbeidsevna til seniormedarbeidarane på ein måte som både arbeidsgjevar og arbeidstakar er tente med. Ressursane seniormedarbeidarane våre står for er viktige for organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tileigne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen vil leggje forholde til rette slik at denne arbeidstakargruppa kan trivast og få personlege og faglege utviklande arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for ein tenleg og verdig avslutning av yrkeskarrieren for kvar einiskild.

Det er åtte tiltak/verkemiddel i den seniorpolitiske handlingsplanen vår. To av tiltaka, stimuleringstilskot og tilretteleggingstilskot, er direkteretta økonomiske bidrag. Samla vart det i 2013 nytta 920 161 kr til desse økonomiske bidraga.

BEDRIFTSHELSETENESTA

Leverandøren vår, Stamina Helse bedriftshelseteneste, har levert eit omfattande og breitt spekter av tenester. Dei bestilte tenestene dekkjer behova fylkeskommunen har for helse-, miljø- og tryggleiksoppfølging og bistand etter krav i arbeidsmiljølova § 3-3, forskrift om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (HMT) § 5 og forskrift om organisering, leiding og medverknad.

Forbetringsarbeidet innan HMT-området er i Sogn og Fjordane fylkeskommune eit klart definert leiaransvar, som vert kanalisert gjennom kvalitetssystemet for HMT. Arbeidet sikrar eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik når det gjeld fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebyggje og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med arbeidsmiljølova og andre lover som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, og etter drøftingar med samarbeids- og arbeidsmiljøutvala og med vernetenesta.

Tenesteleveransane samla i perioden 1. januar 2013-31. desember 2013 vart på 1075 timar fordelt på etter følgjande tema:

- Sjukefråværsarbeid - 16 timar
- Systematisk HMT-arbeid - 507 timar
- Arbeidshelseoppfølging - 57 timar
- Ergonomi - 132 timar
- Psykososialt arbeidsmiljø/organisasjonsutvikling - 169 timar
- Fysisk, kjemisk og biologisk arbeidsmiljø - 94 timar
- Livsstil og helse - 41 timar
- Undervisning og kurs - 23 timar
- Census - oppfølgingsarbeid i einingane etter medarbeidarundersøkinga MTM i 2012 - 35 timar

Fylkeskommunen arrangerer kvart år kurs i arbeidsmiljøkunnskap for leiarar, verneombod og medlemmer i arbeidsmiljøutvala. 17 tilsette gjennomførte dette kurset i 2013. Foto: Arvid Stenehjøm.



Likestilling, likeverd og mangfald

ARBEIDSTYRKEN

Vi har ein arbeidsstyrke på 1454 personar. 56,7 prosent er kvinner og 43,3 prosent er menn. 33 prosent av dei tilsette arbeidde deltid i 2013, mot 35 prosent i 2012. Det er kvinner i sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Fylkeskommunen har ei fleksibel handling til ynske frå arbeidstakarar om reduserte stillingar, noko som fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. Det er 36 faste tilsette som arbeider uynskt deltid (29 kvinner og 7 menn), og 35 av dei er i opplæringssektoren. Det er to hovudgrunnar til denne utfordringa i opplæringssektoren:

- Det er mange reinhaldarstillingar, og blant dei er det mange som arbeider deltid.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar for å få timeplanen til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 88,6 prosent i 2013. I 2011 var snittet 88 prosent og i 2012 var det 90 prosent.

Stilling	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Heiltid	488	34	486	33	974	67
Deltid	336	23	144	10	480	33
Totalt	824	57	630	43	1454	100

Tabell 19: Stillingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune fordelt på heiltid og deltid og på kjønn, 2013.
Inkl. lærlingar og ekskl. permisjonar

Sektor	Heiltidstilsette		Deltidstilsette	
	Kvinne	Menn	Kvinner	Menn
Kultur	12	8	2	3
Opplæring	330	362	251	127
Tannhelse	58	12	51	4
Sentraladm.	87	101	18	9

Tabell 20: Tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune fordelt på sektor, heil-/deltid og på kjønn, 2013.
Inkl. lærlingar og ekskl. permisjonar

Prosentvis fordeling	Foreldre-permisjon	Barns sjukdom	Omsorgs-permisjon	Anna velferd
Kvinne	76,2 %	71,8 %	61,9 %	63,7 %
Mann	23,8 %	28,2 %	38,1 %	36,3 %

Tabell 21: Prosentvis uttak av permisjon knytt til barn, omsorg og anna verferd.

Kvinner tek ut sju av ti permisjonsdagar i samband med omsorg og sjukdom.

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	111	9 %	7	1 %	118	9 %
Drifts og støttestillingar til fagstillingar	135	11 %	60	5 %	195	15 %
Sakshandsamarstillingar	61	5 %	77	6 %	138	11 %
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	18	1 %	5	1 %	23	2 %
Klinikkjef- og tannlegestillingar	23	2 %	12	1 %	35	3 %
Pedagogstillingar	306	24 %	331	26 %	637	51 %
Leiarstillingar	45	4 %	63	5 %	108	9 %
Totalt	699	56 %	555	44 %	1254	100 %

Tabell 22: Tal årsverk fordelte på stillingsgrupper, ekskl. permitterte.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	14	56 %	11	44 %
Tannhelse	1	50 %	1	50 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og ppt)	48	60 %	32	40 %
Totalt alle sektorarar	64	59 %	45	41 %

Tabell 23: Leiarstillingar i fylkeskommunen 2013. Fordeling kvinner og menn.

2010		2011		2012		2013	
Menn	Kvinne	Menn	Kvinne	Menn	Kvinne	Menn	Kvinne
59 %	41 %	58 %	42 %	59 %	41 %	59 %	41 %

Tabell 24: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner. Perioden 2010-2013.

LØNSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla er lønsgjennomsnittet for kvinner i fylkeskommunen 91,5 prosent av lønssnittet for menn. Tilsvarande tal for kommunesektoren var 91,3 prosent i 2012. Skilnaden skuldast i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillingar til fagstillingar. Snittlønna til desse gruppene er låg. Dei utgjer 25 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i åtte av ti stillingar.

Arbeidstakarar i kapittel 3 og kapittel 5.2 i hovudtariffavtalen får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. I kapittel 5.2 fekk kvinner ein større del av lønstillegga i høve kvinner sin del av lønsdanninga. I kapittel 3.4.2 er det omvendt.

Stillingsgruppe	2010	2011	2012	2013
Kontorstøttestillingar	98,3	92,3	90,2	92,6
Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar	99,1	98,5	98,4	98,4
Sakshandsamarstillingar	91,5	92,2	92,5	94,4
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	105,3	105,6	108,9	113,9
Tannlegestillingar	91,6	90,2	92,8	93,4
Pedagogiske stillingar	98,2	99,1	100,5	100,0
Leiarstillingar	97,2	100,5	100,2	100,3
Alle årsverk	89,8	90,9	91,9	91,5

Tabell 25: Løna til kvinner i prosent av løna til menn, rekna etter årsverk. Perioden 2010-2013.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap. 3.4 Einingsleiarar og leiarar i sentraladm.	41,3 %	58,7 %	35,5 %	64,5 %
Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	47,7 %	52,3 %	51,0 %	49,0 %

Tabell 26: Fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga.

HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Fylkestinget vedtok i juni 2009 handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planen skulle møte nye lovkrav og inkludere likeverd og mangfald i fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre likestilling og likeverd for alle. Visjonen er at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere kjent for å arbeide aktivt for likestilling, likeverd og mangfald. Det overordna målet er at tilsette og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

Delmål i handlingsplanen:

1. Innan utgangen av 2010 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikt i tråd med eksisterande lovkrav (nye frå januar 2009).
2. Innan utgangen av 2012 skal tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid vere redusert med 50 prosent, på sikt skal ingen tilsette arbeide ufrivillig deltid.
3. Fylkeskommen sine tilsette skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane.

Tiltak i handlingsplanen er:

1. Fylkeskommunen sine einingar skal kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak lokalt. Fylkesrådmannen skal samle inn einingane sine rapportar gjennom linja og samanstille dei.
2. Fylkeskommunen skal ta i bruk måleindikatorar for likestilling, likeverd og mangfald i sitt overordna styringsverktøy, balansert målstyring.
3. Fylkeskommunen skal ha ein inkluderande profil som formidlar at mangfald er ein ressurs for fylkeskommunen. Profilen skal syne att i stillingsutlysingar, i informasjonsmateriell, på rekrutterings- og utdanningsmesser, på fylkeskommunen sine nettsider, og i trykksaker som omtalar fylkeskommunen og fylkeskommunen sine einingar.
4. Ved tilsetjing av trainear skal fylkeskommunen prioritere kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med

innvandrarakgrunn.

5. Fylkeskommunen skal bli betre til å synleggjere viljen og evna til å leggje til rette for mangfaldet i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør, og det skal syne att i planarbeidet vårt, tilskotsordningane våre og i tenesteytinga vår.
6. Fylkeskommunen skal halvere tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid innan utgangen av 2012. Det skal gjerast i tråd med retningslinjer nedfelt i hovudtariffavtalen og til bruken av deltidstillingar i § 2.3.2 i hovudtariffavtalen. I tillegg gjeld følgjande interne prosessar:
 - a. Utviklingssamtalen skal nyttast til å kartleggje kven som ynskjer auka stillingsprosent.
 - b. Medarbeidaren skal formidle kva kompetansehevingstiltak som er ønskjeleg.
 - c. Leiar skal vurdere behovet for endra og ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år, samanhalde med prognose for avgang av medarbeidarane.
 - d. Eininga sitt kompetansebehov skal samanhaldast med dei tilsette sine ynskjer.
 - e. Om kompetansehevinga er innafor det behovet som er kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetanseheving for å kome i posisjon til utvida stilling.

I 2013 har vi arbeidd mest med tiltak fem og seks. Likestillingsarbeidet er elles lokalt tilpassa. Det betyr at dei vidaregåande skulane, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen har lokale handlingsplanar, som støttar opp om den overordna handlingsplanen i fylkeskommunen. Det gir lokalt eigarskap og mangfald i likestillingsarbeidet. Det lokale arbeidet har i 2013 blant anna lagt vekt på

- systematisk arbeid for kartlegging og reduksjon av uynskt deltid
- sikre mangfald i arbeidsstokken
- universell utforming av bygg
- likestilling, likeverd og mangfald er eit viktig tema i utviklingssamtalen
- utvikling av kompetanse og arbeidsmetodar for å løyse samansette planutfordringar

Fylkesrådmannen starta i 2013 også arbeidet med å justere gjeldande handlingsplan med nye mål og tiltak. Likestillingsutvalet skal vedta den justerte handlingsplanen i juni 2014.

Konkrete døme på tiltak i 2013

På den årlege leiarsamlinga til fylkesmannen var kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet tema. Leiarane våre fekk høyre livshistoria til transeksuelle John Jeanette og fekk informasjon om Stensveen ressurssenter. Senteret er ein stad der ein kan få hjelp og informasjon om kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fylkeskommunen kartlagt tilrettelagde og sentrale turvegar i 15 kommunar i 2013. Kommunane som har vore med, har registret turvegar som er, eller kan bli, universelt utforma.

Vi gir økonomisk støtte til utdanning. Målet er at tilsette som arbeider ufrivillig deltid skal kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver og slik kunne auke stillingsprosenten sin. To personar søkte og fekk støtte i 2013.

	2011	2012	2013
Mottekne søknadar	3	4	2
Godkjente søknadar	2	4	2
Tildelte midlar	125 000 kr	90 700 kr	108 900 kr

Tabell 27: Økonomiske støtte til utdanning 2011-2013.

Måloppnåing

I medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført i 2012, blei dei tilsette spurde om dei opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfald for brukarar og tilsette. Dei tilsette sine svar ligg i gjennomsnitt mellom «litt samd» og «stort sett samd» i at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Scoren er noko svakare for mangfald enn for likestilling og likeverd. Det gjeld både for dei tilsette og for brukarane. Vi er ikkje heilt i mål enno.

Når det gjeld delmåla, så er delmålet om at fylkeskommunen skal tilfredstille aktivtits- og rapporteringsplikta i tråd med lovkrav nådd.

Vi er usikre på om målet om halvering av uynskt deltid er nådd. Dette skuldast blant anna ulik forståing av kven som skal reknast med når det er snakk om uynskt deltid og ulike metodar for innsamling av tal på dette. Vi veit at gjennomsnittleg stillingsstorleik har gått opp frå 86 prosent i 2007 til nær 90 prosent i 2013. Det er åtte deltidstilsette som har søkt utdanningsstøtte sidan 2010. Einingsleiarane rapporterer om 35 fast tilsette som i 2013 har ynskt auka stillingsprosent. Desse tala står i kontrast til at 121 tilsette i medarbeidarundersøkinga i 2012 sa at dei ynskjer auka stillingsstorleik. Det er 21 fleire enn fylkesrådmannen si undersøking frå 2007 konkluderte med.

Delmål tre er ikkje dette tidfesta. Bakgrunnen for det er at det er svært krevjande å telje eller konkretisere status når det gjeld innvandrarar og personar med nedsett funksjonsevne. Det er difor vanskeleg både å finne for status og å måle endringar. Delmålet er likevel sett opp fordi fylkeskommunen ynskjer å formidle at mangfald blant våre tilsette er ein ressurs for fylkeskommunen.

Forvaltningsrevisjon og internkontroll

FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane til kontrollutvalet. Fylkesrådmannen rapporterer ved utgangen av 2013 på status for gjennomføring av fylkestingetsvedtak på prosjekt der det er restansar. Prosjekt som ennå ikkje er sende til fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet.

Prosjekt	Vedtak	Gjennomført 2013	Restanse
Bygge- og eigedomstenesta	FT-sak 23/08		Ny organisering av bygge- og eigedomstenesta er sett på arbeidsplanen i 2014.
Kompetanseprofil	FT-sak 18/10	Av omsyn til arbeidet med skulebruksplanen ynskte fylkesrådmannen å gå vidare med utviklinga av kompetansebudsjett og kompetanserekneskap i form av ein pilot på ein skule og hjå tannhelsetenesta. I 2013 har Øyrane vidaregåande skule og tannhelsetenesta tilnærma seg utviklingsarbeidet praktisk utifrå eigne utfordringar og behov.	Før det er aktuelt å implementere kompetansebudsjett og rekneskap for alle dei fylkeskommunale verksemdene, er det behov for å vidareutvikle og teste modellane til Øyrane vgs og tannhelsetenesta.
Vedtaksoppfølging	FT-sak 19/10	I 2013 vil avviksorientering skje som del av årsrapporten til fylkestinget.	
Internkontroll	FT-sak 1/10		
Byggeprosjekt	FT-sak 2/11	System for internkontroll er på plass. Det er etablert ein løpande dialog mellom kontrollutvalet og fylkesrådmannen om internkontrollarbeidet.	Forseinka oppfølging som skuldast prioritering av oppfølginga av skulebruksplanen så langt det gjeld bygge- og eigedomstenesta. Ny oppfølging etter 31. desember 14.
Energi og miljø	FT-sak 23/08	Fylkestinget vedtok i oktober sak 34/13 «Rullering ev handlingsprogram - fylkesdelplan for klima og miljø.» Som del av denne saka er det ei rekke oppfølgingspunkt for fylkestingssak 2/12.	Kontrollutvalet skal få rapport om oppfølginga gjennom fylkestingsvedtaket i sak 34/13 for å sjå på om saka kan ferdigstillast.
Innkjøp	FT-sak 18/10	Revisjonen kjem med ni tilrådingar i rapporten sin. På slutten av 2013 vart det utarbeidd plan for oppfølging av desse.	Fylkesrådmannen har frist til å rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.
Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbod til lærlingar	FT-sak 19/10	Saka er send frå kontrollutvalet i desember 2013 til behandling i fylkestinget.	

Figur 9: Oversyn over status for forvaltningsrevisjonsrapportar 2013.

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Det er etablert slike rutinar for rapportering av avvik i høve gjennomføring av politiske vedtak:

- Samla avviksrapportering vert årleg gjort slik:
 - o Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
 - o Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane

Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla, vil ein for dette året gje ei samla avviksrapportering her:

1. Utover det som er rapportert i avsnittet over om status for forvaltningsrevisjonssaker, er det ikkje registrert avvik av betydning i vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i 2013. Fylkestinget vedtok i sak 6/12, at fylkeskommunen skal lage ei filmmelding for Sogn og Fjordane innan 2014. Dette tiltaket er ikkje sett i verk i påvente av ei filmmelding for Vestlandet.
2. Fylkesdirektørane har ikkje meldt om avvik av betydning i vedtak gjort dei respektive hovudutval i 2013.

INTERNKONTROLL

Leiargruppa sette i mai månad ned ei prosjektgruppe for internkontrollarbeidet i fylkeskommunen. Prosjektgruppa har jobba med å implementere internkontroll i verksemda og har m.a. stått for gjennomføringa og oppfølginga av risikovurderinga organisasjonen føretok i 2013. Både sentraladministrasjonen og dei vidaregåande skulane tok i fjor del i risikovurderinga.

Desse to arbeidsområda vart risikovurderte:

1. Innkjøp i samsvar med gjeldande rammeavtalar
2. Personalforvaltning

På bakgrunn av resultatane frå risikovurderinga har leiinga ved kvar eining som oppgåve å utarbeide tiltak og handlingsplanar for å redusere sannsynet for at feil skjer og/eller redusere konsekvensane av feil som likevel måtte skje.

Det generelle inntrykket etter risikovurderinga er at ingen av dei to arbeidsområda skilde seg markert ut som område med høg risiko.

Når det gjeld innkjøpsområdet, peika prosjektgruppa, med tilslutning frå leiargruppa, på at mange einingar vil tene på å ha ein eller fleire «superbrukarar», som jamnleg får rettlegeing og skulering i anskaffingsregelverket.

På personalforvaltningsområdet framheva prosjektgruppa og leiargruppa at det er svært viktig for organisasjonen å auke kvaliteten på og tilgjenge til dei mange elektroniske verktøya som ligg på Portalen (intranettet). Verktøya ligg der, men dei burde vore lettare å finne, knappare og meir presise i forma

Fylkesrådmannen vil i 2014 skipe til kurs i saksførebuing for tilsette i sentraladministrasjonen. Dette som ei oppfølging av risikovurderinga i 2012, der saksførebuing til politiske organ var eit av arbeidsområda som vart risikovurdert.

Verdigrunnlaget

ETISKE STYRINGSVERKTØY

Regelverk for leiarar i fylkeskommunen

1. Sikrar kvaliteten på tenestene
2. Er aktiv i å utvikle og å gjennomføre mål og strategiar
3. Er utviklingsorientert og legg til rette for kreativitet, kompetanseutvikling og nytenking
4. Utviklar og gjennomfører likestillingstiltak i samsvar med handlingsplan for likestilling
5. Støttar medarbeidarar og kollegaer
6. Motiverer gjennom involvering, rettleiing og tilbakemelding
7. Utviklar ansvarskjensle og sjølvstende
8. Legg vekt på mangfald, samarbeid og fleksibilitet
9. Skapar eit ope, rømsleg og forsvarleg arbeidsmiljø
10. Arbeider for heilskapsløysingar
11. Forvaltar tildelte ressursar godt

Handling og haldning (utdrag frå Etiske retningslinjer)

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg stor vekt på at etisk haldning også må få gjennomslag i praktisk handling mellom anna ved å:

- følgje lover, føresegner og ordningar elles som gjeld for fylkeskommunen
- ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- forvalte fylkeskommunen sine ressursar på ein best mogleg måte
- vere lojal mot fylkeskommunen sine overordna mål
- vise andre respekt i omtale og i handling

Etiske prinsipp

Medvit om etikk og haldningar skal styrkje tilliten innbyggjarane har til politikk og administrasjon. Slikt medvit er å:

- vere lojal mot dei reglar og ordningar som gjeld i fylkeskommunen
- gi fullstendig og korrekt informasjon
- bruke mynde med varsemd og forstand
- ha ei fri og uavhengig stilling i saker der ein har mynde
- ikkje blande eigne og offentlege interesser
- vere ærlege

Varsling

Viss det er mistanke om grove brot på lover og avtaleverk, eller det ligg føre andre uetiske handlingar, skal det varslast. Fylkeskommunen har reglar for varsling.

Verdigrunnlaget i fylkeskommunen

Verdigrunnlaget er fundamentet som seier noko om kva verdiar som ligg til grunn for fylkeskommunen sine val og handlingar.

- **Respekt:** Vi er ærlege, opne og likeverdige som menneske.
- **Omsorg:** Vi bryr oss om - og støttar kvarandre.
- **Lojalitet:** Vi står saman om å realisere fastsette mål og oppgåver.
- **Medverknad:** Vi gjev uttrykk for eige syn og støttar avgjerder.
- **Effektivitet:** Vi skal nytte ressursane våre best mogleg.
- **Tillit:** Handlingane våre må skape tillit.

Målekart

Kultur	77
Opplæring.....	85
Plan og næring.....	91
Samferdsle.....	105
Den offentlege tannhelsetenesta.....	110

Kultur - målekart

Resultat sett i høve målekart 2013

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing. **Kritiske suksessfaktorar** er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einiskild suksessfaktor.

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Vidareutvikle dialog og samhandling med kulturaktørane i fylket

Måleindikator T1-1: Utarbeide ein oversikt over kompetansetiltak og møteplassar for kulturlivet i Sogn og Fjordane

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
T1-1-1: Distribuert etter plan.	Digital utgåve januar 2013.	Produsert, men ikkje publisert.

Måleindikator T1-2: Dialogmøte med kulturinstitusjonane

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
T1-2-1: Gjennomført.	T1-2-1: Gjennomføre fire møter i 2013.	T1-2-1: Gjennomført.
	T1-2-2: Møte mellom DKS og SoFt, DKS og musea, om produksjonar.	T1-2-2: Gjennomført.
	T1-2-3: Styrke utvikling, samarbeid og dialog med institusjonane.	T1-2-3: Gjennomført.

Måleindikator T1-3: Dialogmøte med frivillig sektor/større kulturarrangørar

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
T1-3-1: Regional plan for fysisk aktivitet Publikumsutvikling.	T1-3-1: Det skal arrangerast minst eitt møte.	T1-3-1: Gjennomført. Tema: idrett og friluftsliv, publikumsarbeid med institusjonane.
	T1-3-2: Samarbeid med Nynorsk mediasenter om DKS produksjon. Teatermiljøet i Fjaler og Askvoll, og Førdefestivalen.	T1-3-2: Samarbeid med SOFT og Alda teateret er gjennomført.

Måleindikator T1-4: Delta på regionale kulturnettverksmøte

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
1-4-1: Gjennomført.	T1-4-1: Delta på minst 2 møter i kvart av dei regionale kulturnettverka.	T1-4-1: Vi har delteke når vi vart invitert.

Måleindikator T1-5: Oppretthalde og vidareutvikle dialog med kultur og helseinstitusjonar regionalt og nasjonalt

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
T1-5-1: Gjennomført konferanse «Kultur - nøkkelen til verdig alderdom», «Den kulturelle spaserstokk» Gjennomført festival: Kulturfestival for utviklingshemma.	T1-5-1: Konferanse.	T1-5-1:Gjennomført.

T1-5-2: Delteke i «Nordisk nettverk for musikk og eldre», Fylkesdekkande nettverk for miljøbehandling i eldreomsorga, nettverk for kvalitativ forskning i Sogn og Fjordane og nettverk for forskning innan psykisk helse.

T1-5-2: Nettverksarbeid.

T1-5-2:Gjennomført.

T1-5-3: Har samarbeidsavtaler med Gamut - Griegakademiets musikkterapiforskning www.gamut.no, HISF avd. helsefag, utviklingsenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane, NFU - Norsk foreining for utviklingshemma, Sogn og Fjordane Røde kors - ferie for alle www.musikkogeldre.no.

T1-5-3: Utviklingsavtaler med fagmiljø og frivillig sektor.

T1-5-3: Gjennomført.

Kritisk suksessfaktor T2: Levere gode tenester innan kulturformidling

Måleindikator T2-1: Gode brukarvennlege nettbaserte/digitale tenester

- **Kulturnett SFJ**
- **Kultur på Sfj.no**
- **Den kulturelle skulesekken**
- **Fylkesarkivet sine heimesider og databasar**
- **Fylkesbiblioteket sine heimesider**

Resultat 2012

Ambisjonsnivå 2013

Evaluering/Resultat 2013

T2-1-1: Vidareutvikle KSYS, og auke skulane og kommunane sin bruk av sida.

T2-1-1: Gjennomført.

T2-1-2: Universell utforming skal vektleggast.

T2-1-2: Nettsidene er ikkje laga slik at dette let seg gjere.

T2-1-3: Sjølvbetjening på skjema for søknader o.l.

T2-1-3:Gjennomført.

Måleindikator Måleindikator T2-2: Kultursektoren skal vere synleg gjennom sosiale media

- **Facebook**
- **Flickr**
- **Twitter**
- **Blogg**
- **www.sfj.no/kultur**

Resultat 2012

Ambisjonsnivå 2013

Evaluering/Resultat 2013

T2-2-1: Det er oppretta Facebook-side for DKS, 160 likar sida. Kulturnett Sogn og Fjordane gjekk opp frå 185 tilhengjarar 1. januar 2012 til 340 ved utgangen av året. Det er oppretta opa Facebook-side for Ungdomspolitisk utval. Den lukka arbeidssida for upu på Facebook er mykje brukt. Desse sidene på Facebook vert også haldne ved like: Fylkesarkivet (216 likar), Fylkesbiblioteket (161 likar), Ungdomspolitisk utval (UPU) (227 likar), Lokale kulturminneplanar (111 likar), UKM Sogn og Fjordane (52 likar), Sogn og Fjordane 250 år (296 likar).

T2-2-1: Vedlikehalde Facebookside for tenestene:

- Den Kulturelle Skulesekken, auke talet på dei som følgjer sidene
- Fylkesbiblioteket
- Bokbåten
- Ungdomspolitisk utval
- Lokale kulturminneplanar
- Fylkesjubileet

T2-2-1: Gjennomført. 3300 "likar" fordelt på 7 facebook-sider.

T2-2-2: Det vart publisert totalt 28 blogginnlegg på Kulturbloggen i 2012.	T2-2-2: Det skal publiserast 2 blogginnlegg i månaden.	T2-2-2:Gjennomført.
T2-2-3: Det vert i snitt produsert eit utlegg på DKS si facebookside pr. veke. Aktiviteten følger aktiviteten i DKS. DKS har vurdert å mellombels ikkje bruke twitter. Kulturnett SFJ si Facebookside vart oppdatert relativt sjeldan fram til mai/juni. Etter det har sida vorte oppdatert minst to gonger i veka. Twitter vert også oppdatert jamleg, men sjeldnare enn Facebook. Fylkesarkivet har ei innhaldsrik Flickr-side med over 500 bilete. Fylkesbiblioteket har 55 bilete på Flickr. Facebooksida bokbåten (felles med M&R og Hordaland): 514 følgjarar Twitter: 203 følgjarar ca. 90 tweets.	T2-2-3: Det skal publiserast 2 innlegg på Facebook og Twitter i veka.	T2-2-3:Gjennomført.
	T2-2-4: Oppdatert informasjon om tenestene og aktivitetane til kulturavdelinga på heimesida.	T2-2-4:Gjennomført.

Måleindikator T2-3: God oppslutning om tilboda i Den kulturelle skulesekken

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
T2-3-1: Dei siste tre åra har det grunna økonomisk tilpassing vore ein reduksjon for utvalde årstrinn. Frå og med 2013-2014 reknar ein med å kunne tilby alle skulane i fylket fire tilbod pr. skuleår.	T2-3-1: Å auke tilbodet slik at alle elevane i grunnskulen får fire profesjonelle DKS-tilbod.	T2-3-1: Gjennomført.
T2-3-2: Alle elevane på vg2 og vg3 fekk eitt tilbod for skuleåret 2011-2012.	T2-3-2: Alle vg2- og vg3-elevar får minst eitt tilbod i året.	T2-3-2: Gjennomført.
T2-3-3: Alle førsteårslærlingar fekk eitt DKS-tilbod i 2012.	T2-3-3: Alle første års læringar får eitt tilbod i året.	T2-3-3: Dette vert gjennomført i 2014.
	T2-3-4: Arbeide for at biblioteka tek ei meir aktiv rolle ved DKS-produksjonar som turnerar innan litteratur.	T2-3-4: Gjennomført.
	T2-3-5: Følgje opp og godkjenne lokale DKS-planar.	T2-3-5: Gjennomført.
	T2-3-6: Formalisere samarbeidet om DKS mellom fylkeskommunen og kommunane, gjennom skriftlege avtalar.	T2-3-6: Blir jobba med. Vi har hatt møte med skuleleiarane. Målet er å få til ein avtale med Fylkesmannen og få avtale med kommunane.

Måleindikator T2-4: Kunnskapsbygging gjennom ulike formidlingskanalar

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-4-1: Kulturhistoriske Leksikon.	T2-4-1: Gjennomført.
	T2-4-2: Fylkesatlas.	T2-4-2: Gjennomført.
	T2-4-3: GEOatlas. 30 nye artiklar. 1690 artiklar totalt.	T2-4-3: Ikkje gjennomført.

	T2-4-4: Digitalt Fortalt. 30 artiklar. 280 totalt.	T2-4-4: Det har ikkje vore stor aktivitet i 2013. Nettstaden har vorte oppdatert og bruken er aukande att.
	T2-4-5: "Kjelda" kjem ut med fire nummer.	T2-4-5: Gjennomført.
	T2-4-6: Etablere nettstad med forfattarbase og anna artikkelproduksjon.	T2-4-6: Satsinga er vidareført i nytt prosjekt i samarbeid med Nordland fylkesbibliotek.
	T2-4-7: Kultur og eldre - prosjekt: artikkel i 2013 og førelesningar.	T2-4-7: Gjennomført.
	T2-4-8: MOSAIK - fagartikkel og metodikkbok på arbeid med flyktningar og innvandrarnborn.	T2-4-8: Det er produsert artikkel, men ikkje metodikkbok.
Måleindikator T2-5: Samlingsforvaltning / deпоthandsaming - Større merksemd og innsats på samlingsforvaltning ved Fylkesarkivet		
Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-5-1: Prioritere arbeid i depot og arkiv.	T2-5-1: Gjennomført.
	T2-5-2: Styrking av kompetanse innan depot og samlingsforvaltning.	T2-5-2: Gjennomført.
Måleindikator T2-6: Vidareutvikle og integrere kulturtilbod for alle		
Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-6-1: Fylkesdekkande Kulturfestival for utviklingshemma.	T2-6-1: Gjennomført.
	T2-6-2: MOSAIK - Kultur for helse og integrering.	T2-6-2: Gjennomført, tiltaket er fullført og avslutta.
	T2-6-3: Kultur og eldre - heilskapstenking for betre helse. Samarbeide med helsesektor for betre integrering av kultur i eldreomsorg.	T2-6-3: Gjennomført.
Måleindikator T2-7: Fylkesjubileet 2013		
Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-7-1: Presentere breidda i kulturlivet i fylket gjennom ei rekke arrangement, utstillingar og andre presentasjonar.	T2-7-1: Gjennomført.
	T2-7-2: Oppdatere heimeside for fylkesjubileet.	T2-7-2: Gjennomført. det er publisert 200 artiklar på denne sida, i all hovudsak artiklar om jubileumsaktivitetane.
Måleindikator T2-8: Evaluering av bokbåtenesta		
Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-8-1: Leverer evalueringsrapport innan 1. juni.	T2-8-1: Evalueringsrapporten vart handsama i Fylkestinget i sak 35/13.
Måleindikator T2-9: Fylkesmusikarordninga		
Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-9-1: Legge om fylkesmusikarordninga.	T2-9-1: Det er gjort politisk vedtak om endring, inkludert framdriftsplan. Denne er i ferd med å bli sett i verk som plan lagd.

Måleindikator T2-10: Kulturkort for ungdom

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T2-10-1: Auke tal kulturaktørar som tilbyr kulturkort for ungdom med 10 stk.	T2-10-1: Gjennomført.

Kritisk suksessfaktor T3: Dokumentere og digitalisere kulturarven

Måleindikator T3-1: Vevside om forfattarar frå Sogn og Fjordane

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T3-1-1: Utvikle nettside og byrje innlegging av informasjon.	T3-1-1: Satsinga er vidareført i nytt prosjekt i samarbeid med Nordland fylkesbibliotek.

Måleindikator T3-2: Digitalisere viktige historiske kjelder

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T3-2-1: Digitalisere alle formannskapsprotokollar frå kommunane + fylkeskommunen 1937 1945.	T3-2-1: Vi har digitalisert og publisert frå mange kommunar, men manglar nokre protokollar frå 14 kommunar + fylkeskommunen.

Måleindikator T3-4: Fylkessoga

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	T3-4-1: Inngå forlagsavtale.	T3-4-1: Gjennomført.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor R1: Kulturen si rolle i samfunnsutviklinga, særleg i samhandling med kommunane

Måleindikator R1-1: Inngå utviklingsavtalar med frivillige lag og organisasjonar

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-1-1: Det skal inngåast avtalar med dei store tilskotsmottakarane.	R1-1-1: Dette er under arbeid.
	R1-1-2: MOSAiK - integrere flyktningar i frivillige lag og organisasjonar.	R1-1-2: Gjennomført.

Måleindikator R1-2: Bidra til bibliotekutvikling ved etablering av forpliktande samarbeid mellom biblioteka

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-2-1: Arrangere kurs/workshop for bibliotektilsette.	R1-2-1: Gjennomført.
	R1-2-2: Opprette nettverksgrupper med utg. punkt i prosjektet «Saman for framtida».	R1-2-2: Arbeidet er i gong.

Måleindikator R1-3: Kultur og helse-satsing

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-3-1: Fylkesdekkande nettverk i miljøbehandling i eldreomsorga.	R1-3-1: Gjennomført.
	R1-3-2: Brosjyre om kultur og helse til kommunar og innbyggjarar.	R1-3-2: Ikkje gjennomført.

R1-3-3: Initiere kultur og helsestrategiar i kommunane. R1-3-3: Ikkje gjennomført.
R1-3-4: Initiere forskning innan relevante felt. R1-3-4: Vert vurdert fortløpande.

Måleindikator R1-4: Målretta formidling mot grunnskulen med utgangspunkt i kjelder og lokalhistorie

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
---------------	--------------------	--------------------------

Måleindikator R1-5: Auke kulturtilsette i kommunane sin kompetanse innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for arbeidet med lokal kulturutvikling knytt til bulyst, stadsutvikling, omdømebygging, spelemidlar m.m.

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-5-1: Arrangere årleg regional konferanse med kompetansebygging som føremål.	R1-5-1: DKS - avlyst, lite påmelding, Kulturkonferanse - avlyst, lite påmelding Spelemidlar - gjennomført. Nettverk ungdom - gjennomført. Nettverk miljøbehandling - gjennomført. År 1 av 2 av Pilotprosjektet Cultural planning er gjennomført som ein del av FK si LUK satsing.

Måleindikator R1-6: Planarbeid

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-6-1: vedta plansystem for kultursektoren.	R1-6-1: Dette vert knytt til kulturstrategi 2014 - 2017.

Måleindikator R1-7: Publikumsarbeid

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-7-1: Utarbeide ein felles forståing for publikumsarbeid blant institusjonane i Sogn og Fjordane. R1-7-2: Finne handlingsretta tiltak for publikumsarbeidet i Sogn og Fjordane.	R1-7-1: Gjennomført. R1-7-2: Gjennomført.

Måleindikator R1-8: Nynorskforum

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-8-1: Etablere eit nynorsk forum. R1-8-2: Markere språkåret 2013.	R1-8-1: Gjennomført. R1-8-2: Gjennomført.

Måleindikator R1-9: Filmarbeidet i fylket skal styrkast

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R1-9-1: Arrangere bransjetreff for filmaktørane i Sogn og Fjordane. R1-9-2: Inngå utviklingsavtale med Vestnorsk Filmsenter. R1-9-3: Utarbeide filmmelding for SF.	R1-9-1: Ikkje gjennomført. R1-9-2: Ikkje gjennomført. R1-9-3: Avventar felles filmmelding for Vestlandet.

Kritisk suksessfaktor R2: Verdiskaping bygt på kulturarvverdiar i fylket

Måleindikator R2-1: Ta initiativ til at kommunane kartlegg kulturminner i sin kommune

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
R2-1-1: 6 kommunar har starta arbeidet med å kartlegge kulturminner i sin kommune.	R2-1-1: Minst 15 kommunar har sett i gong arbeidet med å kartlegge kulturminner i sin kommune.	R2-1-1: 14 kommunar har kome i gong.

Måleindikator R2-2: Ta initiativ til at kommunane utarbeidar lokale kulturminneplanar

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
R2-2-1: 18 kommunar har gjort vedtak om utarbeiding av lokal kulturminneplan.	R2-2-1: Minst 15 kommunar har sett i gong arbeidet med utarbeiding av lokal kulturminneplan.	R2-2-1: 14 kommunar har kome i gong.

Måleindikator R2-3: Fylkeskommunen skal bidra i utviklingsprosjekt der kulturminneverdiar står sentralt

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
R2-3-1: Fylkeskommunen har bidrege aktivt i Kongevegprosjektet, Kystpilegrimsleia, THING-prosjektet, Ruin-prosjektet på Selja og industriarvsprosjektet ERIH.	R2-3-1: Deltaking i minst 5 større prosjekt.	R2-3-1: Deltaking i 4 større prosjekt.

Måleindikator R2-4: Arbeide fram langsiktige samarbeids/utviklingsavtaler for utvalde kulturminne/kulturminnemiljø

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R2-4-1: Inngå samarbeidsavtale med hovudaktørane i prosjektet "Kongevegen over Filefjell".	R2-4-1: Gjennomført.
	R2-4-2: Inngå samarbeidsavtale med Selje kommune, Riksantikvaren og Reisemål Stryn og Nordfjord omutvikling av Selje Kloster som kulturminne, turistmål/reiselivsprodukt og lokal verdiskapingsressurs.	R2-4-2: Gjennomført.

Kritisk suksessfaktor R3: Kompetansefremjande arbeid

Måleindikator R3-1: Bidra til utvikling og kompetanse innan kultur og helse

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
	R3-1-1: Fylkesdekkande nettverk i miljøbehandling i eldreomsorga.	R3-1-1: Gjennomført.
	R3-1-2: Fortsette arbeidet for ein vidareutdanning innan kultur og helse i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.	R3-1-1: Ikkje gjennomført.
	R3-1-3: Vidareføre prosjektet MOSAIK - kultur for betre integrering.	R3-1-3: Prosjektet er avslutta, søknad om forskning på prosjektet er gjeve.
	R3-1-4: Praksisstudentar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og Universitet i Bergen v/Griegakademiet.	R3-1-4: Gjennomført.

Måleindikator R3-2: Tilby seminar og konferansar for kompetanseheving, tilrettelegging for erfaringsutveksling og nettverksbygging

Resultat 2012

Ambisjonsnivå 2013

Evaluering/Resultat 2013

R3-2-1: Auke kommunane og skulane si oppslutning om konferansar og samlingar i regi av DKS.

R3-2-1: Ikkje gjennomført, grunna låg påmelding, men arbeidet elles går vidare.

R3-2-2: Arrangere 2-dagars konferanse om spelemidlar, mål å auke % -del godkjente spelemiddelsøknader

R3-2-2: Det vart gjennomført 3 regionale kveldssamlingar i staden.

R3-2-3: Gjennomføre fylkeskulturkonferanse.

R3-2-3: Avlyst, grunna lav påmelding.

R3-2-4: Ei årleg samling for kommunane i prosjektsatsinga "Lokale kulturminneplanar".

R3-2-4: Gjennomført.

R3-2-5: Årleg nettverkssamling for ungdomsråda.

R3-2-5: Gjennomført.

R3-2-6: Ei årleg kompetansehevande samling for kommunane om fylkesting for ungdom.

R3-2-6: Gjennomført.

R3-2-7: Tilby seminar og kurs basert på resultat frå kompetansekartlegginga blant bibliotektilsette.

R3-2-7: Gjennomført.

R3-2-8: Fire kurs/workshop i digital kulturformidling.

R3-2-8: Gjennomført.

R3-2-9: Tilby seminar, konferansar, nettverk og rettleiing innan kultur og helse, inkludert Den kulturelle Spaserstokken

R3-2-9: Gjennomført.

R3-2-10: Ungdomens Kulturmonstring, kompetansehevande tiltak og utviklingsarbeid.

R3-2-10: Gjennomført.

R3-2-11: Kompetanseutvikling innanfor arkivdanning og dokumentstyring og elektroniske arkiv for kommunane i kommunearkivordninga. Årleg kontaktkonferanse. 2-3 møte med alle kommunane.

R3-2-11: Gjennomført.

R3-2-12: Medarrangør av "Førdekonferansen".

R3-2-12: Gjennomført.

R3-2-13: 3 temaseminar om fysisk aktivitet.

R3-2-13: Gjennomført.

Opplæring - målekart

Resultat sett i høve målekart 2012

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing. **Kritiske suksessfaktorar** er dei faktorane som må til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einiskild suksessfaktor.

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ Brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Læringsmiljø*

Måleindikator T1-1: Tilpassa opplæring (elevar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Snittverdi 3,8 . Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	4,5 (skala 1-5).	Snittverdi 4,0. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Måleindikator T1-2: Trivsel (elevar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Snittverdi 4,2. Ambisjonsnivået vart nådd.	4,5 (skala 1-5).	Snittverdi 4,3. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. (Ambisjonsnivået vart oppjustert frå 2012 til 2013).

Måleindikator T1-2: Trivsel (lærlingar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Området vart ikkje målt.	4,5 (skala 1-5).	Snittverdi 4,4. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Måleindikator T1-3: Læring (elevar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Snittverdi 3,7 Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	4,5 (skala 1-5).	Snittverdi 3,9. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Måleindikator T1-4: Hybelbuarar på Vg1

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Skuleåret 2012-2013 fekk 85,7 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt. Ambisjonsnivået vart nådd.	Færrast mogleg ufrivillige hybelbuarar.	Skuleåret 2013-2014 fekk 85,0 prosent av elevane på vg1 inntak på første ønsket sitt. Dette er ein liten nedgang i høve året før. Det er flest hybelbuarar på fylkesdekkjande tilbod. Dette kan tyde på at del ufrivillige hybelbuarar ikkje er spesielt stor. Ambisjonsnivået er nådd.

Kritisk suksessfaktor T2: Læringsutbytte

Måleindikator T2-1: Karakternivå

Resultat 2012

Fylket låg over landsgjennomsnittet i 11 av 16 programfag med sentralt gitt eksamen. Det er lågare måloppnåing enn året før.

Ambisjonsnivå 2013

>landsgjennomsnittet.

Resultat 2013

Sogn og Fjordane ligg over landsnittet i 10 av 15 programfag. Ambisjonsnivået er nådd, men graden av måloppnåing er lågare enn i 2012.

Måleindikator T2-1: Karakternivå (lærlingar)

Resultat 2012

Området vart ikkje målt.

Ambisjonsnivå 2013

>landsgjennomsnittet

Resultat 2013

Av dei som gjekk opp til fagprøve i 2013 bestod 91 %. 24 % av desse bestod «Mykje godt». Det ligg ikkje føre nasjonale tal for 2013.

Måleindikator T2-2: Standpunktkarakter og eksamensresultat

Resultat 2012

Skuleåret 2011-2012 var avviket mellom standpunktkarakter og eksamensresultat på 0,24 karaktergrader. Ambisjonsnivået vart nådd.

Ambisjonsnivå 2013

Betre samsvar mellom resultatata.

Resultat 2013

Avviket er i snitt på 0,20 karaktergrader skuleåret 12/13. Avviket varierer ein del mellom skulane. Ambisjonsnivået er nådd.

Kritisk suksessfaktor T3: Spesialundervisning (elevar)

Måleindikator T3-1: Tal enkeltvedtak etter § 5-1 i opplæringslova i prosent av samla elevtal i vidaregåande skule

Resultat 2012

Skuleåret 2011-2012 hadde 8,1 prosent av elevane enkeltvedtak om spesialundervisning.

Ambisjonsnivå 2013

Prosentdel elevar som har enkeltvedtak skal ikkje vere over landsgjennomsnittet.

Resultat 2013

Skuleåret 2012-2013 hadde 8,7 prosent av elevane enkeltvedtak om spesialundervisning. Det er ein auke på 0,6 % frå året før. Landsnittet ligg på 6 %. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. (Kjelde: Utdanningsspeilet 2013, Udir).

Kritisk suksessfaktor T4: Yrkes- og studierettleiing (elevar)

Måleindikator T4-1: Fråfall grunna feilval

Resultat 2012

Skuleåret 2011-2012 kryssa 12,2 prosent av sluttarane av for at avbrotet skuldast feilval. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

Ambisjonsnivå 2013

Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot.

Resultat 2013

Skuleåret 2012-2013 kryssa 12,9 prosent av sluttarane av for at avbrotet skuldast feilval. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Måleindikator T4-2: Opplevd kvalitet på rettleiinga (elevar)

Resultat 2012

Snittverdi 3,4 (skala 1-5). Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

Ambisjonsnivå 2013

4,5 (skala 1-5).

Resultat 2013

Snittverdi 3,8 (skala 1-5) Resultatet er betre enn i 2012, men ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Måleindikator T4-3: Gjennomføring

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
(Kjelde: Ny GIV Gjennomføringsbarometeret 2011).		(Kjelde: Ny GIV Gjennomføringsbarometeret 2012 (siste publiserte tal).
Ordinær progresjon på tal elevar som gjekk frå Vg1 til Vg2 var 87,4 prosent mot 87,8 prosent i 2010. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	Tal elevar som går frå Vg1 til Vg2 skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden "Ny GIV".	Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg1 til Vg2 er 87,6 prosent mot 87,4 % i 2011. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.
Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg2 til Vg3/lære er 74,7 prosent mot 75,8 prosent i 2010. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	Tal elevar som går frå Vg2 til Vg3/lære skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden "Ny GIV"	Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg2 til Vg3/lære er 76,8 prosent i 2012 mot 74,7 i 2011 Ambisjonsnivået er nådd
Ordinær progresjon på tal elevar som går frå Vg3 er 77,1 prosent mot 79,9 prosent i 2010. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	Tal elevar som går frå Vg3 til studiekompetanse/lære skal auke med 2 prosentpoeng per år i prosjektperioden "Ny GIV".	Ordinær progresjon på tal elevar som fullfører Vg3 er 75,6 prosent mot 77,1 prosent i 2011. Ambisjonsnivået er ikkje nådd.
Det er eit nasjonalt mål at 75 prosent skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring i 2015. Vi har ei gjennomføring på 76,1 prosent i 2011 (2006-kullet). Ambisjonsnivået vart nådd.	Gjennomført vidaregåande opplæring etter 5/6 år skal auke med 6 prosentpoeng frå 2010 til 2015.	Det er sett som nasjonalt mål at 75 prosent skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring i 2015. Vi har ei gjennomføring på 74,4 prosent i 2012 (2007-kullet). Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Kritisk suksessfaktor T5: Elev- og lærlingmedverknad

Måleindikator T5-1: Elev- og lærlingrepresentasjon i lovpålagde råd og utval

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
100 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.	100 prosent (alle skulane).	100 prosent. Ambisjonsnivået er nådd.

Måleindikator T5-2: Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa (elevar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Snittverdi: 80 prosent av skulane. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	100 prosent (alle skulane).	Snittresultatet er 3,2 på ein skala frå 1-5. Resultata for 2013 er henta frå Elevundersøkinga. Tala i 2012 var eiga vurdering frå skulane. Resultata kan difor ikkje samanliknast.

Måleindikator T5-2: Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa (lærlingar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Ikkje målt.	Ikkje utarbeidd.	Snittverdi 3,4 på ein skala frå 1-5.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor R1: Opplæringstilbudet er sett i sammenheng med offentlig og privat verksemd sine behov

Måleindikator R1-1: Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal søkjarar (i målekart omtala som lærlingar)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Tal søkjarar med ungdomsrett, utan tilbod om læreplass i november 2012, var 4 prosent (22 søkjarar). Ambisjonsnivået vart nådd.	Større samsvar enn året før.	Tal søkjarar med ungdomsrett, utan tilbod om læreplass i november 2013, var 39 (8 prosent). Av desse hadde 32 søkjarar fått alternative tilbod. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

Kritisk suksessfaktor R2: Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv

Måleindikator R2-1: Partnerskapsavtalar og anna formalisert samarbeid

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Snittverdi: 4,7. Ambisjonsnivået vart nådd.	Nytteverdi >4,5 (skala 1-6).	Snittverdi: 5,0. Ambisjonsnivået er nådd.

Kritisk suksessfaktor R3: Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga med lokalsamfunn og næringsliv

Måleindikator R3-1: Lokalt næringsliv nyttar skulane i si kompetanseheving

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
4 av 14 skular (29 prosent) har gjennomført meir enn 10 kurs. Ambisjonsnivå vart ikkje nådd.	Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs.	4 av 14 skular (29%). Ambisjonsnivået er ikkje nådd.

Kritisk suksessfaktor R4: Skulane har høg utviklings- og omstillingskompetanse

Måleindikator R4-1: Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
Snittverdi 5 (skala 1-6). Ambisjonsnivået vart nådd.	Eigenvurdering ≥ 5 (skala 1-6).	Snittverdi 4,9. Ambisjonsnivået er nær nådd.

Kritisk suksessfaktor R5: Skulane har fokus på miljø- og klimautfordringane i opplæringa og i si eiga bedrift

Måleindikator R5-1: Aktivitetar og tiltak knytte til oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø i opplæringa

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Evaluering/Resultat 2013
To av åtte skular rapporterer registrert aktivitet. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	Alle skulane har minst to aktivitetar/ tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid knytt til miljøbelastning og klimautfordringane i utviklingsplanane	2 skular rapporterer at dei ikkje har særskilde aktivitetar retta mot klima og miljø. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. 6 skular er miljøfyrtårn-sertifiserte, 4 er i gang med prosessen.

Kritisk suksessfaktor R6: Entreprenørskap og nyskaping

Måleindikator R6-1: Entreprenørskap er forankra i opplæringa i samsvar med læreplanane

Området vart ikkje målt.	Entreprenørskap er forankra i all opplæring i samsvar med læreplanane	Alle skulane. Ambisjonsnivået er nådd.
--------------------------	---	---

Strategisk fokusområde: Rammevilkår/økonomi (Ø)

Kritisk suksessfaktor Ø1: Samsvar mellom mål og rammer

Måleindikator Ø1-1: Avvik i høve budsjett

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
<p>5 skular har avvik større enn +/- 2 prosent.</p> <p>8 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent.</p> <p>Opplæringssektoren samla har eit mindreforbruk på 0,5 prosent. (Ambisjonsnivå 2012: budsjettbalanse, akseptablet avvik +/-<2 prosent.)</p>	<p>Budsjettbalanse.</p>	<p>2 skular har balanse mellom rekneskap og budsjett.</p> <p>6 skular har meirforbruk i høve budsjettet.</p> <p>5 skular har mindreforbruk i høve budsjettet.</p> <p>Opplæringssektoren samla har eit mindreforbruk på om lag 1 prosent i høve budsjettet.</p>

Kritisk suksessfaktor Ø2: Økonomistyring

Måleindikator Ø2-1: Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
<p>11 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. Dei andre skulane har ikkje rapportert på dette.</p>	<p>Godt samsvar.</p>	<p>12 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap, medan 1 skule melder at dei i 2013 i liten grad har nytta årsprognose som verkty i økonomistyringa. Ambisjonsnivået er nådd for dei fleste skulane. Generelt er det bra samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. Det er likevel utfordrande å budsjettere på anslagsløyvingar som t.d. tilskot til lærebedrifter, då fylkesdirektøren ikkje kjenner talet på lærlingar/ læreandidatar som er omfatta av ordninga før året er omme.</p>

Kritisk suksessfaktor Ø3: Ressursbruk i tenesteproduksjonen

Måleindikator Ø3-1: Samla kostnad vidaregåande opplæring i skule pr. elev

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
<p>Auka kostnadsnivå eige fylke 4,8 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 3,9 prosent. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.</p>	<p>Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.</p>	<p>Auka kostnadsnivå eige fylke 1,6 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 3,0 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.</p>

Måleindikator Ø3-2: Kostnad pr. elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (adm med meir)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
<p>Auka kostnadsnivå eige fylke 6,3 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 1,7 prosent. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.</p>	<p>Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.</p>	<p>Auka kostnadsnivå eige fylke 0,3 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 2,6 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.</p>

Måleindikator Ø3-3: Kostnad pr. elev på tenesteområdet pedagogisk leing og fellesutgifter vidaregåande skular

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Redusert kostnadsnivå eige fylke - 2,2 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 4,2 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 1,5 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 4,4 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.

Måleindikator Ø3-4: Kostnad pr. elev til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Auka kostnadsnivå eige fylke 4,2 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 5,0 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 5,5 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 2,5 prosent. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

Måleindikator Ø3-5: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd studieførebuande utdanningsprogram (retta i høve målekart frå studiespesialiserande utdanningsprogram)

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Auka kostnadsnivå eige fylke 9,9 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 6,6 prosent. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -0,1 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 2,7 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.

Måleindikator Ø3-6: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd yrkesfaglege utdanningsprogram

Resultat 2012	Ambisjonsnivå 2013	Resultat 2013
Auka kostnadsnivå eige fylke 5,1 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 7,4 prosent. Ambisjonsnivået vart nådd.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 5,6 prosent. Auke i gjennomsnitt for landet 3,6 prosent. Ambisjonsnivået vart ikkje nådd.

*) Kritisk suksessfaktor T1 Læringsmiljø, måleindikatorane T1-1, T1-2 og T1-3 elevar:

Den obligatoriske elevundersøkinga vart i 2013 flytta til hausten. Vi har soleis ikkje direkte samanliknbare resultat med 2012. Elevane som svarde våren 2012 hadde nesten fullført eit skuleår då dei svarde, medan elevane som svarde hausten 2013 hadde berre nokre månader i vidaregåande skule bak seg.

Plan og næring - målekart

Resultat sett i høve målekart 2013

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing. **Kritiske suksessfaktorar** er dei faktorane som må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einiskild suksessfaktor.

Ansvarsområda til plan- og samfunnsavdelinga

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ Brukarperspektiv (T)

